

Marie Lovise Widnes

# Fragler

finst dei?

Marie Lovise Widnes

## **Fragler - finst dei?**

”Den forsømingssynd det er å teie når ein burde protestere, har gjort mang ein mann til kujon.”

Abraham Lincoln

## INNHALD

Historia om fraglene	7
Godteke av samfunnet?	7
Kystfolket, ein eigen rase?	9
Sjukelønssake, eit synleg teikn i tida!	14
Ein pestbyll på Noregs Fiskarlag	16
Karensdagane kjem	21
Rabalder på Sunnmøre	22
Orkanoffer	26
Fiskarpensjonen, nokre faktiske opplysningar.	29
Finansiering	30
Pensjonsordninga, ei gloheit potet.	31
Når bylgjene slær...	34
Omsetningsavgifta.	39
Sosialdemokraten	42
Produktavgifta.	46
Fragleberget i aksjon.	49
Kva i all verda var det som hende?	50
Faglagsavgifta.	51
Yrkesskadetrygda	53
Kan det vere fantasi og påfunn, alt det.....	55
Hemnaksjonar?	56
Ope brev til fiskeriministeren.	67
Goddag mann, økseskaft - på Stortinget.	68
Eit markeringsbehov!	74
Samband mellom fiskar og etterretningstenesta?	77
Danmarksaka.	82
Kåre Torvholm - Ein kverulant eller eit unikum?	86
Personforfylgjing?	97
Kva hende i "Salmosaka"?	100
Smedviksaka.	106
Skivebom(trål)saka.	113
Kvar endar vi til slutt?	117

## HISTORIA OM FRAGLENE.

Dette er ei historie om fraglene, eller om "hittfolket". Det er eit folkeslag som lever under overflata, i kloakknnett og i den andre verda, der vi ikkje kan sjå. Akkurat som tidlegare tiders underjordiske, kan dei skape seg om og av og til vise seg for folk, med halen og andre ekstremitetar godt gøymd under kappa, og i buksebaken. Og nett som dei usynlege elles, kan dei styre og innverke på strukturar og utvikling. Nett som hittfolket kan dei mane ulykke på folk og fe, eller velsigne dei som dei velsignar. Og i likskap med alt som har med dei underjordiske å gjere, er det vanskeleg å få folk til å tru på at dei finst.

Folk trur gjerne på lagnaden. Og dei trur så absolutt på demokratiet, men mest på lagnaden. Når demokratiet ikkje fungerer er lagnaden god å ty til. Han kan forklåre det meste, og frita for skuld og ansvar. Når lagnaden styrer, kan ein kvar sleppe å blande seg opp i noko, sleppe å ta stilling, sleppe å setje seg inn i eller fylgje med.

Rett nok hender det at gamlehunden gøyr og reiser bust, som om han ser og høyrer noko, og det hender uforklårlege ting av og til. Men å tru på "fraglene" eller på eit folkeslag under overflata av den verda vi ser, det er for fantastisk.

Og det er for fantastisk og utruleg at det kan byggje seg opp kulturar som på sida av folkestyret, dreg i synlege og usynlege trådar, og ved hjelp av eit kontaktnett av innblanda partar, med manipulering, lobbyverksemd og kammeraderi heilt opp på dei høgste politiske plan har makt over einskildmenneske og store grupper i samfunnet.

## GODTEKE AV SAMFUNNET?

Smartness i forretningslivet, snusk i skattesaker, luring og lyging til eigen fordel i konkurransen om marknad og pengar, er ikkje det godkjendte i samfunnet vårt? Svart arbeid og svart fortjeneste, omgåing av lover og reglar som kjennest urimelege eller vanskelege, er ikkje det godteke som nødvendig sjølvtekt for å overleve? Kjenner vi ikkje alle til småfusk og unnaluring, og prøver ikkje både små og store å skaffe seg fordeler både her og der? Alle veit at mykje slikt går føre seg, og få gjer noko med det. Men dei store finnalltid måtar å kontrollere dei små på, og mykje av det som vert gjort av småfolk, er berre lommerusk å nemne. For småfolk flest er gjennomsiktige som glas, og har lite høve til å lure og skaffe seg fordeler. Det er dei stor som har høve til å lage lover og regelverk, og det er dei som tolkar og praktiserer reglane som verner dei store og motarbeider dei små. Men likevel er ikkje det alt.

På sida av lovene og reglane, har dei sine underjordiske gangar og smothol, der dei på trass av og i strid med dei lovene som er vedtekne og godkjende kan drive sitt eige spel.

Alle veit at avgjerder i kommunar, fylke og Storting har tala sitt tydelege språk om at "nokon har snakka saman." Mange og sterke interesser vil at det skal vere slik. Personar med sterke kapitalinteresser sit gjerne i styre og råd og utval, i verv der dei har stort innsyn og stor påverknadskraft. Dei kan utøve si makt på ymse vis, på trass av politiske røystingar. Avtaler vert gjort i bøttekott og bak stengde dører. Og som maktmiddel kan brukast både gulerøter og truslar, både ris og løn. Den eine tenesta er den andre verd, , og dei fleste sjeler er til sals dersom løna er stor nok, eller prisen for å selje seg er for høg.

Når jobben, vervet , huset, lånet eller familien står på spel, bøyer dei fleste av. Og når gjelda di kan slettast, dersom du held kjeft om det du veit, teier dei fleste. Og har du først kome inn i eit slikt spel, er det vanskeleg å kome ut av klisteret. For då veit vi noko om deg, vi har knipetanga over nakken din. Alle veit at det er slik. Det som er skræmmande er at ingen gjer noko med det, men at desse soppkulturane får vekse som snyltarar på ein trestamme, til dess stammen er nedbroten.

Folket, denne massen som kvart anna år går til røysteurnene, er ein truskuldig rase, flestalle. Dei trur på folkestyret på lovnadene, på slagorda. Eller dei trur ikkje., men dei håpar. Slik dei håpar på eit evig liv, på ein rettferdig Gud, på at ærlegdom varar lengst. Dei trur og håpar på trass av det deiser og høyrer og røyner, for di dei vil tru. Difor kan dei banne og rakke ned på sine folkevalde mellom vala, men når vala kjem vel dei stort sett inn dei same utskjelte personane og partia, for "ein veit kva ein har, men ikkje kva ein får." Og dei teier og toler, i sær den uretten som rammar andre. Dessutan er dei for ein stor del ramma av ein nedervd flokkmentalitet, i likskap med mange andre frå dyreriket. Hjernevaska av reklame og enkel propaganda, kan dei fylgje bjøllesauene både til godt og gale. Og når bjøllesauane ikkje sansar dei underjordiske, ser ikkje flokken dei, heller. Men i kjølvatnet av understraumane, der dei usynlege fer fram, ligg det slagne og såra menneske, som direkte eller indirekte vart offer for maktspelet.

Så lenge det ikkje vert gjort noko for å bryte med desse kulturane, får dei vekse vidare.

Haldningane våre vert tilpassa systemet. Oppfatninga vår av kva som kan akseptast, endrar seg stegvis. Og systemet verkar sjølvforsterkande. "Fraglene" kan byggje nye nett, grave nye gangar, lage nye kanalar, skaffe seg kontaktar inn i media, inn i forskingsmiljøa, inn i institusjonar og i viktige organisasjonar. Opposisjonen må kneblast, og sanninga må skjulast. Og teier ikkje opposisjonen, og kan han ikkje kjøpast, kan han uskadeleggjerast på andre måtar. Han kan låtteleggjerast, gjevast eit uansvarlegdomsstempel, eller dei ansvarlege kan få rykte som yrkeskverulantar. I verste fall kan ein lage mytar om at dei ikkje er heilt rette i hovudet. Når argument ikkje strekk til, er dette den einaste måten å gjere det på. Slik sett burde forfattaren av dette skriftet sikra seg på førehand med attest frå psykiatrikar at vedkomande har vett og forstand intakt, ikkje er kommunist, eller har sterke interesser i å mjøle si eiga kake.

## KYSTFOLKET, EIN EIGEN RASE?

Gjennom århundra har kystens folk frå nord til sør vore eit slitarfolk som har livnært seg av jord og hav. Dei har slegjest mot frådande bårer og karrig steinjord. Med eit ugjestmildt verlag på ei stripe under fonnfjell har dei klora seg fast til torva og båten, og pint levebrødet opp or djupna, eller opp av bakken mellom røysane og fonnskotet.

Fattigdomen var så lengje fylgjesveinen, og slitet i dei harde kåra sette sine merke på haldningar og oppfatningar, på seder og skikkar. Ein kan nok merke skilnader frå landsdel til landsdel, også på kysten, etter dei livsvilkår og det verlag som fanst. Men sams var det, at så mange på trass av si armod, var frie folk med ein jordlapp og ein båt dei rådde over. Det var ferre verkelege "husmenn" og ferre heilt eigedomsause enn i innlandet. Utfarten til Amerika hadde nok og skuld i det.

Kystfolket visste vegen over havet. Dei som vart att, rådde over den vesle plassen sin, der dei kunne tvinge mjølk og poteter og korn opp or grunnen. Og i færingen var kvar mann sin eigen herre. Når Vår Herre let torsken bite, eller let sjøen gå stinn av sild og makrell, gjorde han ikkje så stor forskjell på fattigmanns krok og garn, og vegna til rikmannen. På trass av all utsuging og utnytting frå embetsstand og maktfolk si side, var almenningretten på sjøen sjølvsagd.

Men dei rike vart også før i tida rike ved å tilrane seg meir enn dei hadde rett til, sjølv om dei prøvde å gjere det også lagnadsbestemt.

Dei skodde seg på andre si ulukke og på deira truskuld som dei alltid har gjort. Både bibelen og lovverket tolka dei til sin eigen fordel. Den tida kyrkja og embetsfolket slo under seg så store eigedomar at folk flest sat i bygslekår rundt i bygdene, var det korkje Vår herre eller Moselova som hadde skulda, men grådige folk som brukte alle midlar for å tilegne seg felleseiga og kalle det sin eigen eigedom. Slik har det vore til alle tider, også på kysten i dette lange smale landet. Men det var mindre av det her enn i innlandet. Det fanst ein viss del av fridom. Det er skilnad på å leve i ein hønsegard, og det å vere burhøne.

Fåren ved fiskarlivet og dei karrige kåra gjorde saman med andre tilhøve, som til dømes avstandar, at folk var avhengige av kvarandre, ikkje berre av familien, men av grannar og kjendtfolk.

På dei mest verharde plassane stod husa i ei tett klynge og var til verje for kvarandre. Og der dei små hyttene stod fastklora til sprekkene mellom lyngrabbar og svaberg måtte dei halde saman. Det vart ikkje leveleg utan at ein kunne få ei hjelpande hand når ein stod hjelpelaus, kunne låne med kvarandre i eit knipetak, og søkje saman i sorg og glede. Mange er dei fiskekokene som deltest ut når lukka var god, og mange er dei tårene som kvinner har gråte saman, når forsørgjar eller søner låg att i eit umetteleg hav. Visst var der grannestridd og konkurranse. Og det fanst slarv og løgn og missunning og alt som gale er.

Men om det fanst grannestridd, fanst det også samkjensle.

Det var derimot meir sjeldant at dei store hjelpte dei små. Slike myter er det dei rike som har elska å servere, og det er sjølv eventyret om Oskeladden som fekk prinsessa og halvekongeriket, som ligg attom. Røyndommen har stort sett vore annleis, sjølv om dei velstående har ytt noko av si overflod når det høvde. Nei, dei rike vart rike for di dei ikkje gav frå seg for mykje. Difor var det størst samkjensle mellom fattig og fattig, og som dei sa heime: ”stakkaren hjelpte olmosen” (almissemottakaren). Det er ei ubryteleg sanning at den som grev til seg meir enn han et opp, kan leggje i lad, fordi andre får for lite. Og om ein grev djupt nok, ser ein at evner og ressursar, ikkje er noko ein har gjeve seg sjølv. Difor skulle det ikkje brukast til å utnytte andre. Nettopp for di skilnaden på kysten var mindre enn mange andre stader, vart det aldri det store klasseskiljet eller det store opprøret. Det kan også vere noko i det som Oddmar Remøy skriv i si semesteroppgåve, at på sjøen var alle vande til å lite heilt og fullt ut på at skipperen ville alle sitt beste. Han hadde kommando, fordi han sat med heile ansvaret. Difor lystra alle blindt. Denne lydningen overfor autoriteten var vel og fast spikra gjennom skule og kyrkje.

Då industrialiseringa kom, vart arbeidarreisinga stort sett berre småskvulp langs vestlandskysten. Nordafor, med vereigarar og nessekongar og meir temperamentsfulle folk, var menneskja meir medvitne om undertrykking og utbytting, for di dei var meir utsette. Kanskje er det difor ”hittfolket” ser ut til å ha fått friare spelerom i somme delar av kysten enn andre, for di det har vore betre grunn å grave i og lettare å skaffe seg nettverk mellom dei som streva for å kome seg opp.

Og den sjølvveigande fiskar og småbrukar fekk ikkje auge på desse nettverka, for di hønsegarden var stor nok til å spøne og sparke i og finne seg ein makk for eiga hand i ny og ne.

I tidlegare tider, før industrien kom til oss, var jordbruk og fiske ryggrada og grunnpillaren vår. Den likskapen som prega folk, med etter måten små skilnader mellom fattig og rik, sette sitt preg på både haldningar og samkome. Vi på Nordvestlandet har sett dette gjennom alle år. Ein gjekk saman i kyrkje og forsamlingar, i danselokale som i bedehus, stod i same songkoret og i same fråhaldslosjen og ungdomslaget. Då industrien tok til å byggje seg opp, var det mest i det små fødselen føregjekk. Dei fleste verksemdene vart starta opp av eit par kameratar, ein mann og sonen, eller av ein familie eller to. Slik var det oftast med dei som etterkvart skaffa

seg litt større båtar, og. Notlag eller båtlag eller kva det var, det var mykje spleise og dugnadsånda som rådde. Dei verkeleg ”store” var så få. Og sjølv om lensmann og prest og handelsfolk, ja til og med ein stakkars skulemeister, hadde sin status, var bygdefolk stort sett jamngode, og såg korkje opp eller ned på kvarandre. Dei lutfattige var også få. Havet var like farleg og like kjærkome for alle. Øvrigheta var ein motpart, men ho var ikkje så talrik. Dette har langt opp gjennom nytida prega både organisasjonslivet og dagleglivet, språket og kulturen.

Det vart difor naturleg, når livsgrunnlag og interesser vart truga, at yrkesinteressene gjekk saman i strevet for si eiga sak, mot ytre fiendar som ein såg. Dette er vel også forklaringa på at fiskarforeiningane og seinare fiskarlag samla fiskarar av alle kategoriar under same hatten. Dei ytre motpartane var oppkjøparar, vøreigarar, embetsfolk og styresmakter. Fiskarane, som anna folk, var glade for at folk med ressursar, som hadde tid og pengar og var taleføre og skriveføre, vart talsfolk og stod for styringa av organisasjonane. Så lenge motsetningane ikkje var større enn at kunne klårast opp i ein diskusjon og ei handsopprekning på eit årsmøte, sat båteigarar og leigekarar i same laget og rodde bra i takt.

Men for dei som såg det utanfrå, frå industriarbeidaren på Austlandet sin ståstad, og for den saks skuld, for arbeidarkvinna frå Sunnmøre, fortona det seg merkeleg at dette kunne vere under dei endringar som vart i samfunnet.

Fagrørsla hadde dårleg fotfeste på Sunnmøre, også i verksemdene på land, langt gjennom etterkrigstida. Men der fagforeningar vart stifta, var dei ein motpart til arbeidsgjevarane. Det kosta ofte mykje å vere organisert, fordi motstanden frå bedriftseigarane var så sterk, og det ville vere utenkjeleg at sjefane skulle sitje i same fagforeininga som arbeidsfolka. I Noregs Fiskarlag o i dei lokale fiskarlag har dette likevel vore slik. Heilt til denne dag. Ja det har vel etterkvart, ved kollektiv innmelding av gruppeinteresser som t.d. Fiskebåtrederne Forbund o.a. vorte ei overvekt av sterke særinteresser. Desse har hevda seg gjennom styreverv og representasjon på årsmøte og landsmøte. Men dei har og gjennom andre kanalar og med dei nettverk eg før har omtala, sytt for å fremje sakene på sin eigen måte.

Etter som industrialiseringa har gått sin gang, også innanfor primærnæringane, og sentraliseringa med den, har kapitalen samla seg på ferre hender, og interessemotsetnadene har vorte meir og meir synlege innanfor fiskarorganisasjonane. Dei store og moderne båtane krevde store investeringar. Moderne teknologi gjorde det mogleg å drive effektivt og fiske i område der dei mindre båtane ikkje kunne kome til. Det vart høgare tempo og mindre mannskap. Ja det vart mogleg å tømme havet for ressursar. Det var då motsetningane for alvor viste seg. Politikarane måtte ta stilling til det som føregjekk. Dei kom sjølv sagt mykje for seint inn her, som dei oftast gjer. Profetisk evne er sjeldan vare hjå den folkesorten. Ein annan ting er at viljen til å ta styringa ikkje er så stor, den heller. Og skal dei styre, er det lettast og mest kostnadslaut å styre og regulere dei små., og spele på lag med dei store. Det er trass alt snakk om store verdjar. Og ein enkel tenkjemåte som gjer seg gjeldande er nettopp den at om ein effektivt kan produsere mest mogleg på kortast mogleg tid, og med minst mogleg arbeidskraft, løner det seg, sjølv om det skulle gå ut over arbeidsplassar, ressursar, busetnad og omsyn til dei små i ei næring. Arbeidskraft er til for å flyttast, skuvast inn og ut etter som det tener eit overordna mål, nemleg profitten. I ein slik samanheng vert omsynet til miljø og ressursar, også dei menneskelege, lett sette til side. Sildeeventyret som ikkje ligg så langt tilbake i tid, og rovfisket på lodda, var kanskje det som, då det tok slutt, opna augo på mange. Men her som så ofte elles var ein for seint ute, og hadde late seg forblinde (som fiskarane sjølve) av at ein kunne ta opp så store verdjar på kort tid i sesongane.

Ein kan verte freista til å samanlikne med kappspringinga det somme stader har vorte for å få tak i skogsbær. Jakta i molter i område der det er lite og mange om beinet, har ført til mykje rart. Ein stad hadde likegodt nokre påhittige sjeler teke med seg ljaen og slege moltemyra og fylt ”grøda” i sekkar. Molta treng etter seiande, sju år før ho veks opp att.

Det er den same ånda som alltid svever over vatna, når det luktar pengar. Då tenkjer ein lite samfunnsøkonomi på lang sikt. Grunngevingane offisielt er også dei same: Landet treng kapital, landet treng arbeidsplassar. Verdiane og arbeidsplassane vert skapte av kapitaleigarar og arbeidsgjevarar. Og når så interessentane sat så godt plasserte i apparatet, som medlemmer i styre og råd, som ordførarar og fiskarlagsleiarar, i bankar og forsikringsselskap og i det politiske toppsjiktet, og gjerne i mange slike verv og ombod på same tid, korleis skulle ein vente nokon annan fiskeripolitikk enn den som har vorte ført? Om råfisklova og konsesjonslovene har hindra og bremsa utviklinga til ein viss grad, er det så mange lure svingar ein kan gjere, medan ein ventar på at også desse hindera kan fjernast. Dei underjordiske dreg i trådane og agerer lagnad.

Den eine fadesen har avløyst den andre, når overinvesteringar vart gjort og naturressursar vart øyde og snøyde.

Men sentraliseringa har ikkje gjeve fleire, men ferre arbeidsplassar både på land og sjø. For kvar større verksemd som vart etablert, var det nokre små verksemdar mindre. For kvar stor arbeidsplass som kom, vart utkantar nedbygde og folk samantrykte i tettstader og byar. For kvart supermarked vi fekk, døyde det nær- og småbutikkar som hadde fødd ein eller to familiar. For kvart bruk som vart tilleggsjord, flytte fleire bort frå bygda. Og dei som vart store og sterke i denne prosessen, fekk styresmaktene si hjelp og deira velsigning til å danke ut dei mindre. Reguleringar og kvoteordningar, finansieringsordningar og skattar og trygder fylgde det omvende Gjest Baardsen-prinsippet. Ein tok frå dei små og gav til dei store. Det gjorde tempoet i sentraliseringa endå større.

Visst var det nødvendig med økonomisk vekst inn til ei viss grense. Det har vi alle sett på som bra. Det var også nødvendig å betre tryggleiken i eitt av dei fârlegaste yrka vi har. Og ikkje minst har det vore viktig å lette noko av slitet med dei fordelene som nyare teknologi har skaffa oss.

Problemet er at ein ikkje har sett fårene som lurte, så ein kunne bremse i tide og finne balansen, og både verne om og fordele ressursane og ta vare på både naturen og menneskja. Kor moge eit samfunn er, ser ein på om folket kan bestemme seg for at no er det nok! Det vert så alt for mange taparar i eit system der konkurransen er den viktigaste drivkrafta. Og før ein veit ordet av det er alle taparar. For ettersom dei veikaste vert danka ut, vert dei nestveikaste dei veikaste. Og når dei store har ete dei små, går dei laus på kvarandre. Dette er ikkje berre ei norsk utvikling, men ei lovmessig utvikling i dei land der kapitalismen uhemma har fått breie seg. Øyding av ressursar, rovdrift på menneskje, overproduksjon av varer, og opphoping av pengar på ferre og ferre hender, som så endar opp i fusjonar og påfylgjande konkursar, arbeidsløyse og samanbrot, er synleg over alt.

Men i staden for å demme opp for og motverke skadene her i landet, har ein skuva på lasset i unnabakke, fordi det er lettast. Difor må no dei siste bremsane setjast ut av funksjon, konsesjonslover og råfisklov med mykje meir, desse lovene og reglane som har halde oppe busetnaden i grisgrendte område, og sikra ein viss likerett mellom folk. Sterke krefter vil ha omsetlege kvotar. Lønsemda i fiskeflåten må betrast, heiter det.



Pengar gjev makt, og det har blitt mykje pengar i lommene på dei som har sete på toppane. Og i kjølvatnet fylgde det ein vekst av fusk og snusk og fanteri. Det er også ei naturleg fylgje av at egoismen, ikkje solidariteten, skal vere drivkrafta.

Fattigfolks puslete freistnader på å tyne nokre kroner ut av samfunnets sparegris vert hardhendt slege ned på. Innstrammingar og nedskjeringar og reguleringar og kontroll av sjuke og uføre, einslege forsyrjarar og pleietrengjande gamle, er tragikomiske, når ein tenkjer på kva dei som har makt og råder over dei verkelege store pengelada, kan spele seg med. Men slike tiltak mot dei små vert sette i verk, nådeløst.

Trygdehelsen er eit effektivt våpen i så måte. Og kvar gong slike hetskampanjar vert sette i gang av dei underjordiske, varslar det nye tilstrammingar og at ein legg lista for å få sosiale ytingar, eit hakk høgre. Vi kjenner så vel til, korleis somme av dei folka som har sete som utøvarar av lover og reglar i lokalsamfunnet, i trygdekontor og sosialkontor, i likningsvesen og andre viktige "vesen", så mange gonger har sett si ære i å vere nidkjære for å spare det offentlege for utgifter. Ja, av og til skulle ein tru at dei måtte skrape desse midlane av sin eigen kropp.

Det er vel slik at det er hauk over hane, og at dei har sine pålegg og sine budsjett. Og det er så mange gode menneskje, som gjer det dei kan og meir til for å hjelpe folk i ein vanskeleg situasjon. Men det finst også dei som av personleg legning eller politisk overtyding, eller for di dei er medspelarar i dette fragile livet, eller rett og slett fordi dei liker å utøve makt, har gjort tilværet uuthaldeleg og lagt tunge steinar til børa for dei som har hatt det rikeleg tungt nok frå før.

I staden for at vi trudde, idealistiske og blåøygde som vi var, at vi var på veg mot eit meir rettferdig samfunn med betre utjamning og ei forbetring av moralen når det gjaldt våre veikaste grupper, har ein dei seinare år laga større skilnader og gjort gjerda høgre for dei som treng hjelp. Og medan veks lønene for dei som sit i toppane, og soppkoloniane breier nettverket sitt under overflata.

Vedunderlege nye verd. Vedunderlege demokrati. No er det berre EF-medlemsskapet igjen, så er ein på opplauingssida og har målet i sikte. Grunnen er godt førebudd.

## SJUKELØNSSAKA, EIT SYNLEG TEIKN I TIDA!

Sjukelønssaka, der fiskarane fekk seg påtvinga 14 dagars karenstid for di Stortinget var "feilinformert", er velkjend i fiskarmiljøa (Karensdagar = ventedagar før ein har rett på sjukeløn). Saka er eit døme på korleis ein kan byggje opp eit lovforslag misstenkjeleggjering og lause påstandar. Denne gongen gjaldt det ei einskild yrkesgruppe. Denne saka viser og at Stortinget viljug let seg desinformere, når eit fleirtal i den folkevalde forsamlinga har dei same interessene som dei som feilinformerer. Manglande informasjon er også ei form for feilinformasjon. Desse politiske kreftene grip til desinformasjon og uprova påstandar for å grunnje sine framlegg. Dei same framgangsmåtane har vore brukte ved mange fleire høve, i sær dei siste åra, når innstrammingar i trygdesystemet på fleire felt har ramma dei veikaste gruppene, som sosialhjelpsmottakarar, uføretrygda, kvinner med såkalla "diffuse" lidningar, einslege forsyrjarar, med fleire.

Då fleirtalet i Stortinget vedtok den fatale sjukelønsordninga for fiskarane i 1984, var det knapt nok på grunn av feilinformasjon, men fordi sterke politisk krefter i samarbeid og samråd med næringsinteresser som sat i sterke og leiande posisjonar i frå fiskarlag og departement har vore og er interesserte i å svekke sjukelønsordninga i det heile. Dette skjønar vi for di det stendig kjem nye åtak på denne lova. Årleg vert det sett fram forslag om

karensdagar for alle arbeidstakarar. Desse politiske kreftene fann ein innfallspott her, ein stad der dei kunne ta til å rekke opp og nøste.

Men med rett og nok informasjon og dokumenterte opplysningar som viste eit anna bilete enn ryktemakeriet i proposisjonen, ville desse kreftene i Stortinget ikkje hatt rimeleg grunn til å vedta lova. Og opposisjonen ville hatt så mykje sterkare våpen.

Sjukelønsordninga, slik ho er i dag, med full løn frå første dag for alle arbeidstakarar, ville aldri ha overlet til no, om ikkje det mektige og talrike LO hadde stilt seg bak den. Når det gjaldt fiskarane, hadde ikkje deira leiarar den same interessa. Karensdagane ramma ikkje fiskebåtreiarar og andre toppar innanfor fiskarorganisasjonane, tvert i mot. Den ramma vanlege fiskarar, som knapt nok hadde tid og råd til å vere sjuke, utan når det gjekk på livet laust, og knapt nok då, og som kanskje venta til dei kom i land til å søkje hjelp for sine plagar. Men frå dei som vakt burde vere, vart motstanden heller lunken. Ja, påstandane om at det vart snakka med fleire tunger, og at sentrale folk i fiskarmiljøa var rådgjevarar for departement og regjering, er vel såpass dokumentert at ein ikkje kan tilbakevise det.

Heile saka luktar utruleg vondt, og er eit døme på korleis dei underjordiske kreftene fungerer: Informasjon vert halden tilbake, rykte vert spreidde, opposisjonen vert knebla og iheltagd. Dei som ikkje føyer seg vert ekskluderte og sparka.

Dokument vert borte, og i verste fall kludra med. Og der sit medlemene i laga, dei som skulle vere "folkemakta", og svell unna både myhankar og kamelar, og har ikkje mod eller mannskap til å ta parti med offera og krevje opprydning, og går i staden over til motparten og ropar som i "hine hårde dager": "Krossfest!"

Dei fiskarane som til dags dato har fått nytte og glede av at "offera" ikkje gav seg, men skaffa fram dokumentasjon og informasjon, slik at Stortinget i 1987 gjorde om vedtaket og oppheva lova, viste ikkje mykje solidaritet med sine egne.

Kvar var dei då Kåre Torvholm og sju andre medlemmer frå Indre Herøy Fiskarlag og Sandsøy fiskarlag vart ekskluderte og kontorsjef i Noregs Fiskarlag, Arne Kremmervik, vart sparka? Kvifor viste dei ikkje solidaritet med sine egne yrkesbrør, i staden for å teie, eller medvite stille seg på makta si side?

Kven var det benkeforslaget om eksklusjon kom frå, og kven var den eine rettferdige som røysta mot på møtet? Og kva var grunnen til blindskapen? Var det redsle og feigskap, eller var det likesæle og dumskap? Kva er det som styrer folk ved slike høve?

## EIN PESTBYLL PÅ NOREGS FISKARLAG.

Stortinget gjorde i 1984 vedtak om å endre sjukelønsordninga for fiskarar. Det var fleire endringar, men den som vart mest lagd merke til og som fekk så stor merksemd, var lova om 14 karensdagar, ventedagar, før fiskarane kunne få sjukeløn, dersom dei vart sjuke i ein friperiode. Det ville i røynda seie at dersom ein fiskar braut foten eller fekk hjartefarkt når han steig i land etter vekers fiske, måtte han vente i 14 dagar før han fekk sjukepengar. I proposisjonen, Ot.prp.nr 7 (84/85), vart det sett fram påstandar om stort bruk av sjukepengar mellom fiskarar. Der stod det uttrykt slik:

”Undersøkelser i fiskerikommuner om sykemeldinger i arbeidsfrie perioder blant fiskere viser at en forholdsvis stor del av sykemeldingsperiodene faller sammen med friperiodene og at denne tendensen er stigende.”

Ein annan av påstandane var, som det stod uttrykt, at ”ein del trygdekontor” hadde problem med å rekne ut fiskarane sine sjukepengar etter 25 %-regelen som då gjaldt, og at ”mange fiskarar” var misnøgde med dei utrekningar som vart gjort. Når ein veit at det ikkje er så overveldande stort tal av trygdekontora som har med fiskarar å gjere, var det vel på sin plass å spørje slik Kremmervik gjorde: ”Kor mange er så ein del av desse?” Og når mange fiskarar ved denne delen av trygdekontora var så missnøgde, kor mange var det, når ein visste at berre 0,9 % av dei sjukmelde fiskarane kom i kontakt med denne ordninga?

Denne 25 %-regelen gjaldt for næringsdrivande, slik at det vart rekna ein snitt av dei tre siste åra si inntekt, for å fastsetje sjukepengegrunnlaget. Men dersom siste gjeldande årsinntekt hadde vorte 25 % over dettegjennomsnittet, var det denne inntekta som skulle gjelde. Denne regelen var til fordel for dei fiskarane som t.d. hadde hatt dårleg inntekt eit år eller to, men som så fekk ein betre periode med god inntekt, og så vart sjuke. No vart denne regelen fjerna, og ein snitt for dei siste åra vart lagd til grunn for sjukeløna: Dette kunne vere drastisk for fiskarar som på grunnlag av betra inntekt sette seg inn for hus og heim, og så brått vart sjuke eller skadde seg. Alt før lova kom, hadde fleire fiskarar i Herøy hatt problem, for di det vart sagt at 25 %-regelen ikkje gjaldt for fiskarar. Vi veit om fleire som har fortalt at dei i 83 og 84 fekk høyre dette. Når dei så la fakta på bordet om at regelen gjaldt, fekk dei etterbetalt, til dels store summar.

Misstanken mellom fiskarane om at også dette utspelet hadde sitt utspring i Herøy, for di ein hadde praktisert på ein måte som ikkje var heimla i lov, og no trong ein heimel, var nok ikkje minst grunna i dette. Dette var Arne Kremmervik også inne på i sitt notat til Troms Fiskarfylking etter at han vart oppsagd, eit notat vi skal sjå litt meir på. Men, som Kremmervik, må ein spørje seg sjølv om det ikkje hadde vore ein utveg, i staden for å endre lova, å sende nokre sakshandsamarar ved desse ”ein del” av trygdekontora på eit lite kurs i utrekning og informasjonsplikt. Og missnøyen var vel ikkje mindre når 25 %-regelen vart borte?

Kvar desse såkalla ”undersøkelsene” i ein del fiskerikommunar kom frå var på ingen måte dokumentert i proposisjonen. Noregs Fiskarlag v/Arne Kremmervik skreiv og prøvde å få ut det grunnlagsmaterialet det var bygt på, når det gjaldt dei nemnde påstandane. Dei fekk ikkje svar på det Her stod det eigentleg svart på kvitt i proposisjonen, at fiskarar brukte sjukelønslova for å skaffe seg inntekter den tida dei var i land.

I avisa ”Vestlandsnytt” i Herøy, kunne ein i januar i 1982 lese at medlem i fiskenemnda, Reidar Remøy, gjennom Herøy fiskerinemnd tok opp spørsmålet om ei systematisk gransking av helsetilstanden mellom fiskarane i Herøy. Etter seiande skulle då utebetalingane til herøyfiskarane ligge langt over gjennomsnittet elles i landet, og langt meir enn fiskarane i grannekommunane hadde fått utbetalt. Reidar Remøy stadfeste overfor avisa at det vart arbeid med å få til ei allmenn gransking av helsetilstanden. Dette vart det visst aldri noko av. Men det hadde lange vore påstandar om overforbruk av sjukeløn mellom fiskarane, ikkje minst var dåverande trygdesjef i Herøy, Josten Warholm, ivrig i å forfekte dette. Dåverande kommunelege, Bjørn Martin Aasen, skulle også ha gjeve til kjenne at han var for karensdagar, og samd i at det var stort forbruk av sjukepengar. Om han gav uttrykk for dette gjennom avisene, veit vi ikkje, eller om det berre var munn til munn-utsagn ryktet gjekk på. Men Warholm hadde både avisinnlegg og statistikkar i ”vestlandsnytt”, og det er litt morosamt no i ettertid å drage inn desse avisartiklane. Når påstandar om slikt missbruk vert

framsette av folk med innsides kunnskap om personar, slik lege og trygdesjef hadde, verkar det sjølvsagt svært overtydande på folk.

Det skal ikkje svært mange langtidssjukemelde til i ein kommune, før den gjennomsnittlige utbetalinga aukar, og har den sjukmelde hatt god inntekt, og får ein etter måten høg sats, verkar det i same leia. Samanlikna ein dessutan med landarbeidarar, kom dei første 14 dagane der ikkje med i statistikkane, ettersom dei to første vekene der vart betalte av arbeidsgjevar. Men dette er ikkje alltid føremålstenleg å snakke om i slike høve. I "Vestlandsnytt", 24. august 1984, gjekk Petter Torvholm i rette med trygdesjefen, der han mellom anna viser til at grunnsummen i folketrygda vart sett opp, og at det var ein auke i pensjonspenga til fiskarane, slik at dette var faktorar som auka sjukepengegrunnlaget.

Trygdesjefen svara med eit innlegg der han meinte rapporten frå distriktshøgskulen, den såkalla DH-rapporten, berre var "eit studentarbeid". Han viser til at statistikken fortel at trygdeforbruket i Herøy var større mellom fiskarane, enn mellom fiskarane i andre kommunar. Og han nektar å vere med på vidare "avispolemik", då han har "andre og meir konstruktive saker" å ta seg av.

Men alt så tidleg som i 1982 hadde han i intervju med den same avisa samanlikna fiskarane sine utbetalningar med landarbeidarane sine, utan å ta omsyn til arbeidsgjevardelen. Også i 1983 var det intervju med Warholm i "Vestlandsnytt", der han uttalar at det var sterk auke i utbetalingane, trass i sparetiltak som var lagt opp til av Rikstrygdeverket. Warholm var såleis sterkt aktiv på denne fronten. Men mest interessant er det å lese at i 1984, den 29. november, på den tid sjukelønsendringa gjekk gjennom i Odelstinget, lanserte trygdesjefen, på årsmøte i Fosnavåg Fiskarlag, ein ide om samarbeid mellom fiskarane og trygdesjefen. Og i avisa står det slik å lese:

"han kom i den samanheng med framlegg om å opprette ei rådgjevande sosialnemnd av fiskarar for å hjelpe trygdesjefen i hans arbeid innan Trygdeetaten og **overfor Departementet** når det gjaldt praktisering av nye lover og reglar. Vidare vil ei slik nemnd vere til god nytte i hans arbeid som **rådgjevar overfor dei same styresmakter**, i eigenskap av trygdesjef i landets nest største fiskerikommune." (utheva av forf.)

Norges Fiskarlag vart invitert til møte med sosialdepartementet, og der var Arne Kremmervik til stades. Han fortalde til "Sunnmøre Arbeideravis" at det der vart hevda "...at man visste om mange saker, og at opplysningane om disse saken kom fra trygdesjefen i Herøy, Jostein Warholm. Og at disse opplysningane var det man hadde å bygge på."

Warholm gjekk ut og nekta på kniven, og sa at dette var teke rett ut av lufta. Men i så fall, meinte Kremmervik, var Sosialdepartementet feilinformert av Rikstrygdeverket, noko som også innebar at Noregs fiskarlag var blitt feilinformert. "Mange spør seg nå hvorfor den politiske ledelsen i sosialdepartementet og rikstrygdeverket skulle finne på å påstå at de bygger på opplysningar fra Herøy trygdekontor, dersom det ikkje er tilfellet", avsluttar Odd E. I stad i "Sunnmøre Arbeideravis".

Ordføraren i Herøy, høgremannen Charles Remø, som var landsstyremedlem i Noregs Fiskarlag, og hadde ei rekke andre verv, har seinare vorte utpeikt som arkitekt for lova om karensdagane, og det har vorte påstått at føreskriftene til lova vart fabrikkerte av trygdesjef Warholm. Etter alt det bråket som vart kring vedtaket i odelstinget, og med dei skuldingane mot namngjevne personar som her er nemnt, skulle ein tru at desse personane som fekk slike påstandar mot seg, ville prøve å reinvaske seg, dersom dei hadde reint mjøl i posen. Men bortsett frå spreidde avisinnlegg, vart det aldri gjort freistnad på det. I staden vart opposisjonen prøvd knekt, så langt det let seg gjere. Det var heller ikkje rart at reaksjonane vart såpass sterke. Ikkje berre førte den nye lova til tap for mange, og vart bygt på

misstenkjeleggjering av ei yrkesgruppe, men mange i Herøy kjende det vel som eit svik, dersom deira eigne bygdefolk og tillitsfolk i fiskarlaget var ute og skjemde sitt eige reir, og motarbeidde fiskarfolket sine møysameleg tilkjempa rettar.

Det hadde vore vandelaust å fått alt saman etterrøkt, om det hadde vore ynskjeleg. Det ville reinsa lufta. Når dette ikkje vart gjort, og sjølv dei sterkaste påstandane i avisene, og dei mest groteske rykte fekk stå uimotsagt, tyder det på at det låg ein hund nedgraven ein stad. Dessutan sanna sosialdepartementet seinare, og også sosialminister Heløe, at påstandane om kven som var snikkarar av lov og forskrifter, var rette, sjølv om han i 1985 uttala til avisene at Warholm hadde reint mjøl i posen. Litt rart er det å lese at Warholm i "Sunnmøre Arbeideravis", etter at lova tok til å verke, gav uttrykk for at fiskarane var godt nøgde med lova. På spørsmål frå Odd E. I stad om han står fast ved sin tidlegare uttale om at fiskarane var godt nøgde med lova, svarar han i fylgje avisa: "Det gjør jeg. De er fornøyd med gjennomføringa av den. Ingen som har vært innom kontoret her i Herøy har vært missfornøyd, sa Warholm i intervju med Einar Lindbæk i same avisa at "det skrives mye rart i denne saken og Sunnmørsposten misforstod meg helt når de siterte meg på at fiskerne er fornøyd med den nye sykkelønsordningen, sier trygdesjef Warholm."

Altså måtte "Sunnmøre Arbeideravis" og "Sunnmørsposten" misstydd trygdesjefen dersom avisnamnet ikkje er feil.

Kontorsjef Arne Kremmervik i Noregs Fiskarlag vart på eit møte i Fosnavåg 3. mai 1985, spurt om han visste kven som hadde laga føreskriftene. Han spurde då Charles Remø om han kunne få lov til å seie det, men Remø svarte nei. Dette tyder på at både Arne Kremmervik visste kven som hadde laga dei.

Når så Arne Kremmervik i eit intervju i "Sunnmørsposten" 24. oktober 1987 sa at feilaktige opplysningar frå kjelder på Sunnmøre med innsikt i fiskerinæringa var den direkte årsaka til at fiskarane to år før fekk ei dårlegare sjukelønsordning, er det ingen stor grunn til å tvile på at det var slik.

Då lova vart oppheva i 1987, skulle ein så tru det vart stilt. Men mange meinte at Noregs Fiskarlag ikkje hadde arbeidd særleg aktivt mot lova, og at dei hadde halde tilbake viktige dokument som kunne endra Stortinget si avgjerd i 84. Den rapporten vi nemnde tidlegare, som fire elevar ved Distriktshøgskulen hadde laga, og som motprova påstandane i proposisjonen, kom ikkje sakshandsamaren i Noregs Fiskarlag, Arne Kremmervik, i hende før i første delen av desember. Arne Kremmervik seier sjølv at den første gongen han omtala rapporten i notat var den 20. desember 1984, etter at vedtaket i Odelstinget vart gjort.

Rapporten var send til avdelingar i Noregs Fiskarlag alt i august 1984, samstundes som Charles Remø som landsstyremedlem fekk overlevert eit eksemplar av Petter Torvholm på møtet i rådhuset i Herøy. Arne Kremmervik seier i intervju i "Lofotposten" i 1988, at hadde han som sakshandsamar fått desse opplysningane i hende hadde ei lovending ikkje kunne kome på tale, fordi ein då hadde kunne informere Stortinget om at påstandane i proposisjonen ikkje var rette. Det ville gjeve opposisjonen argument, som dei ikkje fekk, før det var for seint.

Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti røysta mot endringa i 1984. Det er likevel å merke seg at sjølv om AP overtok regjeringmakta i 1986, gjekk det lang tid før lova vart omgjord, og då hende det etter at SP-representanten Gudmund Restad tok saka opp i ein interpellasjon. Og opphevinga kom nettopp for di det kunne provast at påstandane om missbruk berre grunna seg på lause rykte. Men Restad venta fem månader på svar på interpellasjonen.

Det er ikkje den einaste gongen slike lause rykte har vorte brukte som argument for å endre lover. Vi har sett det fleire gonger at rykte har vorte spreidde om misbruk av trygdeordningar. Når så rykta er spreidde, leitar ein med lys og lykte for å finne døme på slikt misbruk, utan å gjere grundige undersøkingar som kan få fram den heile og fulle sanninga. Det er sjølvstundt mogleg å finne einskildtilfelle, der det medvite eller umedvite kan ha vorte betalt ut for mykje trygd, eller at dei som ikkje har hatt rett til stønad har fått det. Men når slike einskildtilfelle vort brukte som grunn for å endre ei lov, slik at det forverrar situasjonen for heile grupper i folket, er det både synd og skam. Men dersom det også er slik at ein fabrikkarer prov, då er det underjordiske krefter i sving som ikkje har noko med demokrati å gjere. Då er det maktmissbruk.

## KARENSDAGANE KJEM.

Sjølvstundt var det kritiske røyster som prøvde å arbeide mot at lova skulle verte vedteken. Fiskarane var i harnisk over forslaget, og Noregs Fiskarlag gjekk mot, i alle fall offisielt. Det har seinare vore sagt at motstanden ikkje var særleg heilhjerta, og at styret forsvarte lova, når ho først var vedteken. Det var under denne saka at interessomotsetningane i Noregs Fiskarlag verkeleg vart synlege. Og all den turbulensen som då vart skapt, vart eit ulivsår som aldri har grodd, sjølv om det tilsynelatande har lagt seg skorpe på såret. For det var gjennom denne saka det verkeleg tok til å kome fram underlege og uforståelege ting.

Sjølvstundt kan det tålast mykje usemje i ein organisasjon, før det vort sprekk. Men her vart det reine jordskjelvet med påfylgjande vulkanutbrot. Dette har også mykje med den måten denne usemja vart takla på. Ikkje minst i Sunnmøre Fiskarlag, viste leiinga etter underskrevne si meining ei utruleg maktarroganse og ein mangel på innsikt i vanleg organisasjonskultur som ein nok må gråte over, men som av og til kallar på gaplåtten.

Ein kan vel lettare godta både uprofesjonell tale og skrift frå menige medlemmer, og i sær innafør eit yrke som held utøvaren i hardt kroppsleg arbeid på eit voggande båtdekk store delar av året, enn ein tilgjev industrileiarar, administrasjonsfolk i sentrale verv i store organisasjonar og andre velskolerte menneskje, klønet og vulgær framferd, der dei missbrukar sin posisjon for å teie opposisjonen i hel, eller for å demonstrere makt.

Rapporten frå dei fire elevane ved Distriktshøgskulen i Volda "Fiskarar og sjukepengar", konkluderte på ein heilt annan måte enn Ot.prp.nr 7. Den undersøkinga desse fire elevane hadde gjort, og samanlikna bruken av sjukepengar i fem kommunar og mellom ulike verksemdar, viste at til så hardt eit yrke å vere, var det ikkje noko uvanleg stort forbruk. Professor per Fugelli, som hadde vore "fiskarlege" på Værøy og Røst, uttala seg og på fiskarmøte og i pressa, og forsvarte fiskarane. Han hadde røynsler frå fiskarmiljøa nordpå, og skildra både kor hardt yrket var, og korleis fiskarane stod på, sjølv om dei under fiske kunne feile eitt og anna. Han meinte det var meir underforbruk enn overforbruk, og at fiskarane sin ståpåvilje og solidaritetskjennele med båtkameratane, gjorde at dei heldt ut med plager, som på ein måte lagra seg og forverra seg under turane.

Men då lova først var vedteken, var det som om alle protestar frå Noregs Fiskarlag vart roa ned. Og i Sunnmøre Fiskarlag var det på same måten. Og hadde ikkje nettopp Indre Herøy hatt folk som var halstarrige nok ikkje å gje seg på det dei meinte var ein himmelropande urett., ville knapt informasjon ha kome ut til medlemmene, og skapt den motstanden som måtte til for å få lova gjort om til slutt. Gjennom samarbeid med meiningsfrendar nordpå, heldt dei fram med å informere og samle materiell.

Rapporten frå distriktshøgskulen vart trenert og halden brote frå dei som kunne ha brukt den for å hindre innføringa av karensdagar. Mykje av bikkjeslagsmålet som sidan vart, skreiv seg nettopp frå usemja om denne rapporten og kven som hadde fått den i hende og til kva tid. Det vil føre for langt her å ta inn alt det som hende i turbulensen etter at Ot.prp.nr 7 vart kjend, og ikkje minst etter at lova vart vedteken i Odelstinget 29. november 1984. Ordførar i Herøy, Charles Remø, roa ned fiskarane med ein uttale i "Fylket" 20. desember, der han sette si lit til at Stortinget nok ikkje ville la ei slik lov gå gjennom. Men då var lova alt vedteke i Odelstinget.(!)

Trudde Remø verkeleg at lova først skulle vedtakast i odelstinget og så etterpå behandlast i Stortinget, eller var dette rein sovemedisin for opposisjonen? Charles Remø var også ute seinare, seiest det, og meinte at fiskarane burde ha karensdagar.

Det kunne vel han som høgremann meine, men det er ei heilt anna sak for ein framstående fiskarlagsmann å gå ut i pressa med uttalar som strir mot vedtak i den same organisasjonen.

Men som sagt, ufreden gav seg ikkje med at lova vart klubba gjennom. I Ulsteinvik vart det tillyst eit allmannamøte i fiskarlaga frå ytre søre regionen den 27. april 1985. Dei ynskte då å få folk frå sentrale ledd i organisasjonen til å orientere om lova, som skulle ta til å verke frå 1. mai. Dei ynskte vel og å få gje uttrykk for sine protestar mot ei lov som dei meinte diskriminerte dei som yrkesutøvarar. Etter som forfattaren har fått seg fortalt, og som presseklipp og brev viser, hadde arrangørane vendt seg til kontorsjefen i Noregs Fiskarlag, Arne Kremmervik, og han hadde lova å kome og hadde avklara det med formann Hepsø. Men då Sunnmøre fiskarlag fekk invitasjon til å kome på møte, stoppa dei også Kremmervik. No fall dette møtet saman med Høgre sitt årsmøte i Ålesund. Det kunne vel ha sitt å seie for at toppane Sunnmøre Fiskarlag såg det som eit politisk møte, men det er lite grunn til å meine at dette var intensjonane til dei som tillyste møtet.

Men ingen frå styret i Sunnmøre Fiskarlag kunne møte, og då lokallaga vende seg først til trykdesjef Warholm og seinare til lege Bjørn Martin Åsen, som seinare vart statssekretær i Sosialdepartementet, fekk dei gode orsakingar. Ingen kunne møte og orientere om lova. Møtet vart likevel halde og 66 menneske møtte fram og laga både resolusjon og underskriftsliste til statsråden, med bøn om at lova ikkje måtte verte sett i verk, før ein kunne prøve at påstandane i Ot.prp.nr 7 var rette.

## RABALDER PÅ SUNNMØRE.

No var uveret i gang for alvor. Sunnmøre Fiskarlag kalla inn til eit internt medlemsmøte i Fosnavåg den 3. mai, der pressa var nekta tilgjenge. Det vart hevda at medlemskort kom til å verte avkrevd, men dette var vel rykte, som i allefall ikkje vart handheva. Møtet vart elles utlyst som "fiskarmøte", og det vart påstått at det var mange i salen som ikkje var medlemmer. Det kan vere greitt å ha det i bakhovudet, når ein tenkjer på den diskusjonen som vart om medlemsskapet til eit einskild menneskje.

Møtet i Fosnavåg vart opna av sekretær i Sunnmøre Fiskarlag, Nils Furnes. Han innleidde med å ynskje alle velkomne til dette orienteringsmøtet "på vegne av leiinga i Sunnmøre Fiskarlag". Og han heldt ein tale etter eit manuskript.

Oddleiv Vorren skildra i eit notat sitt inntrykk av denne talen, slik: "Og det må seiast at det var orientering. For det første korleis leiinga hadde behandla saka. Så om laget sin seriøsitet på landsbasis. Vidare skuldingar av medlemmer for å drive undergravingsverksemd. Dette var medlemmer som hadde prøvd å få ut informasjon om saka. Seinare påstand om ugyldig

medlemsskap til ein lokallagsformann. Beskuldning om at møtet i Ulsteinvik var så politisk at ingen frå styret kunne kome.

Så måtte vi vere så pass ærlege for oss sjølve at missbruk førekom. Og at dette var eit problem for leinga som måtte diskuterast etter oppmoding frå sentralt hald. Dette var brått vorte viktig 3 dagar etter at lova hadde tredd i kraft.

For å bevis missbruk vart det så vist til ein plansje i veggstorleik med personopplysningar frå Trygdeetaten og Garantikassa. Det vart sterkt framheva at personopplysningane var om ein person nord for Breisundet. Etter denne talen må det seiast at undertekna følte at han og hans yrkesbrør var gradert ned i ein tilstand som undermenneskje med lita eller inga evne til å tenkje sjølvstendig, og slett ikkje uttale seg." Så langt Oddleiv Vorren i denne omgang. Men frå manuskriptet til talen til Nils Furnes, kan det vere greitt å sitere eitt og anna. Det var ikkje heilt lett for dei som sat i salen å få utlevert manus. Administrasjonen i Fiskarlaget hevda at det var Furnes sitt personlege manuskript. Men det vart motsagt av medlemmer som meinte at når sekretæren tok til med orda. "På vegne av Sunnmøre Fiskarlag", så var det styret i Sunnmøre Fiskarlag som var ansvarleg for innhaldet, og at det var eit saksdokument dei som medlemmer hadde rett til å få kopi av. I eit brev frå styret til advokat Finn Tvetter den 27.09.85, skriv dei at "Styret vil vise til at manuskript av 03.05.85 var sekretærens personlege manus, og det er evt. Opp til vedkommende å utlevere dette eller ikkje. Styret kan derfor ikke pålegge sekretæren å utlevere dette."

Etter mykje om og men, fekk dei likevel manuskriptet utlevert i møtet i Trondheim den 18.10.85, etter press frå Hepsø og Knut Thomassen. I manus står fylgjande: "jeg vil også nevne at vi sist fredag ble kontaktet telefonisk av 2-3 lokaltillitsmenn med krav om å møte neste dag på et politisk møte i Ulsteinvik vedr. fiskernes sykelønnsordning. Sågar ble det av en lokallagsformann - for øvrig uten gyldig medlemsskap i organisasjonen, brukt temmelig hardt skyts på oss hvis vi ikke møtte. Vi måtte være klar over at det nå begynte å brenne under beina våre, var bl.a. uttrykk som ble brukt..." "Når jeg nevner at dette var det samme lokallaget som ikke gadd å sende folk til årsmøtet, så er det sagt." Etter å ha forsikra at Sunnmøre Fiskarlag aldri ville delta eller la seg bruke på "slike politiske møter", gjekk sekretæren over til å snakke om det gode rennome Sunnmøre Fiskarlag hadde for di dei hadde tillitsmenn og enkeltmedlemmer som tok medlemene sine interesser i vare på ein utmerka måte. Lenger ute i talen understrekar han så at Sunnmøre Fiskarlag aldri ville godta at fiskarar skal verte stempla som trygdemissbrukarar, men han held fram i same andedrag :

"Når det er sagt -bør vi heller ikke unnlate å være såpass ærlige overfor oss selv, at misbruk forkommer i vår næring, som temmelig sikkert også i andre næringar. Dette er og kan kanskje bli et lite problem for oss, og vi er blitt anmodet fra sentralt hold å diskutere innad slik at vi ikke ødelegger for oss selv. For å illustrere dette litt nærmere skal jeg vise til hva en fisker har klart å prestere- og med hånden på hjertet, vedkommende kommer fra området nord for breisundet."

Og her kom altså plansjen i "kinostorleik" som det vart sagt, der det einaste som ikkje stemde med det medlemmet som sat i salen, var bustaden. Etterpå vart ein "lite hyggjeleg" statistikk vist fram, som då skulle vise overforbruk.

Og talen slutta ironisk med at det særleg under årsmøtet hadde "flagret med avisutklipp fra nært og fjernt om hva den og den skulle ha uttalt, og når. Sånt gir naturlegvis mosjon for smilebåndet."



Det var kanskje ikkje så rart at det tok fyr i mange i salen, og i sær i dei som hadde opplevd ein del trasige ting når det gjaldt sjukeløn og sjukemeldingar. Somme av dei kjende seg både fornøyd og uthengde. Men som vanleg var ikkje så mange viljuge til å utsetje seg for sinne eller hån frå autoritetane, så dei fleste tagde. Men Kåre Torvholm bad om ordet og tilbakeviste angrepa punkt for punkt.

Det var her Arne Kremmervik vart spurd om kven som stod bak føreskriftene til lova, men vart nekta å seie det av Charles Remø.

I protest mot Sunnmøre Fiskarlag si handsaming av sjukelønssaka, og vi vil tru, i sjokktilstanden etter opningstalen til sekretær Furnes, sa Reidulf Moltu opp vervet som formann for interimstyret i Indre Herøy Fiskarlag. Dette hadde han sete i sidan han vart oppnemnt av Sunnmøre Fiskarlag ti år før, for di planen var å slå saman tre lag. Sidan hadde all post kome til han. Men sjølv tvila han på at laget hadde vore stifta i det heile, og det var vel rett, for det hadde aldri vore halde årsmøte eller valt eit styre. Interimstyret vart sitjande, i påvente at folk frå Sunnmøre Fiskarlag skulle kome og dei skulle få avgjort korleis eigedomane til dei tre laga skulle handsamast. Det er nemleg fylkeslaget sitt ansvar å ”å søke å danne fiskerlag, hvor slike ikke finnes.”

No sa han frå seg det tildelte vervet. Men då vart det etter ti år, plutselig maktpåliggende for Sunnmøre Fiskarlag å få det til at han ikkje var medlem i Noregs Fiskarlag, for di han skulda kontingent.

I ti år hadde dei altså sendt posten i hans namn, og på møte i Fosnavåg vart han uthengt for ikkje å ha lovleg medlemsskap, i tillegg for at det nok var han som var ”modell” for trykkesnyltaren, etter påstandar om dobbeltutbetaling som han seinare vart fullt reinvaska frå. Men er dette vaksne folks ferd, må vi spørje? Når så avisene etterpå, m.a. ”Sunnmøre Arbeideravis”, gjekk ut med sterk kritikk av sjukelønsordninga, og refererte kva medlemmer hadde fortalt frå møtet i Fosnavåg, gjekk Sunnmøre ut og kjøpte ei halvsides annonse i Sunnmørsposten, der dei mellom anna hengde ut Moltu for manglande innbetaling av kontingent.

Det vart ein stor hønseflokk av ei fjør, med brev og påstandar og diskusjon om han hadde betalt kontingenten sin den 3. eller 4. mai. Ei postgirokvittering frå posthuset vart vel tilslutt godkjend som bevis på at kontingenten var betalt den tredje, altså var Reidar Moltu gyldig medlem under møtet i Fosnavåg.

Men å henge ut medlemmer i ei annonse, kva slags skikk er det? Var innlegget så grovt at ”Sunnmørsposten” ikkje ville trykke det, så ein måtte kjøpe annonseplass? Reidulf Moltu oppsummerte det heile etterpå slik: ”Jeg anser Sunnmøre Fiskarlags interesse overfor undertegnede som et forsøk på knebling av medlemmer. Det kan i ettertid få følger om medlemmer risikerer lignende behandling for å legge fram dokumenter som går i fiskernes favør, men som vil skape ”politiske bølger”, på grunn av uthengningen av en yrkesgruppe på feilaktig grunnlag. Til våre tillitsvalde på Stortinget vil jeg si at det er lite flatterende å oppleve at en ot.prp. med den begrunnelse og ordlyd som vi ser i Ot.prp.nr 7 går glatt gjennom i odelstinget. Representanter fra kystdistriktene skulle kjenne oss bedre, men vi takker for tilliten.”

Det seiest elles at Kåre Willock i 1985 ville ordne opp i tilhøva, men at sosialminister Heløe konstaterte at han hadde ein høgtstående tillitsmann i fiskeriorganisasjonane som skulle ta seg av bråkmakarane på Sunnmøre.

## ORKANOFFER.

Sunnmøre Fiskarlag og Noregs Fiskarlag trudde vel dei var ferdige med saka då eksklusjonen av styra i Indre Herøy og Sandsøy Fiskarlag og oppseiinga av Arne Kremmervik vart gjennomført.

Ei slik sjokkbylgje skulle nok setje propp i oppviglarane for lang tid. Indre Herøy og Sandsøy Fiskarlag hadde i eit vedtak den 11. juni 1988 gjort det klinkande klårt at dei var sterkt kritisk til handlemåtane som var brukt når det gjaldt sjukelønssaka, i sær gjaldt det handsaminga av Arne Kremmervik. Avisene kunne meddele at Sunnmøre Fiskarlag avviste kritikken og at dei fann skuldningane så krenkjande at det kunne vere aktuelt å gå til sak. Dei to laga vart innkalla ”på teppet” den 9. mai for å møte styret i Sunnmøre Fiskarlag. Men det gjekk visst ikkje klårt fram kva føremålet med møtet var.

Reaksjonen frå dei to laga var klår. Oddleiv Vorren uttrykte det slik i fylgje ”Vestlandsnytt”: ”Vi stiller gjerne opp dersom Sunnmøre Fiskarlag er ute etter hjelp til oppklaring. Men å reise til Ålesund for å få refs, er ikkje aktuelt.”

Men dette vedtaket frå den 11. juli var vel opptaket til eksklusjonen av dei åtte medlemene i styra for desse laga. Arbeidet i desse laga låg nede i fleire år etterpå. Men dei kritiske røystene let seg ikkje stoppe.

Vi skal seinare kome nærare inn på saka om kontorsjefen i Noregs Fiskarlag som vart kasta, for di han stelte kritiske spørsmål i saka omsjukeløna og i andre saker. Men når han sa opp stillinga si, for di arbeidssituasjonen bart for vanskeleg, og som han sjølv seier det, det vart ei tillitskrise mellom han og styret, var ikkje det nok for dei som sat i toppen.

Dei fann å hengje seg opp i ein formular i eit intervju, som etter seiande skulle prove at kontorsjef Arne Kremmervik hadde visst om DH-rapporten ”Fiskarar og sjukepengar”, før den datoen han sjølv gav opp. For den som ser det utanfrå, er dette så utruleg, at ein må tenkje på dei underjordiske anten ein vil eller ikkje.

Kåre Torvholm, ”kverulanten” frå Moldtustranda, -mannen som aldri gav opp, og som har innsyn i meir enn dei fleste, har vel si eiga historie å fortelje, som visst kan fylgje mange bøker.

Han fekk ei snurpeblokk i hovudet i 1979 og skulle vel etter alle solemerke vore daud. Og alt i 1974 var han ute for ei arbeidsulukke, der han braut ryggen. Han er likevel med alle sine skadar, høgst oppegåande, og har fylgt betre med enn nokon annan, ikkje minst for di han har møtt fraglene og lært nettverket å kjenne. Ingen har vel som han, samla dokumentasjon på alle dei eskapadar organisasjonane innanfor fiskarmiljø, departement og Storting har gjort.

Ingen har som han informert stortingspartia om kva som har gått føre seg. Kva som enn seinare måtte verte avdekt eller avkrefta i moglege opprydjingsaksjonar, -alle dei som har motteke informasjon frå Kåre Torvholm, står utan orsaking, dersom dei ikkje har teke på alvor den informasjonen han har gjeve dei. Spørsmålet er om dei har lese noko av det eller berre har kasta det i gløymsla si store skuff.

Sommaren 1986 sende han ein pakke dokument til formannen i Noregs Fiskarlag. Pakken var på mange kilo, og skulle leggjast fram for landstyret i Noregs Fiskarlag, slik at Fiskarlaget kunne ta opp dei kontroversielle sakene og rydje opp i rotet.

Denne pakken la leiaren i Noregs Fiskarlag, Einar Hepsø, bort i ein skuff, og der vart han liggjande i over eit år. Hausten 1987 sende Hepsø pakken attende til Torvholm uåpna. Torvholm returnerte den til Noregs Fiskarlag, og i eit intervju med "Sunnmørsposten" lovde Hepsø å ta innhaldet opp med sosialutvalet og i landsstyret. I brev til Torvholm vart det etter landsstyremøtet skrive at: "Saken ble behandlet i landsstyret den 10.sept. dette år, hvor det etter at dokumentene ble referert ble fatta slikt vedtak; Orientering i saken ble gitt, men foranlediget ikke vedtak."

Hepsø viste i eit seinare intervju med "Sunnmørsposten" til vedtaka i landsstyret, men går ein til landsstyreprotokollen, viser det seg at saka ikkje vart handsama som eiga sak, men at ho var handsama i lønsutvalet, og at landsstyret seinare godkjende protokollen frå lønsutvalet.

Vi skal også seinare kome tilbake til Kåre Torvholm og hans sak. Det som må undre einkvar er at det aldri vart rydt skikkeleg opp i desse sakene, og at ein tydeleg prøvde å kneble opposisjonen med meir og mindre lugubre metodar. Kontorsjefen vart sparka, og åtte medlemmer i Indre Herøy og Sandsøy Fiskarlag vart ekskluderte for di dei ville ha opprydning og for di dei arbeidde mot ei lov som forverra fiskarane sine kår. Dei vart fjerna av ein organisasjon som skulle tale fiskarane si sak, og som har hatt monopol på å vere deira talerøyr overfor staten, både i forhandlingar og som viktig høyringsinstans i alle saker som gjeld fiskarane og kystfolket sine kår.

Det er dette som gjer at ein utanforståande som merkar seg framgangsmåtane i saker som også seinare har kome for ein dag, vert høgst misstenksam overfor dei maktpersonane som no som før sit i sentrale posisjonar og legg lok på alt som måtte smake av opposisjon.

Det er sjølvsagt ei sak for seg å hengje ut folk i pressa, med alvorlege skuldingar. Det er og så si sak å bruke namns nemning på trygdesjefar og ordførar, fiskarlagsformenn og sekretærar.

Men har nokon ofra særleg mange tankar på dei offera som har lege att langs med løypa til dei som vi her har kalla dei underjordiske eller kloakkfraglene?

Korleis har dei greidd presset, dei som på grunn av sjukdom og ulukke og overgrep frå makteliten eller av andre grunnar har måtte bruke dei ressursar dei har hatt att, for å kjempe ein ulik kamp mot dette maktsystemet? Har nokon spurt Kåre Torvholm eller kona eller borna hans korleis dei har kjendt det under det som har gått føre seg? Mobbing er ikkje ukjent i slike høve, det har også dei fått røyne.

Og har nokon spurt Arne Kremmervik og hans familie, korleis dei takla presset då det var på det verste?

Har nokon spurt korleis det kjendest då han hausten 1988, etter at han hadde fått jobben i firmaet "Marinett", fekk høyre at ymse folk hadde kome stikkande med 5 millionar kroner, som dei ville skyte inn i firmaet, med krav om at Arne Kremmervik vart fjerna? Rykta om at Martin D og Finn Bergesen Jr. hadde med utrekning av "prisen" å gjere, kan korkje avsannast provast av forfattaren, men skulle ha kome fram i "festleg lag". Dersom det er noko i ryktet, så var det i allefall judaspengar som vart bodne for skalpen til Kremmervik.

Det var vel forresten Martin Dahle som i si tid under eit møte karakteriserte Noregs Fiskarlag som "ein gjeng laushundar." Kanskje var det dressuren som ikkje var god nok?

Vi skal litt seinare ta for oss ein del av dei offera som ligg langstmed vegen, men først skal vi sjå på nokre av dei avgiftsordningane som har vore eller er gjeldande for inntekt til fiskarane sine sosiale ordningar, og regelverket for fiskarpensjonen.

For dei som er fiskarar sjølve, og har fylgt med i desse ordningane, er vel dette velkjend stoff, men det er kanskje mange som ikkje har sett seg inn i det, og som vil ha nytte av ein kort gjennomgang.

## FISKARPENSJONEN, NOKRE FAKTISKE OPPLYSNINGAR.

Pensjonsordninga for fiskarar vart regulert ved lov i 1957, med seinare endringar. Den var tenkt som ein overgangspensjon, som skulle gjere det mogleg for folk i eit så hardt og risikofylt yrke å trappe ned frå fyllte 62 år (endra i 93) og såleis gje ein tryggleik tilfiskaren og hans familie. Det går fram av lova at alle som stod oppførte på blad B i fiskarmanntalet, som var over 15 år og hadde fiske eller fangst som hovudnæring, var pliktige medlemmer. Ein rekna då dei som kom til å få over 20 vekers fullt arbeid i næringa.

Personar på blad A kunne ikkje verte medlemmer i pensjonsordninga. Heller ikkje dei som tok ut alderspensjon frå pensjonsordninga for fiskarar. Unntaka gjaldt også dei som etter fyllte 62 år kravde premien tilbakebetalt. Og dei som kravde fritak for di dei var tilslutta anna likeverdige arbeid i næringa.

Personar som fyllte 50 år fyrste gongen dei vart pliktige medlemmer, kunne også søke om fritak for medlemsskap.

Friviljug medlemsskap kunne m.a. dei få som ikkje stod på blad B, men som sat i tillitsverv innan næringa.

For dei som for delar av året stod tilslutta andre pensjonsordningar, vart medlemsskap og premieveker rekna etter den tida dei stod som medlemmer. Dei trygda måtte generelt ha ei oppteningstid på 750 veker.

Maksimal oppteningstid var 1500 veker (endring).

Etter den oppteningstida fiskarane hadde, låg utbetalingstida i 1986 på 18,50 pr. opptent veke. Dette gjorde at utbetalinga låg ein stad mellom kr. 13 875,- og kr. 27 750,-. Dersom pensjonisten hadde ektefelle over 62 år, vart pensjonen heva med 50%, og for kvart barn under 18 år, som han forsørge hadde han rett på 30% i tillegg.

Grunnlaget for utrekninga var etter at folketrygda vart innført, 1G, eller ein gong grunnsummen i folketrygda. Denne grunnsummen har vorte auka fleire gonger, sidan folketrygda vart innført, og er no på ca. 35 000,-.

Alle pensjonar og alle former for trygd er utrekna etter denne nøkkelen. Medlemspremien for fiskarpensjonen var frå januar 1987 på kr.740,- og låg i 1993 på om lag kr.800,-.

Det vart og laga reglar for rett til tilbakebetaling av medlemspremie, for dei som ikkje oppnådde 750 veker før 62 års alderen og liknande tilfelle.

## FINANSIERING.

Premien skulle finansierast med:

1. Premie frå dei trygda.
2. Tilskot av utførselsavgifta av fisk og fiskevarer etter lov av 30. juni 1955.
3. Avgift på omsetning av fisk.

#### 4. Renter av fondet.

Medlemspremien utgjorde i 1985 berre 9,1% av inntektene.

Den har såleis aldri vore avgjerande for storleiken på ytingane eller på inntektene til fondet.

Den største inntektskjelda utgjorde utførselsavgifta. Frå 1. juni 1986 det fastsett ein sams avgiftssats på fisk og fiskevarer ved eksport på 0,8% Heile 80 % av denne avgifta skulle innbetalast til Rikstrygdeverket, medan dei resterande 20% skulle gå til staten. Av dei 80 % til Rikstrygdeverket skulle så 3/8 –tre åttedeler –gå til pensjonstrygda, medan 5/8- fem åttedeler –skulle gå til folketrygda.

Dei 20 % som gjekk til staten var til og med 1981 ein del av finansieringsordninga for garantiordninga for fiskarar. Frå 1981 vart desse midlane teke til inntekt for staten, og finansieringa av garantiordninga i sin heilskap vart lagd til fiskeriavtalen.

Noregs Fiskarlag protesterte mot denne disponeringa av utførselsavgifta, og meinte at midlane i alle fall burde kome fiskarane sine sosiale ordningar til gode.

Utførselsavgifta har vore den største inntektskjelda for pensjonstrygda, og den utgjorde i 1985 noko over 67 % av dei totale inntektene.

Fiskeeksportørane var sterkt missnøgde med utførselsavgifta, sjølv om ho vart avrekna direkte mot førstehandspris for fiskar, og dei har i mange år arbeidd for å få den bort. Og i 1992 vart den vedteke fjerna, og finansieringa av pensjonane skulle i staden kome frå omsetningsavgifta, medlemspremien og renteinntektene på fondet.

Avgift på omsetning av fisk, utgjorde i 1985 vel 10 % av dei totale inntektene. Denne avgifta skal betalast av fiskar til dei godkjende salsorganisasjonane. Salslaga skal betale dei betrudde midlane vidare til Rikstrygdeverket. Denne avgifta er slik med på å finansiere pensjonstrygda for fiskarar.

I tillegg til likviditetsfondet, fanst det eit såkalla sosialfond, oppretta i 1964 over fiskeriavtalen. Dette fondet fekk då 10 millionar over avtalen. Det har ikkje vore tilført anna enn renter på dette fondet, men det har vore drege pengar ut av det når det etter seiande har vore for lite pengar innbetalte til dei sosiale ordningane. Fondet var i 1992 på om lag 70 mill, og vart då samslege med likviditetsfondet.

#### PENSJONSORDNINGA, EI GLOHEIT POTET.

Fiskarpensjonen er som vi skjønner ei særordning for fiskarane, finansiert av fiskarane sjølve, men med garanti frå staten. Liknande ordningar er det for mellom anna skogsarbeidarar og andre i eit særleg hardt og helsefårleg yrke. Finansieringa kan tykkjast tungvint og innfløkt, og ikkje sær mange har hatt oversikta over korleis den har fungert. Amanuensis Arne Kolstad ved distriktshøgskulen i Bodø, sa til "Fiskeribladet" 7. januar 1988 at ordninga var så komplisert, at det berre var to-tre menneskje i landet som hadde oversikt. Dette gjeld vel for ein stor del andre trygdeordningar, og. Folk flest har problem med å forstå alle finurlige reglar innanfor folketrygda. Det gjer at dei slett ikkje kan fylgje med i om dei får det dei skal ha, og har vanskar med å sjå konsekvensane av endringar før dei kjenner det på kroppen. Men fiskarpensjonsordninga er ikkje noko dårleg ordning, feilen er berre at ytingane har vore alt for små. Det har vore missnøye i fiskarkrinsar, i mange år, mest for di det etterkvart vart oppbygt eit stort fond som skulle tilseie at det var rom for høgre utbetalingar. Det kan godt

hende at både hus og båtar i somme høve kunne vore berga frå auksjonar og konkursar under krisa for nokre år sidan, om pensjonane hadde vore 2G i staden for 1G.

Ikkje minst har ein samanlikna med sjømannspensjonane, som var monaleg større og gjaldt frå fyllte 60 år. Sidan det er så mange på fiskebåtane, som i kraft av stillingar som overordna, har hatt sjømannspensjon, vart skilnaden merkbar mellom folk som har stått side om side på båten.

Noregs Fiskarlag sette i 1984 net eit utval, som skulle sjå på dei sosiale ordningane, og mellom anna på fiskarpensjonen, om det var grunnlag for forbetringar. Dette såkalla "Sosialutvalet," tok i innstillinga si fram fordelar og ulemper ved at pensjonsordninga var lagt til Rikstrygdeverket. Utvalet meinte at det heller burde vere lagt til Garantikassa for fiskarar. Dette var det vel svært mange fiskarar som og kunne tekt seg, for å få betre oversikt og enklare ordning.

Det er verdt å leggje merke til at den einaste fordelten sosialutvalet fann ved gjeldande ordning var at det kunne vere viktig med kontakt mellom trygdekontor og fiskar. Dei fann der i mot ein del ulemper, nemleg:

- Fiskar må sjølv setje fram krav om pensjonsutbetaling.
- Det sentralregister som fanst omfatta berre dei fiskarar som mottok pensjon.
- Det mangla sentralregister for dei som heldt på å opparbeide seg rett til pensjon. Det gjorde det vanskeleg å rekne ut framtidige utbetalingar.
- Organisasjonssystemet verka noko uoversiktlig og tungrodd.
- Og sist men ikkje minst: Midlane i premiefondet gav lite renteavkastning.

Dette siste har vore eit av kjernepunktene i den uroa og striden som seinare har stått om storleiken på fondet og utbetalingane av pensjonsyttingane. Alt i 1957 var det gjort klårt i lova at midlane til pensjonstrygda skulle haldast regnskapsmessig skilde frå andre midlar, som Rikstrygdeverket hadde til forvaltning.

Fondslova seier også at fondsmidlar skal stå på høgrentekonto for å få best mogleg renteavkastning på innbetalte pengar.

Kva som har vore tankane bak, når pensjonsfondet for fiskarar i om lag 20 år stod på ei rente på under 5 %, kan ein sjølv sagt forstå, etter som staten og banken sparte store pengar. For i desse åra stod fondspengane på omløpskontoar. Dei kunne sjølv sagt utlånast til mykje høgrente. Ein må berre riste på hovudet av at det ikkje vart gjort noko med det før i 1986.

Sosialutvalet tok opp den lave renta i innstillinga si. Berre for eitt år, 1985, i ei tid då marknadsrentene var skyhøge, kunne dette ha utgjort ein skilnad på på det resultatet dei fekk på om lag 15 000,- kroner, dersom ein oppnådde ei rente på 12 %, noko sosialutvalet meinte var mogleg i den høgrentetida som då var.

Men sjølv om renta hadde variert i desse åra, eller om det hadde vorte inngått ein avtale om ein fast høgrentesats, er det soleklart at her tapte fiskarane kjempesummar i renter og rentes renter.

Og dette måtte for det første vere i strid med fondslova: For det andre var det ei slett handsaming av andre folks pengar. I desse åra stod sjømannsfondet på ei rente på 10 %, berre for å samanlikne.

Det har i ettertid også vore svært vanskeleg å få ut skikkelege rekneskapstal frå Rikstrygdeverket frå desse åra.

I samband med proposisjonar der Stortinget har handsama saker om fiskarpensjonane, har det av Reidar Johansen som fiskeripolitisk talsmann for SV og av meg, vore reist spørsmål gjennom brev til Rikstrygdeverket og Sosialdepartementet, for å få forklaring på tal ein ikkje har forstått, tal som ikkje har stemt, talfeil i proposisjonane og ulike tal når det gjaldt storleiken på fondet m.a. Dette måtte vi som stortingsrepresentantar gjere, for å vite kva grunnlag vi skulle ta avgjerder på, når det gjaldt heving av fiskarpensjonane. Og ikkje minst har Noregs Kystfiskarlag, Aksjonskomiteen i Indre Herøy Fiskarlag og Kåre Torvholm interessert seg for saka gjennom fleire år.

Svara har vore så vidt uklare og motstridande at dei har reist nye spørsmål enn dei har klårlagt saka. Og heile tida har Noregs Kystfiskarlag, stortingsrepresentantar og komitemedlemer som skulle handsame proposisjonane fått høyre at påstandane om rot og feil og bortkomne pengar berre har vore misstydingar og feiltolkingar.

Så viser det seg at i alle desse åra har det ikkje vore etterkontroll på rekneskapa, og at Rikstrygdeverket ikkje har hatt bilag ein kan gå tilbake til, for å finne kvar utgifter og inntekter kom frå, eller om alt var med som skulle vere der. Ja etter uttalar ø dømme i m.a. ”Fiskaren”, og brev, tykkjest det som ein berre har hatt nokre handskrevne notat som visstnok skulle finnast i ein eller annan boks i Rikstrygdeverket.

Når ein då i rekneskapa, finn milliardstore minuspostar på inntektssida, som ingen gjev forklaring på, og andre merkelege måtar å føre rekneskapa på, og veit at revisjonen har godteke det utan å mukke, vert ein etterkvart noko tvilande til heile rekneskapsførselen.

Komiteane i Stortinget er vande med å lite på departementet som ”presten på blåna”. Med den arbeidsbøra som er der, og særleg i periodane før jul og utover våren, er det knapt nok mogleg for den einskilde representant å gå inn i tala og bak rekneskapspostane for å kontrollere noko som helst. Dette gjeld endå meir representantar som er i ein annan komite ender saka vert handsama. Representantane er derfor avhengige av å få informasjon. Når det vart så stor uro gjennom mange år om fiskarpensjonane, gjekk det ikkje lenger an å berre feie bort dette, utan å undersøkje nærare om det låg noko o kritikken. Ein hadde då og sjukelønssaka i friskt minne. Alt i 1970 i Ot.prp.nr 12 (70/71), kunne ein lese at utvalet ”antar at fondet som i dag er nådd opp i 33,4 mill. kroner, i forhold til sin oppgave nå kan betraktes som vesentlig, og at det derfor i de nærmeste år fremover skulle være forsvarlig å basere inntektene på dekning av de løpende pensjoner.

I 1985 var fondet kome opp i 203 millionar, på lavrente. Sosialutvalet og landsmøtet i Norges Fiskarlag gjekk inn for høgging av pensjonen til 2G No i 1993 var det på mellom 5 og 6 hundre millionar kroner, men likevel snakka departementet om at ein måtte høgje avgifter og medlemspremie monaleg, om ein skulle gje noko forbetring. Og det endå talet på fiskarar som hadde rettar, utan tvil hadde gått drastisk ned, og renta var gått opp til 9,5 %.

Når ein så oppdaga at det var talfeil og reknefeil i dokumenta, tok nyfikna overhand, og ein tok til å grave...

Det er klart at alle desse tvilsspørsmåla og all usikker spekulasjon omkring rekneskapa kunne vore fjerna for alltid, dersom ein hadde fått seg førelagt klare rekneskap og greie forklaringar. Men i staden har ein fått unnvikande svar som har verka søkte.

I samband med handsaminga av Ot.prp.nr 24 /92-93) om endringar i pensjonstrygda for fiskarar, skreiv Kåre Torvholm på vegne av Norges Kystfiskarlag til Forbrukar og administrasjonskomiteen den 13. mai 1993: ”Norge Kystfiskarlag kan bl.a. påvise dobbel innbetaling. For dette ene året ble det innbetalt produktavgift nær 100 % over den lovhjemlede forpliktelse. I tillegg er inntrukket gjennom utførselsavgiften tilnærma 50 % av samlede forpliktelser produktavgiften allerede hadde dekket opp.”

## NÅR BYLGJENE SLÆR.

Arne Kremmervik som var kontorsjef i Noregs Fiskarlag, leia arbeidet med å gå gjennom fiskarane sine sosiale ordningar i åra etter 1980, og var såleis med i den nedsette arbeidsgruppa. Han seier sjølv i eit intervju med avisa "Nordlys", den 7. juni 1993, at hensikten med revideringa var å sjå på om det var mogleg å auke fiskarpensjonane.

"På et tidlig stadium mente vi at dette var fullt ut forsvarlig utfra de store beløpene som ble betalt inn til trygdesystemet fra fiskerne. Vi oppdaget imidlertid at en del av pengene som i henhold til innbetalingsoversiktene skulle ligge inne i systemet, var borte. Jeg møtte passiv motstand innad i fiskarlaget da jeg forsøkte å klarlegge hvor pengene hadde tatt vegen. Sentrale folk antydte at man ikke burde være for nidkjær i tjenesten. Jeg ble gjenstand for en del åpenlyse anmodninger om å være snill gutt. Det hele endte i en turbulent situasjon der jeg sa opp stillingen min og gikk over i annen virksomhet."

Som kjendt var ikkje det nok for Noregs Fiskarlag. Dei måtte for sikkerhets skuld sparke han, og.

Innstillinga frå sosialutvalet vart borte under høyringsrunden og er sidan aldri meir spurd, etter interpellasjonsdebatten i 1987.

Men kalkulatorane i Rikstrygdeverket og i Sosialdepartementet har gått sin haltande gang vidare.

Noregs Fiskarlag si rolle i denne saka er noko underleg:

Landsmøtet i 1986 stilte seg bak sosialutvalet si innstilling om å auke pensjonane til 2G, og at enke etter ektemann med pensjonsrettar skulle overta mannen sine rettar.

På landsmøtet i Trondheim i 1988, gjekk Knut Vartdal sterkt ut og ville heve fiskarpensjonane opp på sjømannspensjonsnivå. Debatten gjekk friskt etter ei innleiing av Anton Leine.

Landsmøtet slutta seg til at ambisjonsnivået måtte hevast, og vedtak vart gjort. Men sidan har det vore merkjeleg musestilt om det vedtaket. Anton Leine hadde sagt at det var så umogleg å få ut rekneskapstala frå Rikstrygdeverket. Men Norges Kystfiskarlag, ved Kåre Torvholm, sat med rekneskapa, og dei kunne fortelje at det var rikeleg med pengar til å heve pensjonane til 2G.

I 1990 kom Håkon Jensen med ein reservasjon til årsmeldinga til Noregs Fiskarlag for 89/90, der han reiste kritikk mot landsstyrevedtak om fiskane sine sosiale ordningar. Han tok opp landsstyret sitt ansvar når det gjaldt sjukelønssaka, fiskarpensjonane og den differensierte produktavgifta, og også behandlinga av dei to lokallaga på Sunnmøre, noko som vi skal omtale meir i eit seinare kapitel.

Vi skal også presentere Håkon Jensen litt nærare.

Denne reservasjonen skapte mykje bråk og visseleg også skrekk, for di den peikte på feil og manglar ved det arbeidet Noregs Fiskarlag gjorde for medlemene sine. Reservasjonen vart overlaten til kontrollnemnda, som skulle handsame den. Bak reservasjonen låg eit stort material av dokumentasjon, men kontrollnemnda gjorde saka unna på eit par timar og avviste heile greia. Det vart då framsett krav om eit ekstraordinært landsmøte. Kjøllefjord Fiskarlag var vel det laget som først sette fram krav om dette i vedtaks form, og oppfordra andre



fiskarlag til å gjere det same. Dette landsmøtet vart det ikkje noko av, men Finnmark Fylkesfiskarlag fekk det annsamnt, og på tre dagars varsel skipa dei til eit ”oppryddingsmøte” på Skaidi. Det vart halde 21. oktober.

Formannen i Kjøllefjord Fiskarlag, Gudmund Vevang, uttala seg til avisa ”Finnmarken”. Han sa at ”Ledelsen i fylkesfiskarlaget vil på denne måten stoppe grasrota i arbeidet med å rydde opp og skape tillitt til Noregs Fiskarlag.” Avisa prøvde å få kommentarar frå arrangøren. Sekretæren, Tor Bertheussen, fekk spørsmål om kvifor dei arrangerte møtet, og svarta med at det ikkje berre var vedtaket i Kjøllefjord Fiskarlag, men at det hadde vore så mykje oppstyr i media at mange av lokallaga og medlemene ynskte å få informasjon om kva som hende. Han ville derimot ikkje ut med kven frå Noregs Fiskarlag som skulle vere informantar. Men avisa fekk tak i innkallinga til møtet og konstaterte at ein prøvde å få advokat Engeness til å kome.

Til det svarta Gudmund Vevang: ”Hvis det er riktig at det er denne advokaten som skal informere, så vil det bli meget ensidig informasjon.” Avisa skriv vidare at ”Roald Engeness er advokat for Norges Fiskarlag og etter landsmøtet der Håkon Jensen fra Troms tok opp igjen eksklusjonene av fiskerne fra Sunnmøre, har denne advokaten vært ute med flere pressemeldinger. Sentralt i striden står nemlig en del dokumenter som de ekskluderte sunnmørsfiskerne sendte til Norges Fiskarlag sentralt, og som de mener formann Einar Hepsø har holdt unna landsstyret. Advokat Engeness har gjentatte ganger sagt at ledelsen i Norges Fiskarlag ikke har hatt tilgang på disse dokumentene på det angjeldende tidspunkt.” Ingressen til artikkelen skriv også journalisten at ”Gudmund Vedvang må antakelig regne med å få rapp over fingrene for sin innblanding i saka.”

Seinare i artikkelen vert det og vist til ”Sunnmørsposten” og ”Hitra/Frøya” sine skrivi, og ein nemner då ”Sunnmørspostens” oppslag om at ein av dei lokale fiskarlagsleiarane i Sør-Trøndelag som hadde vore i opposisjon til leiinga i Noregs Fiskarlag, hadde fått ein anonym trusseltelefon. Dette må ha vore Dagfinn Hansen. Det vart også nemnt at generalsekretæren i Noregs Fiskarlag, Arent M. Henriksen, i fylgje ”Klassekampen”, skulle ha prøvt å stoppe eit kritisk innslag i Kveldsnytt. Og endeleg er det nemnt ein uttale frå SV sin stortingsrepresentant, Reidar Johansen, som hadde sagt til ”Nordlys” at ”nå er det nødvendig å rette søkelyset på hvordan Norges Fiskarlag behandler sine opposisjonelle.”

Etter møtet skreiv både avisa ”Fylket” og avisa ”Hitra/Frøya” om rabaldermøtet på Skaidi, og ”Nordlys” skreiv under titelen ”Fiskarlaget lurte Stortinget.” Avisene vart tekne for dette og det var lagt lok på debatten både der og i andre media. Det ligg nær å spekulere på om avisene fekk åtvaringar frå dei ”underjordiske”, slik fleire av dei opposisjonelle har fått. Heilt til no nyleg har det vore om lag umogleg å få især dei større avisene til å ta opp desse sakene, så glade dei elles er i å gramse i kontroversielle emne. Mellom anna fekk kåre Torvholm lesarinnlegg i retur frå ”Fylket”. Det skal jamen mykje redsel til frå ei avis, når ho ikkje tek inn lesarbrev som er fullt underskrivne med namn og adresse.

Lenge var det såleis berre ”Klassekampen” som heldt fram med å skrive, utan at dei vart utsette for noko. Tok ikkje ”hittfolket” ”Klassekampen” alvorleg, eller visste dei ikkje om artiklane?

I 1991 sette departementet ned ein arbeidskomite som skulle førebu ei sak om dei sosiale ordningane for Stortinget. Då rapporten frå dette utvalet kom, gjekk Noregs Fiskarlag inn for dei framleggja som låg der, først i landsstyret, og seinare på landsmøtet. Gløymt var vedtaka både frå 1986 og 1988. ”Utredninga er grundig”, seier Noregs Fiskarlag sitt landsstyre.

Noregs Fiskarlag vedtok å gå inn for det som seinare vart vedtak i Odelstinget, ei heving av pensjonen til 1,6G og nedsetjing av alderen til 60 år, med bortfall av ekteskapstillegget, ein sterk auke i medlemspengane og krav om medlemskap for å få stå på blad B i fiskarmantalet. Dette var kanskje ikkje så underleg, sett i samband med kven som styrer Noregs Fiskarlag. Men som organisasjon for den ”menige” fiskar, ser det noko tvilsamt ut.

Alt i 1987 skreiv tidlegare statssekretær i Fiskeridepartementet, redaktør for ”Nordlys”, Ivan Kristoffersen i ein leiar: ”Fiskarlaget har lang tradisjon som maktorganisasjon. Fiskerne har hatt mektige ledere som har visst å utnytte sin posisjon.”

Den 8. juni 1989, stod det i ”vestlandsnytt” at Kystfiskargeneral Steinar Friis hadde sagt at Noregs Fiskarlag er meir korrump enn demokratisk. Og Willy Arntzen fylgde opp og meinte det var meir enn nok pengar til å heve pensjonane. Dette la han så fram dokumentasjon på og viste til at fondet var på 400 mill.

I åra sidan fiskarpensjonen vart innført har det hendt mykje både på den indre og den ytre fronten, når det gjeld tilhøva for kystfolket.

Etterkvart har det vorte ferre og ferre sjøfolk her til lands. Det har vorte både utflaggingar og det har kome mange utanlandske sjøfolk om bord på norske båtar etter at N.I.S-registeret vart oppretta. Sjømannspensjonane har kvart år kravt store summar frå statskassa, for di det er for få innbetalarar. Fiskarfondet har berre auka og auka, både på grunn av auka inntekter i gode fiskeår, og fordi renta endeleg kom opp på eit akseptabelt nivå. Og ikkje minst har det auka for di det har vorte ferre som hadde rettar til å få utbetalingar frå trygda. For gjennom åra har pensjonsordninga eigentleg fungert som ei friviljug ordning.

Informasjonen om pensjonsordninga har vore dårleg, og har vel ikkje verka til å gje dei unge fisakarane hug til å betale medlemspengar. På mange vis er ordninga komen i vanry, mest for di ytingane har vore så små. Mange har ikkje betalt medlemspengar og har såleis ikkje rett til pensjon. Og talet på yrkesfiskarar har gått ned.

Etter at Indre Herøy Fiskarlag dokumenterte det store pensjonsfondet, blei det sett i gong ei ”kviskrekampanje” som gjekk ut på at fiskarpensjonen mangla pengar. Det resulterte i at mange fiskarar ikkje betalte registreringsavgifta ved trygdekontora, men dei vart likevel trekte for fiskeavgifter. På den måten misste dei veker i pensjonsretten. Samstundes var Fiskarane sitt trygdslag, FGT, saman med Samvirke på offensiven og selde pensjonsforsikringar over ein lav sko.

Då arbeidsutvalet i 91 vart nedsett av sosialdepartementet, for å greie ut korleis ein skulle organisere pensjonsordningane for sjøfolk og fiskarar, var det nok svært freistande for somme, (m.a. folk frå sjømannsforbundet) å slå saman fiskarfondet med sjømannsfondet. Kor langt dette har vore planane inn i departement og regjering, er det vanskeleg å vite, men rykta om slike planar svirra om øyro, og vart lansert av einskilde røyster til og med som ein solidaritetstanke. Men dette vakte for stor motstand mellom fiskarane, og det vart såleis ikkje gjort framlegg om det i proposisjonane. Det stunda då og til val, og det var nok for regjeringa å takle motstanden mot EØS og EF, om dei ikkje skulle trakke på alle fiskarane på ein gong.

Men den ordninga ein kom fram til var heller ikkje i tråd med fiskarane sine krav og ynskjemål. Mange engasjerte seg i saka, og både Norges Kystfiskarlag og lokale fiskarlag kravde ein auke til 2G, nedsett pensjonsalder til 60 år og at ektefellestillegget vart oppretthalde uendra. I Stortinget hadde SV alt i 1990 sett fram forslag om at regjeringa skulle kome med ei

utgreiing med sikte på å heve pensjonen til 2G. Fondet ville likevel vekse. Dette vart også hevda av Norges Kystfiskarlag. Det var då stortingsrepresentant Golten frå Høgre sa at fondet berre var på ein 100 millionar, og ”dei kunne vere gode å ha.” Dette forslaget frå SV vart oversendt regjeringa.

Våren 1993 vart proposisjonen klubba gjennom i Odelstinget etter ein del turbulens. Eg, som alle andre stortingsrepresentantar, visste då om påstandane om bortkomne midlar. Eg vart og gjort merksam på at det utsendingar frå Norges Kystfiskarlag ynskte å kome på høyring i komiteen.

Etter å ha sete i fleire timar for å finne ut av desse talfeila, skulle eg innom Stortinget for å hente nokre nødvendige papir. På vegen til Stortinget møtte eg ein av sekretæranane våre og fekk tilfeldig vite at handsaminga av proposisjonen i Odelstinget var framskunda til tisdag. Dette var søndag kveld. Morgonen etter skulle eg på Folkets hus og ha eit innlegg på eit tannlegekurs. Det skulle også førebuaast. Men her var det inga tid å misse. Brev til sosialministeren vart forfatta på rekordtid, underskreve av Reidar Johansen og meg, og svar kom omgåande, først til komiteen og så til oss. Det vart innrømt talfeil som resulterte i at proposisjonen vart utsett handsama nokre dagar. Det gav representantar frå Norges Kystfiskarlag høve til å kome på høyring i komiteen. Men komiteen ville ikkje utsetje avgjerda lenger. Rett nok tok dei atterhald i innstillinga om at dersom det kom fram uregelmessige ting når Riksrevisjonen fekk gått gjennom sake, skulle ein ta den opp att, men utsetjingsframlegget frå SV vart vraka. Lova vart vedteken mot underteikna si røyst.

Medlemspengane vart sette opp til 1 500 kroner året. Tvunge medlemskap vart presisert, ja gjort til eit krav for å få stå på blad B. Oppteningstida vart forlenga med eit år. Ekteskapstillegget vart bortteke, og pensjonsyttingane vart sette til 1,6G. Her gav ein med den eine handa og tok med den andre. Eit lite pluss for dei som ikkje hadde ektefelle, men for dei andre vart det lite til forbetring.

Alderen for pensjon vart nedsett til 60 år. Det var bra. Men samstundes må det i fylgje proposisjonen vere mogleg for dei av fiskarane som har rett på sjømannspensjon, (skipper, stuert, bestmann, maskinist m.fl.) å få pensjonen frå 58 år. Meirutgifta til sjømannspensjonen vart sett til 1 mill. Det er skilnad på ”mann og musekrok”, som dei sa heime i gamle dagar. I all denne turbulensen var det svært lite ø høyre til Norges Fiskarlag. Så noko kampsak var forbetra pensjonsordning tydelegvis ikkje for dei som styrte der. Og kvifor skulle den det vere, når alle toppane sit med mykje betre pensjonsordningar?

## OMSETNINGSAVGIFTA.

Omsetningsavgifta er ei form for deling av innbetaling mellom fiskar og arbeidsgjevar, som salslaga krev inn og betalar vidare, av førstehandsverdien på fisk, etter al lagsavgifta er trekt frå. Den skal gå uavkorta til fiskarane si pensjonsordning, og skal innbetalast til Rikstrygdeverket, seinast ein månad etter at rekneskapsåret er avslutta, etter lova. Det finst særskilte skjema for dette, som viser klårt korleis det skal gjerast. Men dei rekneskapa ein fekk frå Rikstrygdeverket var det så mange uklare ting i, at det for den som skulle ta til å rekne, ikkje var råd til å få noko til å stemme.

I spørsmål frå oss i Stortinget og frå Kystfiskarlaget sin sakshandsamar, Kåre Torvholm, vart det peika på dette. Men svara frå sosialministeren var at dette berre grunna seg på misstydingar frå vår side. Det var sagt at når summene ikkje stemde med det som vart oppgjeve som førstehandsverdien, skuldast det etterslep frå år til år. Men dersom reglane for

innbetaling var fylgde, skulle då ikkje dette etterslepet vere på meir enn ein månad eller to, og vere om lag likt frå år til år, i og med at avgifta som vart trekt for dei siste månadene i året, kvart år skulle kome i byrjinga av neste års innbetaling. Det rare var at også frå og med 1989, stemde summene. Det var i åra frå 1979 og utover at ein ikkje fann rot eller fot i tala. Det var under diskusjonen om dette, manglane ved bilag og etterkontroll verkeleg kom fram. Det viste seg då at Rikstrygdeverket og Statistisk Sentralbyrå opererte med heilt ulike tal, når det gjaldt verdien av førstehandsomsetninga. Vi fekk høyre frå Sosialdepartementet at desse tala ikkje kunne samanliknast, men då vi etterrøkte grunnen til det, var det vanskeleg å få greie på det, nettopp på grunn av dei manglane ved bilagsmaterialet som ein innrømde.

I "Fiskaren" uttalte folk frå Rikstrygdeverket formodingar om at spriket kunne skuldast utanlandsleveransane. Dei leveransane som utanlandske fiskarar stod for, skulle det ikkje betalast omsetningsavgift for. Sosialdepartementet kasta seg over denne forklåringa. Men Kåre Torvholm fekk fort konstatert at desse utanlandsleveransane ikkje var med i SSB sine tal. Dessutan kunne dei ikkje ha utgjort så mykje.

Sosialdepartementet gav då "opp anden" og viste til Rikstrygdeverket og salslaga. Men Rikstrygdeverket var svært uviljuge til å levere ut rekneskap frå salslaga. Dette var rekneskap som kunne røpe bedriftsinterne saker, og det måtte i så fall salslaga gje løyve til, meinte dei. Laurdag den 11. september 1993 skriv avisa "Nordlys" om saka fylgjande:

"Et brev fra Rikstrygdeverket svekker inntrykket av at myndighetene har hatt orden på regnskapene for fiskernes sosiale ordninger. Norges Kystfiskerlag mener det er forsvunnet over 200 millioner i produktavgift og vel 30 millioner i omsetningsavgift. Derfor har kystfiskerne krevd full gransking av regnskapene for 1980 til 1990. Nå viser et brev fra Rikstrygdeverket at det vil ta mye arbeid og kreve lang tid å gjennomgå regnskapene. Det blir også tatt forbehold for feil eller mangler i grunnlagsmaterialet...."

Og vidare: "Disse opplysningene er oppsiktsvekkende, for di både Sosialdepartementet og Rikstrygdeverket tidligere har avvist all kritikk mot rot og uoversiktlige regnskaper." Dette brevet frå Rikstrygdeverket viste at dei hadde problem med å få gjort eit slikt gjennomgangsarbeid som Kystfiskerlaget krevde, og dei bad om at kontrollperioden måtte reduserast frå 10 til 2år(!).

"Innbetalingene av avgifter fra de enkelte fiskesalslagene er hos oss postert i en manuell ført reskonto og derfra overført til hovudboken i sumbeløp. Det vil derfor medføre et betydelig manuelt arbeid å stille opp hvilke beløp som er innbetalt de enkelte år for hvert salslag," heiter det i brevet som også seier at Rikstrygdeverket ikke har plikt til å registrere trekkgrunnlaget.

"Etter eget initiativ har vi notert grunnlaget på en kladd på grunnlag av oppgaver fra salslagene. Disse noteringane er således ikke gjenstand for feil eller mangler." seier brevet frå Rikstrygdeverket.

Nokon kvar kan få lettare sjøkk av slike opplysningar. Kva har eigentleg rekneskapsførarar i statsinstitusjonar leika seg med, når det gjeld fiskarane sine pengar. Og kva er det revisorane har revidert?

Rikstrygdeverket er underlagd Sosialdepartementet. Ansvarleg er Sosialministeren. Sosialministrar har kome og gått gjennom åra sidan fiskarpensjonane vart oppretta. At ingen av dei har vist vilje til å rydde opp i tilhøva, er heilt utruleg. Kan det vere noko i påstandane om at pengar har gått til etterretningstenesta, og at rekneskapa difor er så uklære, ar minuspostar dukkar opp og vert borte, at renteinntekter manglar og at det tilsynelatande ikkje

har vore noko slags kontroll? Har staten kjøpt ein del fragler til å arbeide for seg for pengar som skulle gå til trygging av fiskarane og familiane deira? Ja dette er gissingar som aviser og folk seg i mellom har snakka om og skreve om. Det kom også motstridande uttale frå forsvaret og frå fiskarane.

At etterretningstenesta har hatt bruk for folk til tenester og at slikt har gått føre seg i løynd, er ikkje så merkeleg. Det som ein håpar ikkje skal vere sant, er at dette har skjedd med fiskarane sin sosiale ordningar som finansieringskjelde, og på måtar som har gjeve somme innanfor fiskerinæringa fordelar framfor andre, og at det går føre seg eit kameraderi mellom toppane i fiskerinæringa og politiske toppfolk, som ikkje er heilt sunt. Dette skal vi kome tilbake til. I det minste vesle idrettslag eller ungdomslag vert det kravt bilag og kvitteringar for både inntekter og utgifter.

Men her ser det ut som statlege institusjonar har hatt godkjenning til å sause som best dei kunne med millionsummar betalt av folk som kjempar i eit hardt og livsfarleg yrke på eit lunefullt hav.

Riksrevisjonen er kopla inn og skal avklåre desse sakene. Det er bra. Men kva kan riksrevisjonen finne dersom det ikkje finst bilag? Og kvar har Riksrevisjonen vore i alle desse åra. Har han ikkje revidert desse tala før? Etter som brev frå sosialministeren seier, har Riksrevisjonen gjort det. Har dei brukt harelabben? Og kva med habiliteten for folk som sit i Riksrevisjonen, men som periodevis har sete som statsrådar og har hatt ansvaret for dei pengedisponeringane som no skal reviderast?

Slik det ser ut for augneblinken, må i allefall Sunnmøre Fiskesalslag ha halde tilbake omsetningsavift i fleire år, med den grunngeving at dei ikkje har hatt pengar. Men dette er då pengar som vert trekte av førstejandsverdien. Kva har salslaga brukt skattepengane til, og kvifor hadde dei pengar til stønad både til Fiskebåtredernes forbund og andre organisasjonar, samstundes med at folketrygda tapte pengar, i allefall i form av renter? Det er mogleg dei har betalt inn pengane på etterskot, men når det vert etterslep på mange år, er det klart at det har gått ut over både renter og rentes renter.

Ei liknande historie er den som gjeld Rogaland Fiskesalslag. Der er det produktavgifta dei har stått til rest med i åresvis. Denne produktavgifta vert betalt av fiskarane for kvart kilo fisk dei fiskar, også fritidsfiskarar som ikkje har rettar i pensjonsordninga betalar produktavgift dersom dei omset fisk gjennom salslaga. Avgifta vart altså trekt frå fiskaren, men ikkje innbetalt til Rikstrygdeverket, på grunn av manglande pengar, seiast det. I andre høve ville vel styret ha blitt gjort ansvarleg for slikt. Men her har salslaget fått ei avtale om nedbetaling. Men med den økonomien som salslaget har, etter rekneskapa, ser det ut som den einaste måten dei kan greie det på er å trekke fiskarane for avgift ein gong til. Det ser altså ut for at både rot og favorisering av ymse organ og grupper har vore vanleg, og at dette har gått utover fiskarane som yrkesgruppe, og i sær utover kystfiskarar og dei små innan næringa. Vi skal sjå litt på kva som har gått føre seg når det gjeld produktavgifta, faglagsavgifta og yrkesskadetrygda.

Men før vi gjer det, vil vi tilbake til Håkon Jensen. For folk som er engasjert innanfor fiskerinæringa, er Håkon Jensen ingen ukjend storleik. For yngre menneskje og for dei som har eit meir perifert tilhøve til fiskarorganisasjonane, og ikkje har fylgt altfor nøye med i hendingane i åra som har gått, kan det vere greitt å gje namnet litt "kjøt på beina", og samstundes vise litt av kva det kan føre til å vere i opposisjon.

SOSIALDEMOKRATEN.

Håkon Jensen voks opp på eit småbruk på Tussøy, og faren var fiskar, på Lofoten og heime. Håkon gjekk på skulen og måtte fraktast av foreldra, det var som for mange i utkant-Noreg, 14 dagars skuletur og 14 dagar fri. Han deltok i arbeid heime og dreiv ofte juksafiske om hausten. Frå 1967 var han medlem i Norges Fiskarlag, deltok som tillitsmann og gjennomførte dei kurstrinn som Fiskarlaget kunne gje. Gjennom åra deltok han i dei fleste fiskeri, som fiskar og seinare som styrmann og skipper. Då Norges Fiskarlag bygde ut velferstenesta for fiskarar, hadde han gjort seg så positivt kjend at han vart tilboden stillinga som velferdssekretær i Norges Fiskarlag. Han tenestegjorde først i Stamsund, der han bygde opp velferdstenesta frå grunnen. Han etablerte også "Fiskernes dag", som i dag er ein institusjon.

Etterpå vart han utlånt til Statens Velferdsråd for fiskeria som velferdssekretær og Fiskeridirektoratets representant på Grønland. Åra 75, 76 og 77 var han først i Lofoten, så under vårtorskefisket i Finnmark, der han hadde oppsyn med alle Norges Fiskarlags velferdsstasjonar, med Båtsfjord som hovudstasjon. Etter ein kort ferie bar det til Grønland att for resten av året.

Både før og etter Grønlandsreisa var det hektisk møteverksemd, der han deltok i Ålesund, i Trondheim og i Bergen.

Fiskeridirektoratet i Bergen var sekretariatet for Statens velferdsråd for fiskeria og administrerte velferdsstasjonane i Færingehamn på Grønland og Lerwick på Shetland. Det var møte med Statens velferdstjeneste for sjøfolk i Oslo, og det var under tida møte i den norske ambassaden i Danmark. Ingen land hadde diplomatiske personar på Grønland. Grunnen var oppgjeven til at dersom noko land fekk det, ville andre og kreve det. Det var sjølvstakt av militære omsyn. Via den norske velferdsstasjonen i Færingehamn, hadde Noreg ei offisiell kontakt på Grønland. Det vart mogleg for di velferdsstasjonen var underlagd Fiskeridepartementet og ikkje Utanriksdepartementet.

I instruksjonen står det: "Sekretæren skal vider samarbeide med stedlige myndigheter og andre i den utstrekning dette anses hensiktsmessig." I tillegg tok velferdsstasjonen seg av førehandsrøyster ved norske val. Mindre kjend er det kanskje at den norske sosialdemokraten hadde god kontakt med det nystifta sosialdemokratiske partiet på Grønland, Sijumut, som tyder framover. Dette var i ei tid då Sijumut arbeidde aktivt for heimestyre og utmelding av EF.

I Jensens tid på Grønland vart det oppretta ei norsk nyhetssending over Grønland Radio ein gong for veka. Det er ikkje for sterkt å seie at i dei åra Håkon Jensen var Fiskeridirektoratets representant på Grønland, var han i praksis, om enn uformelt, norsk konsul der.

Håkon Jensen registrerte konsekvensane av den sentraliseringa danskane føretok på Grønland, som medførte flytting av det spreidde kystfolket til nokre større stader. Dette hende frå 1950 og utover, og vart kritisert over heile Europa, for di dei øydela Grønlands kultur. Førte år seinare gjer Noreg det same med norsk kystkultur, utan at nokon tek det opp. Men det har vorte fortalt, at den kontakten Håkon Jensen hadde med motstandsørsla mot EF på Grønland, ikkje vart heilt godt motteken av "storfraglene" her i landet. Så han vart kanskje påpassa og avlytta?

I den tida Jensen var tilsett i Norges Fiskarlag, deltok han i landsstyremøte, sekretærkonferansar og ei rekke velferdskonferansar, kurs og andre møte. Han arbeidde aktivt for at sentrale tillitsvalde skulle møte sine oppdragsgjevarar, fiskarane. Eit døme på det var

salsstyret i Norges Fiskarlag som i denne tida utvikla si møteverksemd både på Lofoten og i Finnmark, i samarbeid med Norges Fiskarlags velferdsstasjonar. I 1976 reiste heile salsstyret i Råfisklaget langs Finnmarkskysten og hadde møte med fiskarane.

Håkon Jensen slutta som velferdssekretær 31. desember 1977 av personlege grunnar.

Fredag den 28. september 1990 gjekk han på talarstolen på landsmøtet i Norges Fiskarlag med reservasjonen som er omtala tidlegare. Grunngevinga hadde han dokumentert i to dokument på til saman 130 sider. Det eine punktet gjaldt at han ikkje ville ta frå landsstyret deira ansvar vedrørende handsaminga av fiskarane sine sosiale ordningar. Det andre punktet var landsstyret si straffereaksjon mot dei to lokale fiskarlaga, som hadde prøvd å setje søkelyset på punkt 1, men som straff vart ekskluderte.

Men no starta det ein prosess mot Håkon Jensen, først i det politiske miljø, særleg innanfor Arbeidarpartiet i Tromsø. Alt same kvelden sa sekretær i Troms Fiskarfylking, Geir Andreassen, frå at han melde seg ut or fiskeripolitisk utval, som Håkon Jensen leidde. (Andreassen vart seinare direktør i FNL). Torsdag den 4. oktober fortalde avisa "Tromsø" at også direktør for Fiskeriforskning (FTFI), Ola Valvåg, melde seg ut av utvalet. Samstundes sette krefter i Tromsø i gong med bakvaskingskampanje. Til då hadde Håkon Jensen vore eit aktuelt namn i lokale media. Etter landsmøte i Trondheim vart han eit aktuelt namn over store deler av Noreg.

Innlegget frå talarstolen i Norges Fiskarlag var ve var vel ei større bombe enn dei sterke reaksjonane frå toppfolka i fiskerinæringa greidde å hamle opp med. Håkon Jensens politiske liv måtte få ein slutt. Arne Kremmervik seier det slik: "Betre kvalitetsstempel kan ein neppe få."

I 92/93 tok det igjen til å kome artiklar i avisene om eit stort forbruk av sjukepengar mellom fiskarane. Fleire trygdekontor her på Sunnmøre hadde slike utsagn i lokalavisene. Dei dukka opp som ånder og minna mykje om påstandane frå 1984. Dei vart imøtegådde av fiskarar og andre. Men i verdens Gang stod det ein artikkel alt den 05.10.91, der Sosialdepartementet varsla innføring av karenisdagar for fiskarane. Håkon Jensen skreiv då eit brev til statsråden:

"Sosialminister Tove Veierød  
Sosialdepartementet  
Oslo Dep  
Oslo 1.

#### VEDRØRENDE MULIG "KUTTFORSLAG" I SYKEPENGEORDNINGEN TIL FISKERE OG FEIL I OVERSLAG OM UTBETALING AV SYKEPENSER.

Saken vedrører J 16-1 nr. 2 og 3 i lov om folketrygd, samt Ot.prp nr. 76- 1986/87. Jeg viser til vedlagte artikkel i VG datert 05.10.91 der Sosialdepartementet varslar karenisdager for fiskere. Det er for øvrig svært lik framstilling av sak og argumentasjon som Departementet anførte i 1984, -fikk gjennomslag for, men måtte trekke, jfr Odeltingets behandling av saken i mai 1987, (se vedlegg Ot.prp.nr. 76 - 86/87 og utdrag av debatten 29-5 samme år.)

Det kan være en real sak dersom Stortinget beslutter at fiskere skal pålegges ekstraskatt utover det andre grupper i samfunnet må betale for lovfestede rettigheter. Fiskerne må bøye seg for det, men har en selvsagt rett til å slåss for likebehandling. Men - når fiskerne betaler sine sykepenge, pensjonsordning og arbeidsløysetrygd fullt ut, og statens regnskaper viser

eller burde vist det, er fiskerne den eneste yrkesgruppe som påføres en irregulær straffeavgift, j.fr. overnevnte Ot. Prp. Og lov om folketrygd J 16-1 nr. 2 og 3.

Jeg hevder også at fiskerne som yrkesgruppe pålegges å betale mer enn loven pålegger og de reelt tar ut i ytelser, j.fr. Folketrygdloven. Det pålegges derfor fiskerne en ekstra skatt/avgift.

Det er det ikke hjemmel for og strider mot prinsippet om likebehandling.

Det som jeg har nevnt over, innebærer at fiskerne har betalt mer enn de skal, - og jeg har dokumentasjon for konstateringen. I mitt reservasjonsdokument, forelagt Norges Fiskarlags Landsmøte 1990, (se utrykt vedlegg) foreligger den nødvendige dokumentasjon. Videre legger jeg ved forslag til vedtak i Troms Fiskarfylking og referat i Fiskeribladet fra møtet hvor det foreligger merkverdig uttalelse som kan tolkes derhen at Riksrevisjonen godtar at Sosialdepartementet estimerer eller trikser med Rikstrygdeverkets regnskapstall.

Vedtak om innføring av "karensdager" for fiskere i 1984, hadde sitt utspill i Herøy kommune og daværende kommunelege 1, Bjørn Martin Åsen, ble oppfattet å ha avgjørende innflytelse den gang for å få saken på kartet, se vedlagte artikkel i Klassekampen 24. desember 1990.

Vennlig hilsen  
Håkon Jensen."

Vi hørde ikkje noko om eit slikt framlegg i Stortinget, så vidt eg kan minnast. Så forslaget vart vel stoppa. Men det er å nemne at Bjørn Martin Åsen sat som statssekretær for Tove Veierød på den tid...

#### PRODUKTAVGIFTA.

I april 1968 vedtok Stortinget: "Frå 1 juli 1968 innføres en avgift på 1 % av førstehåndsomsetningen av råfisk og produkter derav. Avgiften innkreves av de i medhold av lov om råfisk av 14. desember 1951 §3 godkjendte salgslag."

Den tidlegare ordninga var at dei fiskarar som ikkje var lønsmottakarar, skulle betale medlemsavgift til folketrygda og på same måte og etter same satsar som gjaldt for andre sjølvstendige næringsdrivande. Avgift for "annen erhvervsinntekt" vart for inntektsåret 1967 fastsett til 5,4 % av den pensjonsgjevande inntekta, stigande med 0,4 % pr år.

Forslaget om produktavgift gjekk ut på at fiskarane skulle betale ei direkte medlemsavgift på 4 % av den pensjonsgjevande inntekta, altså same avgift som vanlege lønsmottakarar, medan differansen mellom dei 4 % som medlemsavgifta dekte og den satsen som sjølvstendige næringsdrivande betalte, skulle dekkjast av produktavgifta.

Etter § 16-1 i lov om folketrygd kan det bestemmast at produktavgifta også delvis skal kome til vederlag for arbeidsgjevaravgifta. Arbeidsgjevaravgifta vart for 1968 fastsett til 7,6 %, stigande med 0,6 % for kvart år til og med 1970, og ein rekna med at denne ville auke i fleire år etter 1970.

Frå 1970 vart ordninga lagt opp slik at fiskerinæringa kollektivt gjennom produktavgifta skulle betale like mykje til folketrygda som etter eit system med personlege avgifter.

Produktavgifta skulle dekkje fylgjande:

A: Skilnaden mellom den satsen sjølvstendig næringsdrivande betalte (11,6%) og den satsen vanlege lønsmottakarar betalte (6,7%) = 4,9 % av pensjonsgjevande inntekt.



B. premie for kollektiv tilleggstrygd til sjukepengeordninga for fiskarar: 5 % av pensjonsgjevande inntekt.

C: Yrkesskadetrygd for fiskarar: 0,2 % av pensjonsgjevande inntekt.

D: Arbeidsløysetrygd for fiskarar, etter rekning.

I 1984 vedtok Stortinget ei avgrensing av fiskarane sine sjukelønsrettar, ved innføring av 14 karensdagar og bortfall av 25 %-regelen.

Kvart år sidan produktavgifta vart innført, har satsen vorte fastsette ved vedtak i Stortinget. Det har vore sterk diskusjon under tida, om dei høgjingane som har kome har vore nødvendige for å dekkje utgiftene til dei ytingar produktavgifta skulle brukast til. I dei rekneskapa ein har fått frå Rikstrygdeverket har det gjennom fleire år sett ut som det ikkje var innbetalt nok til å dekkje dei sosiale plikter staten hadde mot fiskarane. "Underskotet" har så, fram til 1976, tilsynelatande vorte dekt med tilskot frå Sosialfondet for fiskarar, eller direkte frå statskassa. Dette har då medført krav om å setje opp satsen, for å få meir midlar. Kvar gong har nettopp manglande midlar vore grunngeving for å setje opp produktavgiftssatsen.

I 1987 var det forslag frå departementet om å heve avgiftssatsen frå 3,7 til 5,1 %. Finanskomiteen i Stortinget godtok dette, utan at det låg føre dokumentasjon på at det verkeleg var for lite innbetalt. Korkje Norges Fiskarlag eller andre fiskarorganisasjonar vart førespurde. Igjen vart Gudmund Restad kontakta, slik han hadde blitt det i sjukelønssaka. Han krevde då alle tal på bordet, og Senterpartiet føreslo saka utsett. Restad uttala seg til Sunnmørsposten, den 22. juni, og meinte at regnskapsrutinene klårt kunne skiljast ut. Dermed skulle det vere greitt å dokumentere kor høg satsen skulle vere, meinte Restad.

## FRAGLEBERGET I AKSJON.

Då produktavgifta vart innført og satsen vedteken i Stortinget, var det krefter innanfor fiskarmiljøa som meinte det var urimeleg at satsen skulle vere lik for tilverka fisk og for råfisk. I fylgje tidlegare statssekretær i fiskeridepartementet, Knut Vartdal, i "Sunnmørsposten, kom det initiativ frå Nordland Fiskarlag. Saka vart fylgt opp av Norges Fiskarlag og Norges Råfisklag som slutta seg til synspunkta, og vende seg til departementet. Den 14. februar 1969 sende departementet saka over til Fiskeridirektøren for uttale. Han seier seg samd etter ein del korrespondanse, at det bør vere lågare sats for tilverka fisk enn for råfisk. Grunngevinga var større omkostningar til tilverka varer enn til råfisk.

Den 2. juni 1969 sende departementet saka til skattedirektøren som i brev av 9. september same år sa seg samd i forslaget. Den 14. oktober kom det brev frå Råfisklaget med forslag om å redusere avgifta for ombordprodusentane med 1 % til 0,7%. Den 9. desember same år slutta Fiskeridepartementet seg til ordninga. I intervjuet med "Sunnmørsposten" seier Vartdal at korrespondansen berre er underteikna av embetsfolk. "Men det rokker naturlegvis ikke ved det ansvar den politiske ledelse har."

Det utrulege og merkverdige i denne saka er at framlegget ikkje vart sett fram overfor Stortinget, som er lovgjevar, og som kvart år skulle vedta satsen for produktavgifta. Her sat altså Stortinget, landets lovgjevande forsamling og vedtok ein sats kvart år, og like årvisst sette departementet ned satsen for ei einskild gruppe. Stortinget vart aldri orientert om saka,

og storparten av fiskarane og folk flest, irekna dei fleste av stortingsrepresentantane, hadde ikkje peiling på at ombordprodusentane betalte mindre avgift enn sjarkfiskarane. Det er også å leggje merke til at i vedtaket av 1968 står det ”råfisk og produkter derav”, ikkje berre råfisk. Men dei som visste det, prøvde å leggje lok på alt saman, så det ikkje skulle verte for mykje bråk om det. Ser ein på utviklinga, med ei sterk favorisering på fleire frontar av dei store effektive einingane innan fiskeria, er det klart at dette vedtaket, der departementet oppheva seg sjølv til å stå over Stortinget med å gå på tvert av vedtekne lover, hjelpte fram ombordproduksjonen, og var til skade ikkje berre for fiskarane sine sosiale ordningar, men for den landbaserte fiskeforedlingsindustrien som skulle konkurrere. Våren 1987 vart emnet skrive om på leiarplass i ”Fiskeribladet”. I oktober same året, kom FORUT-rapporten som tok opp saka. Men FORUT-rapporten vart lagt i skuffene hos dei som styrte Norges Fiskarlag, og kom ikkje den vanlege fiskarlagsmedlem i hende.

Håkon Jensen, delegat til Norges Fiskarlags landsmøte 1990, tok opp denne saka i sin reservasjon til landsmøtet i Norges Fiskarlag. Kåre Torvholm heldt seg sjølv sagt underretta om det som gjekk føre seg, og tok det opp, både i lokallaget, i Sunnmøre Fiskarlag og gjennom einskildpersonar på Stortinget. Men kvar var Norges Fiskarlag i denne saka? Dei burde vel som organisasjon for alle fiskarar teke ein skikkeleg debatt om ordninga, med høyringar i lokallaga?

I staden ser det ut som om dette som så mange andre saker, var noko som ein snakka litt om på kammerset og så vedtok på eit styremøte. I alle fall, den differensierte produktavgifta var eit faktum, heilt til i 1990.

Underteikna spurte i ein debatt i Stortinget, fiskeriminister Munkejord om han kunne svare på kvifor det var ulik produktavgift for fiskarane. Det kunne han ikkje svare på omgåande, sa han. Men han skulle meir enn gjerne svare på det seinare. I mai same året stilte Reidar Johansen spørsmål i spørjetimen om det same. Strakst etterpå vart dette endra, slik at produktavgifta vart lik for både ombordprodusentar og andre fiskarar.

No sidan har saka vorte brennaktuell igjen, for di det har gått opp for mange at dei sosiale ordningane har tapt store pengesummar i manglande innbetalte avgifter, og i renter og rentes rente gjennom tjue år.

Det har vore sagt at departementet har rett til å lage føreskrifter til lover som Stortinget lagar. Ja, sjølv sagt. Dette vert dei ofte pålagde, og dei må gjere det, i og med at dei einskilde utøvarar innan forvaltning og offentleg styre og stell, skal praktisere lovene. Men det er ein klar føresetnad at desse føreskriftene skal vere i tråd med intensjonane i lova, med andre ord vere heimla i lov som Stortinget har vedteke.

Difor er også uttrykket: ”med heimel i lov” så ofte brukte i føreskrifter og reglar. Men departement, fiskeridirektøren eller andre instansar kan ikkje lage føreskrifter og reglar i strid med vedtak i Stortinget. Kva skal ein i så fall med eit Storting?

Og det ville vere påfallande, dersom departementet skulle kunne oppheve ein skattesats som Stortinget fastset, og lage ein annan i staden, for di dei ”tykkjer synd på” ei eller anna gruppa. At Stortinget har vore for slepphendte med å undersøkje føreskrifter og reglar som departementa lagar, er ei anna sak. Noko har det med å gjere at kompromissvedtak frå Stortinget si side av og til vert så uklare og runde at departementet kan tolke det om lag som dei sjølve lyster. Dette har forfattaren av dette skriftet røynt i fleire saker dei siste fire åra. Det er også klart at ei lov stundom kan tolkast sterkt eller mildt, ettersom statsråd og departementsfolk har si personlege mining.

Men å unnlate å gje Stortinget opplysning om eit vedtak i departementet som fører til hundretals milliontap for staten, gjennom ei årrekke, der skiftande regjeringar og skiftande

statsrådar med sine sekretærar har sete og handla i strid med lova, det må då vel vere noko lite kriminelt?

Og å etablere eit nettverk mellom dei store i fiskerinæringa, i fiskarlagsstyre og råfisklag og fiskeridirektorat, og lage seg ordningar på sida av det demokratiske styresettet, der ein først favoriserer ei gruppe fiskarar, og så må høgje avgiftene som alle fiskarane betalar, for å dekkje eit underskot som ikkje kan dokumenterast finst, det må då vere toppen av sjølvråderett. Og midt opp i dette altså sjukelønssaka, der ein påstod at utgiftene til sjukeløn for fiskarar var så urimeleg høge, at ein måtte spare pengar med å gje dei straff i 14 dagar, dersom dei ikkje hadde vett til å verte sjuke midt under fisketuren. Det er då så "utkrope" at dersom det ikkje var så klønete gjort, kunne ein tru det stod smarte forretningsfolk bak. Spørsmålet ein sit att med er om smarte forretningsfolk er smarte eller klønete, når ein verkeleg går dei etter i saumane?

Men spørsmålet er også: Kva slags rådgjevarar har departement og regjering hatt i saker som vedkjem kysten og kystfolket? Kva slags politisk retning ligg til grunn når dei underjordiske eller fraglene eller kva det no er, får husere og vri utviklinga i ei bestemt retning? Kor uvitande går det an for statsrådar, statssekretærar og regjeringssjefar å vere, når ei ordning har vore gjennomført i årrekjver av det eine departementet (fiskeri) utan at det andre (sosial) less kjenne til det?

Og korleis ser Stortinget på sitt eige verd og sin eigen status, dersom dei viljug let seg manipulere?

## KVA I ALL VERDA VAR DET SOM HENDE?

I "Aftenposten" den 5. desember 1987 kunne ein lese at Arne Kremmervik truga Norges Fiskarlag med rettssak, for di det på eit presseseminar som Fiskarlaget arrangerte vart sett ut rykte om at økonomisk missleghald skulle vere grunnen til at han vart sparka frå stillinga si i Fiskarlaget.

Den 12. desember same året måtte Fiskarlaget rykke ut og understreke at rykta var heilt grunnlause: "Vi er blitt bedt om å stoppe uriktige rykter om Arne Kremmervik. Det har vi i brevs form gjort i dag til hans advokat, av hensyn til Arne Kremmervik," sa generalsekretær Finn Bergesen Jr. i Norges Fiskarlag.

Kva slags folk var det som fann det føremålstenleg å plante usanne og vondsinna rykte om den oppsagde generalsekretæren på eit presseseminar, der det krydde av mediafolk? Var det verkeleg gjort i den hensikt å øydeleggje mannen for all framtid, setje ein ettertrykkleleg propp i opposisjonen og slik advokat Roald Engeness sa det på møtet i Skaidi, at Fiskarlaget sa opp Kremmervik for di dei hadde behov for å markere seg, altså vise si makt?

Og var det verkeleg av "Hensyn til Kremmervik" at ein måtte dementere rykta? Var det ikkje ei soleklår moralsk plikt, og kunne det vere at ein reddast at ei rettssak ville kvervle opp meir støv og skit enn ein greie å puste i? Noko komisk er det å lese at det visstnok skulle vere ein koffert og eit kamera som var årsaka til at rykta kunne plantast. Om dette fortel Kremmervik fylgjande: Han var mektig irritert for di det ikkje fanst eit skikkeleg kamera på Norges Fiskarlags kontor, som ein kunne bruke til å forevige einskilde hendingar og møte. Han kjøpte då inn eit kamera. Då dette vart kjent, vart han innkalla "på teppet". Kremmervik varskudde då at kameraet skulle setjast på hans konto. Kofferten det var snakk om, var ein han lånte på kontoret for å frakte papira sine med, då han sa opp stillinga si. Det var sanneleg noko å byggje rykte på!

Det er å leggje merke til at det var innan organisasjonen rykta verserte. Der burde då grunnane for oppseiinga vere vel kjend og gjennomdrøfta før oppseiinga. Men det var altså slik at det

kvilte eit mystisk slør over saka, for di ho aldri var gjennomdrøfta i ope forum. Derfor var det lett å skape rykte. ”En meget ubehagelig sak for oss”, sa formann Hepsø. Ja, det skal ein få meg til å tru.

Men tenk om Arne Kremmervik ikkje hadde fått tips om at dei underjordiske var på ferde? Slike rykte er som rotter. Dei ynglar umåteleg fort, og det skal sterke middel til for å knekke dei. Det ligg mange offer langsmed allfarvegen der ryktemakarane har fare fram. Det kunne skrivast ei verd av bøker om slarv og rykte, utsette i tåpeleg skvaldrelyst, og så om dei verste: laga og planta for direkte å skade folk.

Kåre Torvholm veit litt om det. Rykta om at han var ei ”slye” som missbrukte sjuketrygda var ikkje særleg venlegsinna, og heller ikkje lette å verte kvitt. Men endå verre var rykta som verserte om at han ikkje har vore heilt tilreknaleg etter ulukka i 1979. Desse rykta har også svive for underteikna sine øyro, og det har vore utslengde flåsete utsagn frå organisasjonsfolk som har hatt uuttalte rykte under dei sagde orda.

## FAGLAGSAVGIFTA.

Faglagsavgifta er ei avgift som vert trekt av førstehandsverdien på fisk, etter at det er trekt lagsavgift til drifta av salslaga, og 0,25 % til pensjonen. Den var på 1% og har vore ein sikker inntektskjelde til drifta av Norges Fiskarlag.

I Noreg skal det vere organisasjonsfridom. Men slik innbetalinga av faglagsavgifta har vore praktisert, har kvar einaste menneskje som omsette fisk gjennom salslaga betalt denne prosent, anten dei er medlemmer av fiskarlaget eller ikkje. Fritidsfiskarar, kystfiskarar, hobbyfiskarar og kven det måtte vere, anten dei var organiserte eller ikkje, har betalt. Så lenge dei fleste fiskarar såg på Norges Fiskarlag som eit tenleg talerøyr og som sin organisasjon, betalte dei utan å kny. Og til og med fritidsfiskarane som selde noko fisk av og til, når det vart for mykje til eige konsum, betalte viljug, for di mange av dei hadde vore yrkesfiskarar, og elles var det då grannar og slekt som var fiskarar. Slikt var ikkje noko å rekne på. Men ettersom motsetningane i fiskarlaget har auka, og somme melde seg ut av fiskarlaget, /eller vart ekskluderte) tok fleire til å stille spørsmål om det verkeleg var lovleg med den tvungne avgifta.

Den 18. mai 1989 skreiv mannskapet på ”Rollon” til styret i Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, og kravde utbetalt 1-prosenten, med den grunngjevinga at dei ikkje var organiserte i Norges Fiskarlag, og at den ikkje skulle trekkjast ved seinare oppgjer. Dersom det ikkje skulle la seg gjere, etter vedtektene i Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, kravde dei at avgifta vart sett inn på sperra konto til det vart avgjort om det fanst heimel i lova for ei slik tvungen avgift. Brevet var underskreve av mannskapet. I eit brev den 9. mai 1990 frå Fiskeridepartementet til lovavdelinga i Justisdepartementet vert det bedt om ei utgreiing med bakgrunn i eit spørsmål frå Stortingsrepresentant Reidar Johansen (SV) som skulle svarast på av fiskeriministeren i spørjetimen den 16. mai:

”Finnes det hjemmel i norsk lov for at Norges Fiskarlag kan kreve inn organisasjonsavgifter for fiskere som ikke er medlemmer i organisasjonen?”

Den 14. mai svarar lovavdelinga m.a. fylgjande:

”Høyesterett fant her at Råfiskloven ikke gir Norges Råfisklag hjemmel for å kreve inn avgifter som ikke skal inngå i oppgjøret med fiskerne for førstehandssalget eller dekke lagets utgifter.”

”loven gir etter vårt syn ikke hjemmel til å kreve inn avgifter som skal brukes som en ren støtteordning til fordel for faglagene. Det er heller ikke hjemmel i paragraf 7a for at salgsorganisasjonen kan innkreve medlemsavgift for faglagene.”

Etter dette prøvde faglaga å endre vedtektene slik at faglagsavgifta skulle kunne løyvast av eit overskot. Men om dette uttalte Justisdepartementet m.a.:

”Avgiftsvedtakene kan imidlertid ikke primært ta sikte på økonomisk overskudd i lagene, regulering av omsetningsmønsteret eller andre formål som klart faller utenom å holde omsetningsapparatet i gang.”

Spørsmålet frå Reidar Johansen vart trekt. Underskrevne trudde det var for di Johansen skulle reise bort den onsdagen. Men Klassekampen skreiv om saka, og fiskeriminister Munkjord gav uttrykk for at han meinte Johansen hadde fått åtvaring frå Arent M. Henriksen. Henriksen sat som sekretær i Norges Fiskarlag. Men Nunkejord sa at han ikkje hadde slept saka, sjølv om spørsmålet vart trekt. ”Klassekampen” stilte spørsmålet: ”Men kvifor meinte fiskeriministeren at Henriksen skulle ha interesse av å påverke partifelle Reidar Johansen til å trekke spørsmålet? Det kunne berre vere interessant dersom svaret var dårleg for Fiskarlaget. Visste fiskeriministeren at Justisdepartementet sitt svar innebar at ordninga med automatisk kontingenttrekk var svært tvilsam?

Den 21. mai, tre dagar etter at svaret skulle ha vore gjeve i spørjetimen, fekk ”Klassekampen” oppgjeve at svaret frå Justisdepartementet ikkje var klart, det var sagt at det skulle liggje føre om ei veke. Men denne feilinformasjonen har ikkje departementet kunne gjere greie for... Saka var oppe på eit ope møte i Herøy på Sunnmøre den 15. mai. Der var 2000 fiskarar samla, og Munkejord var midt i mellom dei. Men Munkejord ville ikkje svare...

Faglagsavgifta har altså ikkje vore lovleg. Likevel la ein lok på saka og prøvde å teie tilhøva i hel.

Oddmar Remøy skreiv i eit brev til justisminister Jørgen Kosmo, den 26.01.93, på vegne av Aksjonskomiteen i Indre Herøy Fiskarlag, m.a.: ”Denne saken har dermed vært ”til vurdering” i Fiskeridepartementet siden 1989 uten at det er truffet vedtak i saken. Dette selv etter at lovavdelinga i Justisdepartementet i 1990 vurderte den tvungne faglagsavgiften som ulovlig. Nå sier Fiskeridepartementet i brev datert 13.01.93 til dem at saken på nytt skal en runde innom Justisdepartementet som i 1990. Det er dermed lite som tyder på at denne saken får en avklaring i den nærmeste framtid. Dette kan ikkje tolkes som annet enn uakseptabel trenering fra Fiskeridepartementets side.”

Og framleis har fiskesalslaga halde fram med å trekkje den tvungne avgifta, medan dei febrilsk leitar etter måtar å legitimere den som lovleg. For Norges Fiskarlag er svært avhengig av desse pengane. Dei har ”levd høgt” på denne avgifta, som kan utgjere 40-50 millionar i året.

Det siste ein har sett om saka er at folk frå reiarsida i Norges Fiskarlag har ytra seg i avisene om at no må Fiskarlaget ta til å arbeide for fiskebåtreiarane, meir enn dei har gjort til no, -desse som ber børen, - For dersom laget ikkje det gjer, vil desse ikkje sjå seg mun i å stå som medlemmer, dersom ein no skal basere seg på friviljug medlemsskap. Og det går rykte om at Norges Fiskarlag snart er bankerott.

YRKESKADETRYGDA.

Yrkesskadetrygda vart inkorporert i folketrygda i 1971. Fiskarane som gruppe vart då kollektivt forsikra mot yrkesskade, ved at dei betalte ein premie på 0,2 % av samla pensjonsgjevande inntekt. Premien skulle dekkjast av produktavgifta.

I 1990 vart det endringar, ved at fiskarane no skulle sjåast som sjølvstendig næringsdrivande, anten dei hadde lott eller var båteigarar. Dette førte til at ein då rekna seg fram til at alle fiskarar var sjølvstendige næringsdrivande og såleis skulle betale for friviljug tilleggstrygd. Eller som det så greitt heiter: Arbeidsgivarane skal betale yrkesskadetrygd for sine tilsette. Dermed la ein opp til ei såkalla pakkeforsikring, som alle fiskarar må betale. Denne forsikringa er ei "samrøre" mellom FGT, Fiskernes Gjensidige Trygdslag/Samvirke og Folketrygda. Det er knytt ei refusjonsordning til pakkeforsikringa. For kvar utbetaling for skade og liknande, skal folketrygda ha 120% for å dekke pårekna trygdeutgifter for same tilfellet, til dømes uførepensjon.

Det har vore reist kritikk frå fiskarar einskildvis, og frå m.a. Indre Herøy Fiskarlag, og ikkje minst frå adm.dir. Knut Mortensen i "Tromstrygd", som kalla samarbeidet mellom Norges Fiskarlag og Samvirke forsikring for "eit lukka broderskap" i avisa "Tromsø" den 20. juli 1993. Han går sterkt ut og seier at det er eit "hemmelighetskremmeri". Han klagar over at det ikkje er råd å få innsyn i korleis premien vert utrekna, så fiskarane har ikkje sjanse til å fylgje med. Det einaste ein kan halde seg til når det gjeld rekneskap, er rekneskapa frå FGT til Kredittilsynet. Der går det fram at selskapet i 1991 tok inn premie på 21,57 millionar og hadde utbetalningar på 3,7 millionar. I 92 var premien 16,3 millionar og utbetalingane på 3,8 millionar. Det ser altså ut til å vere ei svært lukrativ forretning for forsikringsselskapa, om dette er rett.

Finansministeren slo fast i brev av 29. oktober 1992 tala frå Rikstrygdeverket sine rekneskap av 1991 at det med 0,2 % produktavgifta var innbetalt 5 millionar kroner. Det ser altså ut til at fiskarane er dobbelt forsikra, utan at dei får større ytingar. No er det vel noko meir enn yrkesskade inne i pakkeforsikringa. Men det er ein mindre del. Men dessutan er fiskarane uføretrygda og alderstrygda gjennom folketrygda, til liks med andre.

Arne Kvalheim, ekspedisjonssjef i Sosialdepartementet, svara på spørsmål frå Kåre Torvholm i "vestlandsnytt" 9. mars 1993, og slær der fast fiskarane er forsikra gjennom folketrygda, og at dette gjeld utan omsyn til om den einskilde fiskar også skulle vere dekka etter den nye arbeidsgivar finansierte yrkesskadeforsikringa.

I proposisjonen av 1989/1990 var intensjonen at pakkeforsikringa skulle kome i staden for 0,2%-trekket. Men 0,2% er der ennå, og i tillegg skal altså fiskarane betale premie for pakkeforsikringa som var på 4 212,- pr. mann pr. år i 1992. Så må ein spørje: Er denne pakkeforsikringa laga for forsikringsselskapa si skuld?

I styret for FGT sit fiskarlagsformann Hepsø, og som rådgjevar for FGT har heilt til siste tida sete stortingsrepresentant Roger Gudmundsen frå Arbeidarpartiet, tidligare kontorsjef i Norges Fiskarlag.

Proposisjonen frå 89/90 er om lag like lett å lese som Bibelen på hebraisk. Så dei som etterlyser enklare trygdeordningar, meir innsikt og større openheit, bør ta til å misjonere med ein gong. Ein kan få misstanke om at hensikten er å få all trygd over på private forsikringsselskap. Men kvifor teier både Hepsø og Kredittilsynet?

**KAN DET VERE FANTASI OG PÅFUNN, ALT DET OPPOSISJONE FORTEL, ELLER.....  
TENK OM DET ER SANT!**

Suspensjonane av åtte medlemmer i to lokallag på Sunnmøre på årsmøtet i Sunnmøre Fiskarlag 11. november 1988 har vi tidlegare nemnt og det er velkjend. Det vart mykje omtala både i avisene og mann og mann i mellom. Det som gjekk førut for desse suspensjonane, var, som vi veit, sjukelønssaka og oppseiinga av Arne Kremmervik. Folk frå dei to laga la ned mykje arbeid for å oppklåra kva som hende i desse sakene. Dei grov såpass djupt at det vel tok til å verte utriveleg for dei som sat på ei tunn jordskorpe og kjende grunnen riste under føtene. Dei åtte ville ha greie på kva slags spel som vart drive bak kulissane. Det var det nok ikkje alle magar som tolde.

Det var styret i Sunnmøre Fiskarlag som i samband med årsmøtet vedtok å suspendere dei åtte. Nokre få dagar seinare kom det ei grunngeving, der det vart sagt at desse åtte hadde spreidd usanne rykte og sterkt ærekrenkjande påstandar mot Sunnmøre Fiskarlag og leiinga der.

Landsstyret i Norges Fiskarlag fann i byrjinga å ville innhente uttalar frå dei suspenderte, og sette ein frist for desse uttalanane til 15. januar 1989. Men dei fann ikkje å oppheve suspensjonane midlertidig slik dei åtte bad om, for di dei meinte lokallaga var skadelidande. Advokat E. Johnsrud tok opp dette med Norges Fiskarlag. Han hevda i fylgje "Sunnmørsposten" at det ikkje var grunnlag i lovene for å stadfeste ein suspensjon utan å vedta eksklusjon. Han meinte saksbehandlinga frå landsstyret si side var tvilsam, sett ut frå den lange tida det ville ta fram til endeleg vedtak, og den utryggeleiken det ville skape for medlemmene.

Leine og Voldsund Fiskarlag og Bø og Sande Fiskarlag gjorde vedtak på sine årsmøte der dei gjekk ut og åtvara landsstyret mot å ekskludere dei åtte. Den 6. mars 1989 tok dei åtte ut stemning mot Sunnmøre Fiskarlag med advokat Johan Hagen som sin sakfører. Same dagen sede dei ved Hagen begjæring til Søre Sunnmøre namsrett om midlertidig tiltak, altså at suspensjonane kunne opphevast midlertidig, så lenge hovudsaka mellom partane varte. I stemningsdokumentet seier Hagen i fylgje Gunnar Grytås i avisa "Nordlys": "Norges Fiskarlags vedtekter et et guff fra middelalderen der laget spiller lensherrens rolle med hals og håndrett over de enkelte medlemmene."

Han skriv i stemninga at "suspensjonene skjedde på en særdeles infamerende måte, med gjester fra Storting, regjering og fiskernes økonomiske organisasjoner tilstede i salen". Hagen meinte at handsamingsmåten var inkvisitorisk. Medlemene fekk ikkje varsel om suspensjonsspørsmålet og dei fekk ikkje lov til å uttale seg på møtet.

Hagen kom også inn på interessemotsetningane i Norges Fiskarlag og seier: "Det er innlysende at en organisasjon med redere og lottakere må ha motstridende interesser.... Men saken gjelder også fiskernes ytringsfrihet, og grensene for hvilken kritikk og reaksjon medlemmene kan komme med overfor ledelsen."

Ved namsretten si kjenning av 4. april 1989 vart oppmodinga om midlertidig oppheving ikkje teken til fylgje. Denne avgjerda vart påanka til Frostatings lagmannsrett. Men kjæremålet vart avvist den 5. desember. Dette vart gjort på bakgrunn av manglande rettsleg interesse, ettersom Norges Fiskarlag ved Landsstyret 11. mai 1989 hadde gjort vedtak om å ekskludere saksøklarane. Også den siste avgjerda vart anka. Men 25. januar 1990 stadfeste Høgsterett sitt kjæremålsutval Lagmannsretten si kjenning.

Den 22. november 1989 vart det avgjort at hovudforhandlinga i saka skulle opp 12. februar 1990.

Men den 29. januar 1990 trekte dei 8 ved advokaten søksmålet tilbake. Saka var nok av mange imøtesett med interesse. Men i mellomtida vart dei åtte ekskluderte av Norges

Fiskarlag, slik at heller ikkje hovudsaka hadde rettsleg interesse. Sunnmøre Fiskarlag hadde teke til motmæle og påstått seg frifunne.

Sunnmøre Fiskarlag var samd i at saka kunne dragast tilbake, men etter desse stemningane vart dei åtte dømde til å betale 34 000 kroner i saksomkostningar til Sunnmøre Fiskarlag.

I april same året stemnde fire av dei ekskluderte Norges Fiskarlag for Trondheim byrett, med krav om at eksklusjonane måtte verte oppheva, og påstand om erstatning og oppreisning.

Ei veke før denne saka skulle opp, tok Norges Fiskarlag initiativ til forhandlingar, og med bakgrunn i den interne striden i Norges Fiskarlag, tok dei fire i mot tilbodet om medlemskap, som sitt bidrag for å berge organisasjonen. Dei fire andre fekk samstundes att medlemskapen utan forhandlingar.

## HEMNAKSJONAR?

Gong etter gong har fleire av dei medlemene i Indre Herøy og Sandsøy Fiskarlag som vart ekskluderte i 1989 hevda at dei har vore forfylgde, og har vorte offer for hemnaksjonar, etter at dei opponerte i både sjukelønssaka og fleire andre saker.

Er det slik at dei underjordiske, eller fragileberget om ein vil, har sett seg ut desse som høvelege sparkebukkar, eller er det berre tilfeldig vanlagnad som har forfylgt dei? Ein må spyrje seg, for di det også kjem signal om slikt frå andre av dei som har stilt seg kritiske til Norges Fiskarlag si rolle i ein del saker, både folk frå Nord-Norge og lenger sør. Det gjeld også folk som i likskap med Aksjonskomiteen i Indre Herøy Fiskarlag har sett interessemotsetningane berre auke og auke innanfor den organisasjonen som har monopol på å forvalte fiskarane sine interesser og mynde til å forhandle på deira vegne.

Det er ikkje berre at dei har kjendt seg motarbeidde frå sin eigen organisasjon, nei det ser ut som det finst ein vevkjerringvev, med trådar til alle kantar, og at somme av desse trådane er festa i deler av organisasjonen, andre er feste i eit spesielt miljø i somme kommunar, m.a. Herøy. Endå eit hjørnefeste har ein i departement og styringsverk, og heilt opp på regjeringsplan. Og så går det støttettrådar til media, til helse og trygdevesen, til politi og kanskje også til rettsvesen.

Dette høyrer så fantastisk og skræmmande ut, at ein heller vil kripe under dyna og tru at eventyret om fraglene, berre er fri fantasi om uskuldige oppdikta skapningar, slik dei er framstilte i den koselege barnefilmen på TV. Der heiter det visst ellers Fraggler, så det må vere ein annan sort, meir venlegsinna liksom... Men dersom nettet er verkeleg, ja då vil det vere verdas lettaste sak for langbeinte edderkoppar å springe mellom festa, og det vil kunne oppstå bindingar og fortrulege samtaler, litt rådgjeving her og litt øyretuting der, så får ein det som ein vil. I sær for di interessene er sams for dei som herskar over veven, og dei som veven er feste til.

Det er difor dei kan herske, og smått om litt pirke seg til fleire rettar og litt fleire fordeler, suge ut ei fluge av og til, når svolten er stor, eller la henne hange i nettet å vri seg til ho riv vengene av seg. Som vi før har påpeikt, er det ei interessemotsetning innan Norges Fiskarlag, mellom kapital og menig fiskar, mellom store og små.

Det har vore maktpåliggjande for dei styrande kreftene i organisasjonen å skjule dette, for di dei har nytte av dei små, både økonomisk og organisasjonsmessig. Difor har ein heile tida



prøvd å la det sjå ut som det er semje og gode greier mellom fiskarane, og prøvd å leggje lok over alle usemjer. Lenge lukkast dei med det, for di det var så vidt få som opponerte, at desse kunne kjøpast eller trugast på plass i rekkene. Og endå alle som ville vite det, måtte vite kor store konfliktenne hadde vore, fekk underteikna ”refs”, då eg på eit møte med fiskarane i Herøy sa i eit innlegg, noko slikt som at ”det er vel ikkje fullt så stor semje i fiskarlaget som de gjev uttrykk for, -de er vel usamde innbyrdes, de og, av og til, så vidt eg har forstått.”

Formann Jakob Strand i Sunnmøre Fiskarlag kom då i affekt og ville vite om eg var ute etter å splitte fikarane. Fiskarane hadde alltid stått samla, uttrykte han. Og etterpå fekk eg brev frå ein fiskar i Herøy som uttrykte så stort eit vonbrot over meg som hadde ytra meg så ufint på møtet i Herøy.

Om dette sa dei, fullt vitande om det kvæpsebolet dei levde i, og fullt vitande om den krigen som hadde pågått i mange år. Så lenge ein fekk fleirtalet av fiskarane til å bite på den store skrøna at det berre var nokre yrkeskverulantar og bråkmakarar som heldt spetakkel og mangla både vett og dømekraft, kunne ein halde fram med å drage i trådane, slik at ein heldt på både makta og posisjonane, og saman med dei politisk syresmaktene kunne drage utviklinga i ei retning ein ynskte, med fordeler til dei store, og restriksjonar som ramma dei små hardest.

Når dette er så tydeleg på Sunnmøre, er det nettopp for di kapitalkreftene innanfor fiskeri har samla seg her i så stor grad. Det er mange grunnar til det, og ikkje alle er like velluktane. Men det som har vore taktikken i dei seinare år, har vore å framstille det som ein konflikt mellom nord og sør. Dette har både folk i Nord-Norge og folk frå Møre og Romsdal halde fram.

I Møre og Romsdal og på Sunnmøre i sær, har ein spelt på dette, med diverse flåsete angrep på ”udugelege, tiltakslause og late” folk frå nord, og tilsvarande driftige, uredde og framtøke Sunnmøringar. Nord-Noreg har svart med foruretta sure oppstøyt om mafiaen på Sunnmøre. Forfattaren har fått både kjeft og illelæte for å ha gått mot desse offentlege godtekne ”sanningane”, og vorte skulda for dei mest lugubre haldningar til fiskarane, i sær dei som jobba i trålarflåten.

At det er ei politisk vurdering kva som i framtida er forsvarleg med omsyn til ressursar og arbeidsplassar i Fiskeri-Noreg, kjem heilt i bakgrunnen. Under valkampen i 1989 vart det utruleg mange telefonar, anonyme og namngjeven, i sær på laurdagsnettene, frå folk som skulle lære undreskrevne kvar David kjøpte ølet, når det gjaldt synet mitt på fiskeri. Og så seint som hausten 1993, då nokon kvar sat i sjokk for di banklinebåten ”Bordanes” gjekk ned og så mange misste livet, fekk eg telefon frå ein fyr som sa at: ”Du er vel glad no, når desse omkom du som er så mot havgåande båtar.”

Eg må seie at eg vart noko sint og sjokkert, så mitt svar vart kort: ”Anten er du full eller så er du galen, god natt!”

Men det er trist at ein politisk open debatt skal verte øydelagd av primitive og vulgære metodar.

Vulgære metodar og anonyme brev kan ein nok aldri verne seg mot. Verre er det når slike haldningar vert oppmuntra av dei som skal føre debatten i politiske fora og i organisasjonane.

Uviljen til Noregs Fiskarlag når det gjeld å gje Kystfiskarlaget status som gruppeorganisasjon på likefot med Fiskebåtrederens Forbund og Norske Trålredierers Forening er eitt av døma på korleis ein prøver å skjule at det er klassemotsetnader innan fiskaryrket.

Men om det hadde vore noko hjelp i å få Noregs Kystfiskarlag godkjendt som gruppeorganisasjon er eit spørsmål. For striden no om EF-saka og om den framtidige fiskeripolitikken, vil det å foreine kystfolket i ein organisasjon der kapitalen har bukta og begge endene, vere like umogleg som å foreine eld og vatn. Og endå verre er det, for di makta har teke og tek i bruk udemokratiske metodar, og let den eine uærlegdomen dekkje den andre. Steinar Friis, leiar for Norges Kystfiskarlag, tok bladet frå munnen i eit intervju med "Finnmark Dagblad" den 8. november 1993:

"Kystfiskerne befinner seg i en forferdelig situasjon. Vi må argumentere for vår egen berettigelse overfor dem som styrer i næringa. Og det er jo folk som har skolert seg bort fra sannheten. De ønsker bare å redusere antallet kystfiskere -slik at kvotene kan gis til en havflåte som truer bestandene på alle verdenshav." seier Steinar Friis.

Lenger ute i intervjuet vert han stilt spørsmålet: Hvem er skurkene i næringa?" Og svaret kjem med fynd og klem: "Det er dem pengedjeveln har tatt. Det er de store enhetene på sjø og land. De tenker bare større fortjeneste og større fortjeneste, uten hensyn til hva naturen tåler. Ferre fiskere gir ikke mer fisk i havet. Spørsmålet er hva slags type fiske vi skal drive. Havfisket sysselsetter ferre, men betyr samtidig rovdrift på ressursene. Slik er det over hele kloden. Kystfisket derimot sysselsetter langt flere og er langt mer ressursvennlig. Vi følger spillereglene i naturen."

Den 20.september svara Fiskeriminister Jan Henry T. Olsen på "åtaket" og seier at dette er ei fullstendig galen skulding. "Realiteten er at kystflåten er og skal være en bærebjelke i norsk fiskerinæring. Hovuddelen av torskekvoten tilfaller da også denne fartøygruppa. Vi ønsker en sammensatt fiskeflåte i Norge, av både små og store fartøyer. Der har havfiskeflåten sin naturlige plass, men det står fast at kystflåten også for framtida vil ha en sentral stilling i norsk fiskerinæring."

Ja, ja, vi får håpe det er sant. Men sterke krefter meiner i allefall at det er rikeleg nok med 7 000 fiskarar her i landet, berre ein har effektive, havgåande ombordprodusentar. Kanskje er det lurt å skrive seg bak øyra Friis sin sluttsats: "Husk, det er fisken som skaper markedet. Det er ikkje markedet som skaper fisken."

Og korleis fiskarane kjem til å reagere på at styresmaktene vil dele Noreg etter den sekstiandre breddegraden, og gje EF retten til å forvalte det som ligg sør for denne linja, skal vere underleg å observere.

La oss sjå litt på nokre av hendingane som er kjende mellom mange fiskarar på desse kantar. Som vi plar seie: "Det er både låkt og løye."

Eigaren av "Dolstind"; Rasmus Vorren, vart nekta torskekvote då den nye lova kom om eit gjennomsnittskvantum for dei tre siste åra. Rasmus Vorren hadde då hatt torskefiske som hovudinntekt i nestan 20 år, og fiske hadde vore hans leveveg sidan ungdomsåra. Men i dei tre siste åra det var snakk om var dei dårlegaste torskeåra i manns minne. Utan å vete at den skjebnesvangre lova skulle verte fødd av den borgarlege regjeringa i 1989 og boren til dåpen av Oddrun Pettersen med rådgjevarar innan fiskarmiljø og fiskarlag som fadderar, avslutta han torskefisket og la seg på sei og hyse i staden. Rasmus Vorren har, så vidt skribenten kjenner til, gjort rett og skjel for seg til alle sider, men han høyrte til dei åtte som vart ekskluderte, og det ser ut til at ei form for utstøyting og forbanning råder i desse krinsane, slik ein hører om i religiøse fundamentalistiske samfunn. Rasmus Vorren var vel ingen Salman Rushdie. Men fraglene fekk i allefall vatn på mylna, og praktiserte den store geniale ideen utan nåde.

Burde Rasmus Vorren ha vore profet og førutsett at den nye lova kom? Det er sjølv sagt slik at lov skal fylgjast, om ho er aldri så idiotisk. Men det var rom for mykje skjøn her, og når det vart tildelt ekstravoter, var det nok fleire som fekk kvoter, som ikkje hadde fiska ein torsk. Og det vart i allefall påstått at somme fekk kvote når dei skulle selje båten, for at dei kunne få høgare pris. Vi trur faktisk det kan provast. Slik sett er den offentlege forvaltninga å rekne som ein allmechtig gud, som velsignar den dei vil velsigne og forbanne den dei vil forbanne. Og dei kan tolke lovene som deira forstand og hjartelag tilseier. Men det er ikkje alltid dei høgre maktene utdeler forstanden og i alle fall ikkje hjartelaget, saman med embetet.

Rasmus Vorren anka vedtaket til fiskerisjefen, men fekk avslag. Han søkte så om fri sakførsel, for di han kjende seg urettvist handsama og for di det stod om levebrødet, men fekk avslag for di han var sjølvstendig næringsdrivande. (Det er meir enn utkrope å først ta levebrødet frå folk, og etterpå hindre dei i å få saka si prøvd.)

Her burde det i det minste vore oppretta eit fond, så folk hadde rettstryggleik, også når fiskarlaget sviktar sine eigne medlemmer: men ei liknande sak kom opp i byretten i Ålesund. Domen gjekk vel embetsverket i mot, og i rettsboka kom det fram hard kritikk av fiskerisjefen for forskjelsbehandling og for slett sakshandsaming.

Då Vorren anka saka si til fiskeridirektøren, bad han om å få utlevert rettsboka i den andre saka, for han ville lage eit tilleggsskriv. Han tok kontakt med Sunnmøre Fiskarlag for å få hjelp til å få tak i henne, og hjelp til maskinskriving.

Frå brevet Vorren seinare skreiv til kontrollnemnda i Sunnmøre Fiskarlag, siterer vi:

”Kort fortalt: Bjørdal ynskte meg velkomen til kontoret, og skulle få domen (rettsboka) med fiskerisjefen, noko som ikkje gjekk, då det vart opplyst at fiskerisjefen ikkje hadde domen. Og det var greitt. Dette var torsdag. Bjørdal lova å hjelpe meg å få rettsboka, og eg skulle møte på mandag, den 13/1-92.

Etter fleire forsøk på fredag ettermiddag, lukkast det ikkje å kome i kontakt med Bjørdal, så eg fekk då privatnummer med Furnes.

Eg kontakta Bjørdal, gav han eit telefonnummer på tinghuset, der andre hadde fått rettsboka. Eg gjekk ut frå at dokumentet, rettsboka, som eg hadde behov for slik at eg kunne ivareta min tarv, var på plass då eg møtte fram mandag ettermiddag.

Mandag den 13/1-92 møtte eg på kontoret til Sunnmøre Fiskarlag. Adm. Beklaga at dei på tinghuset berre kunne levere ut rettsboka til partane. Eg tok då fram rettsboka som eg hadde fått tak i laurdag ettermiddag, då eg frykta at det kunne ”skjere” seg med Sunnmøre Fiskarlag, som eg sa på kontoret.

Nils Furnes endra då haldning, tvert. Sunnmøre Fiskarlag kunne ikkje vere med på å setje ned på papiret noko av rettsboka, då domen var anka. (Eg hørde ikkje noko om dette før eg sjølv tok fram rettsboka.)

Eg bad berre om hjelp til å skrive brevet på maskin, og setje ned på papiret det eg sjølv ville.

Eg hevda at eg åleine, stod fullt ut ansvarleg for innhaldet, som eg skulle underteikne sjølv. (Eg fekk inntrykk av at adm. Vart overraska og urolege då eg hadde rettsboka).

Eg peika på at eg hadde kasta bort ein heil dag, grunna ein lovnad om hjelp. Furnes sa då at han måtte ha tillatelse frå sine overordna, og det var greitt for meg. Etter ein telefon med nestformann Røsåk, kom Furnes med eit nei, på grunn av at Sunnmøre Fiskarlag ikkje kunne hjelpe meg når ikkje andre fekk hjelp. Sunnmøre Fiskarlag ville ikkje forskjelsbehandle medlemmer.

Eg blei skuffa og sint, ikkje berre følte eg meg lurt, og vart lurt, og det vart brukt løgn overfor meg. Bjørdal sa at det var Furnes som bestemte. På toppen av det hile, kom Furnes til meg som medlem, med denne arrogante og frekke uttalen; ”Vi må ha eit forhold til fiskerisjefen også.”

Då gjekk eg frå kontoret. Eg fekk den hjelp eg bad om på Sunnmøre Båttrygdelag.” Rasmus Vorren anka saka si til Fiskeridepartementet, men dei av slo med den grunngevinga at Rasmus Vorren ikkje var så avhengig av torskefiske som t.d. ”Brødrene V”, båten som var oppe i den nemnde saka, som først fekk avslag, men sidan hadde fått kvote. Korleis dei kunne seie dette, er framleis ei gåte. For sanninga er vel den at eigarane av Brødrene V”, var skipper og bas på kvar sin båt, og dreiv so hovudgesjeft der, medan ”brødrene V” på den tid berre vart brukt sesongvis når dei var heime.

I Stortinget prøvde underteikna å ta opp Rasmus Vorren (og andre) sine problem, når det gjeldt tildeling av kvoter. Og det kom nokre ekstrakvoter, men Vorren var framleis ute. Eg fekk då avtale eit møte med fiskeriministeren (Oddrun Pettersen) gjennom Laila Kaland. Men statsråden fekk det svært annsam, då eg bar fram saka, ho for bortetter korridoren med Laila Kaland i kjølstropa. Eg for etter og snakka om kvote til Rasmus Vorren. Men statsråden svara at ho ikkje kunne gripe inn i det fiskerisjefane gjorde. Basta!

Magnus Kvalsvik heiter ein fiskar som melde seg inn i Indre Herøy Fiskarlag i 1988 for å vere med å slåss. ”Klassekampen” har skrive mykje om den saka. Kvalsvik skaffa seg ein fiskebåt. I fylgje Kvalsvik og ”Klassekampen” var han i kontakt med Sparebanken Møre for å søkje om finansiering av båten ”Nesflud” sommaren 1987. Men Sparebanken Møre ville ikkje ta på seg finansieringa. Båten vart finansiert av Kredittkassa og Statens Fiskarbank. Men brått fekk han seg førelagd ein panteobligasjon på kr. 100 000,- frå Sparebanken Møre.

Sjølv seier han at han ikkje var i kontakt med Sparebanken på det tidspunktet då obligasjonen vart underteikna. Han påstår ikkje å ha sett obligasjonen før han vart tinglyst. Men dette førte til at han miste tiltru i kredittkassa. Han vart nekta å drive båten frå mai 1988, og måtte seinare selje han. Han melde Sparebanken Møre og fiskerirettleiaren i Herøy, men saken vart bortlagde, utan at Kvalsvik fekk noko grunngeving for det. I fylgje ”Klassekampen” var ein av dei personane som underteikna obligasjonen nærskyld av dåverande ordførar i Herøy, Charles Remø, fiskarkongen som også sat som landsstyremedlem i Norges Fiskarlag, i styret i fiskesalslaget, som ordførar i Herøy og i utallige andre verv, og hadde høve til å drage i dei fleste trådar...

Kvalsvik melde banken og fiskerirettleiaren for dokumentfalsk. Men det er slik at lensmannen skal vere både etterforskar i slike saker, og vere namsmann med plikt til å setje namnet sitt under og gjennomføre tvangsinndrivingar og auksjonar. Så det er kanskje ikkje så rart at lensmannen i slike saker vegrar seg for, når han har sett namnet sitt under eit dokument, å ta til å ”etterforske” seg sjølv?

Sant eller ikkje sant, ”that is the question.”

Men påfallande mange saker har vore bortlagde etter såkalla ”vurdering” når det gjeld tilhøve som fiskarane har funne urettferdige og rettsstridige. For di kvalsvik nekte å vedkjenne seg obligasjonen, gjekk banken til tvangsauksjon. Ved dei to første auksjonane kom det ingen bod. Tredje gongen (19. des 1990), baud både Kredittkassa og Sparebanken på huset. Men Kvalsvik fekk tilslaget på 385 000 kr. på vegne av sonen. Men då Kvalsvik skulle betale, nekta banken å ta mot pengane. Ny auksjon vart halden, den fjerde i rekkja., og først då fekk han kjøpt att huset, og etter det vart bankkontoen til sonen tappa for gebyr, mellom anna til lensmannen. Kvalsvik måtte altså først avhende båten og sidan kjøpe att sitt eige hus fire dagar føre jul, for 380 000,-.

Det høyrer med til historia at det brått dukka opp ein ny panteobligasjon som Kvalsvik påstod at han ikkje hadde sett. Det gjaldt hefte i ein annan eigedom. Men hos sorenskrivaren i Volda attesterte dei at han ikkje var tinglyst, så den vart fråfallen. Men nyleg, (nov. 93) dukka den opp på nytt, som troll or øskje. Dei underjordiske er ikkje mette endå?

Tapping av andre sin konto, er i alle fall ulovleg, om det er sant.. Og det skulle vere verdens lettaste sak å motprove det, dersom det er faktum. Men når slikt vert meldt, men saka aldri vere etterforska, og såleis berre hamnar i ein skuff hjå lensmannen, kjem sanninga aldri på bordet, men folkeprat og rykte lever sitt eige liv. Og når folk er nækte til skinnet så dei knapt ser seg råd til å føre sak, og til og med pressa til å leggje lok på sakene, slik størsteparten har gjort, kvar er så den demokratiske rettstryggleiken?

Lufta er sterkt forureina. Dersom det finst berre 20% sanning i Magnus Kvalsvik sine påstandar, har vi med ein skræmeleg kultur å gjere. Og at det har vore mykje som har forpesta lufta i årerekkjer innan fiskarmiljøa, er sikkert. Så kvifor hakkar ikkje styresmaktene opp heile svineriet og fjernar giftgassutsleppa? Er det eit "kollegium" som samarbeider for å leggje lok på sakene?

Skjønar dei ikkje at dette er ei tidsinnstilt bombe?

Og korleis kunne det ha seg at Magnus Kvalsvik vart feildiagnostisert i ei årrekke som alvorleg hjartelidande, og måtte gå sjukmeld og oppleve å verte "brukt" som døme på trygdemissbruk? Var det eit hendeleg uhell, eller var det grov tenesteforsøming, eller var det eit behov for å finne døme på missbrukarar og "slyer" som dei sidan kunne bruke for å prove eit høgt forbruk av sjukepengar, den gongen dei førebudde karensdagane?

Det er ikkje forfatternen si plikt å svare på desse spørsmåla, men tankane er tollfri. Dei avsløringar som i den seinare tid har kome, sist boka om overvaking og avlytting innanfor LO og Arbeidarpartiet, er såpass sjokkerande at det ristar i grunnvollen under oss. Men vi skal vite at det er mange bitar i dette. Og at det har vore sterke sambandstrådar mellom Norges Fiskarlag, leiinga der, og dei politiske toppane i mellom anna Arbeidarpartiet, er vel inga ukjend sak.

At sjølve kulturen forgreinar seg, og vert eit vanleg mønster, heilt ned på lokalplanet, gjer det heile berre meir alvorleg og utriveleg, for di alle til slutt misstenkjer alle, og at dei truskuldige og uskuldige kan verte brukte.

La oss ta dømet på trygdemissbrukaren som bokstaveleg tala vart klistra på veggen på fiskarmøtet i Herøy, slik vi før har skildra. Kven sine interesser var det som vart ivaretekne?

Kven gav interne opplysningar omeinskildmenneskje som berre lege, Garantikasse og trygdekontor visste om? Kven tener på at slike saker ikkje vert etterrøkte? Og kva slags hensikt hadde Sunnmøre Fiskarlag med å framstille sine egne medlemmer som potensielle trygdesnyltarar?

Kostar det så mykje å trakke i sirklane til dei underjordiske, eller er det tilfeldig at ulukke og vanlagnad rammar så mange av dei som høyrer til opposisjonen?

Det er ikkje å finne sydebukkar som er viktig i desse sakene, men å gjere ende på ukulturen som ser ut til å ha gjennomsyra heile samfunnet.

Det er lett å ta til å undre seg på kor mange av dei som sit som journalistar og redaktørar i aviser og blad, som har fått åtvaringar når dei har trakka i salaten. Det er påfallande ofte at friskt skrivande folk som har trudd på ytringsfridomen, har blitt merkjeleg tannlause etter ei tid. Det er då slik blitt etter kvart, at næringslivet eig mesteparten av den pressa vi har, og dei har og stor innverknad, gjennom det at avisene er så avhengige av annonser. Ei avis som ikkje er på dei sterke si side, kan fort vere ute av dansen. Og ein journalist eller ein redaktør som

skriv det han ikkje "bør" skrive, kan snart misse jobben. Og er nettverket så sterkt som det ser ut til å vere, er det ikkje umogeleg at dei kan verte svartelista. Det er i alle fall sikkert at fleire aviser vart "tekne" då dei skreiv om sjukelønssaka og eksklusjonane, og at det vart påfallande stilt, lenge.

Magnus Kvalsvik fekk kviskra seg ord i øyra på årsmøtet i Sunnmøre Fiskarlag i 1987 at han burde forlate salen under avrøystinga om sjukeløna. "Hugs at du ikkje har fått godkjendt lånesøknaden i Fiskarbanken endå." Er dette berre påfunn av Kvalsvik?

Var det påfunn av Kremmervik, når han fekk åtvaring om "ikkje å vere for nidkjær i tenesta"?, og påfunn av Kåre Torvholm som har fått både eitt og anna slags åtvaringar, mellom anna fordekte truslar om familien?

Er det fantasiar som har ride Dagfinn Hansen og Oddleiv Vorren og andre? I avisa

"Hitra/Frøya" stod det i 1990 oppslag om telefontrussel mot Dagfinn hansen. Vi siterer:

"Lørdag fikk Dagfinn Hansen en anonym telefontrussel om at han kan misste både hus og heim hvis han engasjerer seg mer i stridsspørsmålene i Fiskarlaget." I fylgje avisa lydde truselen slik: "Du må være klar over en ting. Du kan snart bli stående på bar bakke."

Denne anonyme telefonen kom etter at Dagfinn hansen bad om en gransking av leiinga i Norges Fiskarlag på grunn av det som kom fram i media i samband med handsaminga av ein del dokument.

"Jeg fikk en del telefoner den dagen, og da det ringte på nytt tok jeg det som en vanlig telefon. Så hørte jeg en stemme spørre om jeg egentlig visste hva jeg holdt på å rote med. Jeg måtte jo spørre hva han mente og fikk svar at "Du har jo lån og jobb og allting. Så da må du være klar over en ting. Du kan snart bli stående på bar bakke."

Dette er skræmmande. Det minnar om metodar vi trudde demokratiet Noreg ikkje var belasta med. Sjølv sagt hender det dei fleste at når ein er oppe i kontroversielle saker, er det nokon som sender anonyme brev eller ringer og vil seie si hjartans meining i meir eller mindre vulgære former. Slik har vi nok alle fått røyne. Men her har det hendt så mykje som dreg i den retninga at desse opposisjonelle innanfor fiskarmiljøa er særleg utsette.

Skipperen på "Rollon", Finn Soløy, fekk i fylgje VG først tilbod om pengar for å halde stilt, og etterpå vart han drapstruga. Det er så framandt vårt rettssamfunn, at ein knapt kan tru det. Men dersom noko av dette er sant, og mykje er så kraftig dokumentert at det ikkje kan bortforklårast, må det spørjast om dette er den einaste forma for demokrati desse maktmenneskja kjenner til?

Trur dei at det innanfor demokratiet er heilt ut akseptabelt med kameraderi og manipulasjonar, der truslar kan presse folk til å teie, og trur dei at hensikten helligar middelet, sjølv om både hensikten og middelet luktar rote?

Eller er dei veike og feige sjeler som ikkje veit andre måtar å halde sin eigen angst i sjakk, enn å angripe dei som kan vere ein fåre for posisjonane? Er det sant at då Knut Arne Høyvik i 1985 melde seg ut av Ulstein Fiskarlag og inn i Indre Herøy Fiskarlag, var det etter påtrykk frå "storfraglene", for å passe på kva som føregjekk der? Dette skal han sjølv ha ymta om, då han etter nokre år gjekk ut, etter det sterke vedtaket frå april 1988, som før er nemnt. Fekk Knut Arne Høyvik også kniven på strupen? Han skaffa seg då båt som på den tida skulle overleverast i Danmark....

Er det sant at då den utrulege lova o fritidsfiske vart samansnekra, ei lov som både vart feil framstilt av einskilde forvaltningsorgan og praktisert med utruleg nidkjært samvit av ein del lensmenn og oppsynsfolk, så var det folk frå Sunnmøre som sat som tillitsfolk i

organisasjonar for fiskarar som let seg bruke som reiskap av departementet, for å sette saman dette skabernakkelet av eit regelverk? Det var denne lova som sette så strenge avgrensingar for fritidsfiske, at det heitte at ein fritidsfiskar ikkje hadde lov å fiske meir torsk og hyse enn det han kunne ete opp.

Rett nok stod det ikkje noko om kor lang tid han skulle bruke på måltidet, men for ein pensjonist kunne vel det tilseie at han kunne greie seg med ein halv torsk. No er det ikkje så ofte halve torskar bit på kroken, men kva ein skal kalle dei som tok på seg farskapet til dette missfosteret, veit eg ikkje. Og heller ikkje dei som praktiserte det så nidkjært at dei møtte opp på kaia og la mulkt på gamle folk som så ut til å ha treft torskebitet om morgonen. Halve toskar var dei i allefall ikkje.....

For ordens skuld må han nemnast, den stakkaren som hadde gitt bort fisk til eitt av borna. Han vart sjølv sagt rapportert, som den store brotsmann han var, og saka kom for retten, der den store forbrytaren fekk ei klekkeleg bot. For det ser verkeleg ut til at styresmaktene meiner det er fritidsfiskarane, pensjonistar og hobbyistar, som er ein alvorleg fåre for ressursane i havet, medan havfiskeflåten er både effektiv, ressursvernande og kvalitetsfremjande. Akkja. Gå til Tjønnøyutvalet og strukturmeldinga og bli vis. Der finn ein oppskrifta på korleis ein skal få bort dei små. Men dersom det verkeleg er slik, at fiskarar som er av dei heller små, har sett seg mon i å kjempe mot dei som er endå mindre, då har eigentleg dei sterke innanfor fiskarmiljøet greidd å skape splitting mellom dei som skulle ha sams interesser. Dersom dei verkeleg tok turen til departementet for å få til denne ordninga, og det har ein verkeleg deira eigen tilståing på, oppteke på lydband på årsmøte i Indre Herøy Fiskarlag i januar 1993, viser det hakkementaliteten på sitt verste. Og det viser at fiskarane vert offer for ein splitt og hersk mentalitet. Ja, eg tek oppatt, dersom desse ”dei store av dei små”, desse som høyrer til eit mellomsjikt, såg seg så truga av fritidsfiskarane, at dei for eins ærend til Oslo for å hjelpe til med å ta knekken på dei, må det vere på sin plass å omskrive eit dikt av Per Sivle: ”For støtt lyt møringar vere med, når kystens velferd skal hoggast ned.”

Per Sivle tilgjev meg nok denne omskrivinga av den kjende linja: ”For støtt det nordmenn lyt vere med, Når Noregs merke skal hoggast ned.”

Då eg las historia om denne domen i avisene, førekom det meg like bort i veggjene gale som den velkjende og utledde ”moselovsaka”, om han som vart stemnd for domstolen for å ha plukka seg noko reinlav på fjellet til dekorasjonar. Han hadde brote ei eller anna forhistorisk lov som hadde gøymt seg i sprekkene i Justisdepartementet.

Eg skreiv då eit såkalla ”Ope brev til Fiskeriministeren.” som eg tek med her.

#### OPE BREV TIL FISKERIMINISTEREN.

Som ein hobbyist frå Møre,  
Har eg gått med stang og snøre  
Langst med elvebreidd og far, der eg visste fisken var.  
Og med fluge eller makk, eg forførte fiskekrea  
Det var største sommarglea  
Og gav mat i munn til takk.  
Og frå svaberg eller brygge  
stod eg mang ein kveld og kasta  
og opplevde eventyr,  
kvar gong småsei, torsk og lyr

sloss om plass med knurr og hyse.  
Og det var ei udelt hygge  
Når i båt eg skuten lasta,  
Nok til gryte, nok til fryse.

Når eg hadde fiskelykke,  
Tok eg med eit fiskestykke eller og ei lita hank,  
Til ein granne som var krank.  
Det å dele med sin neste,  
Var min barnelærdoms beste  
Ideal, og der eg bur,  
Er slikt vane og natur.  
Men med skrekk eg konstaterer:  
Det er brotsverk eg presterer,  
Når eg gjev bort fiskespælen!  
Høgsterett har sett ned hælen!  
Eg er skjelvande og fælen,  
og mitt hjarta protesterer.

Vyrde statsråd i frå nord.  
Har du aldri fått ein spord  
Til ditt eige middagsbord?  
Har du aldri gitt ei hank  
Til ein granne som var krank,-  
Delt den gode fiskeskatten,  
Kasta ut eit bein til katten?

Vi som bur i fjord og pollar  
Lagar ofte fiskebollar.  
Kan vi lage fiskemat,  
Og gje bollar bort på fat?  
Kan eg byde inn til fest  
Og ha sonen min til gjest?  
Eller står du der med pisen  
For å kontrollere fisken?

Set deg ned og tenk det over.  
Er det gagn i slike lover  
Som set ein i gapestokken  
for ein gamal, hevda rett  
som vert brukt av heile flokken?  
Tystingstrend som levesett?  
Skal eg bror og granne melde?  
Skal vi få eit futevelde?  
Bruk ditt sunne folkevett  
og få slutt på dette tøvet!  
Du har verdens beste høve  
betre statskunst å utøve.  
No har verknaden du sett.  
Du bør ta ein penn og prøve



## GODDAG MANN, ØKSESKAFT – PÅ STORTINGET.

På grunnlag av dei mange avisinnlegg og spreidde oppslag i avisene med påstandar om mykje svart salg av fisk, fising av doble kvoter, der berre den eine vart registrert, fusk med vekt på den fisken som vart ført via trailerar over grensene, ”storhundre” og salg av torsk som sei og uer, dumping av fisk og allverdens andre former for fiskesnusk, også innan oppdrettsnæringa, falskneri med tollsetlar og mykje meir, fatta underskrivne ei interesse for kva som eigentleg gjekk føre seg i vårt på overflata så lovlydige og demokratiske samfunn. Sidan eg var innvald som stortingsrepresentant frå Sunnmøre, fall det og naturleg at folk frå denne delen av fylket vende seg til meg i ein del saker. Då det kom meg for øyra at politiet var svært lemfeldige når det gjaldt å etterforske saker som hadde med fiskarane å gjere og såg diverse avisinnlegg om slikt, tenkte eg ein del på korleis eg skulle få dette på banen i Stortinget.

Eg fekk så høyre at Kåre Torvholm hadde kontakta lensmannen i Herøy, og sagt han ville melde fiskeriministeren for korrupsjon, utruskap og grov uforstand i tenesta. Med seg hadde Torvholm ein heil koffert med dokument og eit utklipp frå Verdens Gang, der omgrepet korrupsjon var definert av prof.dr.jur. Carl August Fleischer, i tilhøve til straffelova. Sidan Torvholm ikkje hadde kopi av straffelovsparagrafane, tok han med dette utklippet, der desse paragrafane vart nemnde. Ei av sakene han hadde teke med, var svart omsetning av fisk berre 150 meter frå lensmann Skoglunds kontor, då bygdefolk hadde sette ein trålar som leverte svartfisk paldesøndagsnatta i 1991.

Avtalen var at Torvholm skulle ringe og bestille time for å kome att og skrive meldinga, for di han venta på eit brev frå departementet. Lensmannen verka nervøs, meiner Torvholm. Når han melde saka til politiet, var dette også eit resultat av at han tidlegare hadde teke sakene opp med to fiskeriministrarar både skrifteleg og munnleg. Han hadde på eit møte i Herøy nærast blitt oppmoda av fiskeriminister Oddrun Pettersen om å prøve dei for retten. Dette gav statsråd Jan Henry T. Olsen og inntrykk for i svarbrevet Torvholm venta på. Brevet gjaldt også innsyn i dokument, for å ivareta sin tarv. Då han fekk negativt svar, sende han telefax til lensmannen, for å tinge time som avtalt. Same dagen, den 11. februar, fekk han brev tilbake frå lensmannen:

”De har bedt om time i anledning ovannemnde, eg kan berre ikkje sjå kva grunnlag eg skal etterforske dette på, slik som eg sa til Dykk, då De var på kontoret her.

Eit avisutklipp frå 1989 kan ikkje vere retningslinje for kva politiet skal gjera, når det gjeld sakshandsaminga i fiskeriforvaltninga.

Dersom De ikkje er enig i mi avgjerdsle kan De klage den inn for politimesteren i Sunnmøre, som er min overordna i dette høvet. Dette som svar på Dykkar telefax av 11-2-93.”

Lensmannen nekta altså å ta mot meldinga, og skulda på at han ikkje kunne ta mot melding på grunnlag av eit avisutklipp.

Dette visste vel lensmannen ikkje heldt vatn, sidan Torvholm hadde dokumentasjon i kofferten. Lensmannen skulle vel og kjenne Torvholm så godt at han visste kva mengde dokument Torvholm i si tid hadde samla på. Torvholm hadde også etter møte med lensmannen vore innom banken, og hadde vist fram dokumenta til folka der, så han hadde vitne på at han hadde meir enn avisutklippet. I brev til Fiskeridepartementet peikar også Torvholm på at desse sakene ikkje høyrer heime under ein sivil domstol.

Men på grunn av alt dette, stilte eg i spørjetimen 24. februar 1993 eit prinsipielt spørsmål til justisminister Grete Faremo som lydde slik: ”Gjennom pressa har det kome påstandar om at

politiet er svært passive i saker som gjeld fiskeriforvaltninga. Lensmannen i ei stor fiskerikommune har nyleg skriftleg vegra seg for å ta mot anmelding eller drive etterforskning. Finst det reglar som unntek fiskeriforvaltninga frå politietterforskning, eller er manglande kompetanse hos politietaten på slike saker, årsak til passiviteten?"

Eit par dagar før spørsmålet skulle opp, fekk eg telefon frå departementet. Ein av saksbehandlarane der ville vite kva for ei kommune dette gjaldt. Eg påpeikte at dette dømet berre var eit døme, og at det var det prinsipielle i saka eg var interessert i. Men på nytt spørsmål svara eg at det var lensmannen i landets største fiskerikommune.

I Stortinget er det vanleg at svara på spørsmåla vert utlagde i hyllene utanfor Arbeidarpartiet sitt gruppekontor ei lita stund før spørsmålet kjem opp i salen. Dette er ei god ordning, for di representanten som spør, då får høve til å skumme gjennom svaret, og kan avgjere om det er nødvendig med tilleggsspørsmål. Set er som kjendt ikkje lange tida ein har i spørjetimen, korkje for å grunngje spørsmål eller å tenkje ut og stille tilleggsspørsmål.

Ikkje alle statsrådar er like flinke til å leggje ut svara. Og dei kjem som regel fykande til Stortinget i siste liten, opptekne som dei er.

Men i slike høve, har det alltid vore råd å gå bort til dei og få ein kopi av svaret eit par minutt før ein skal opp.

Denne gongen låg det ikkje noko svar i hylla, endå eg sjekka minst fire gonger. Eg gjekk då bort til Statsråd Faremo og spurde pent om ho hadde ein kopi av svaret og gje meg, men ho formeleg glefsa etter meg at ho hadde ikkje noko svar.

Men frå talarstolen kom svaret slik det er gjengjeve her:

Statsråd Grete Faremo: Det finnes ikke regler som fritar politiet fra å etterforske overtredelse av fiskerilovgivningen. Slike saker skal etterforskes på vanlig måte. Den nødvendige kompetanse hos politiet for å drive etterforskning foreligger, og det er ikke avdekket at politiet unnlater å etterforske overtredelse av fiskerilovgivningen.

Så vidt vi skjønner, er lensmannskontoret representanten Widens sikter til, Herøy og Sande lensmannskontor, og la meg kort få redegjøre for saken som jeg antar er bakgrunnen for spørsmålet.

På bakgrunn av at en privatperson fra Moldtustranda fikk avvist sin henvendelse til Fiskeridepartementet, oppsøkte han lensmannskontoret. Han ville - med henvisning til et avisutklipp fra Verdens Gang for 1989 - som omhandlet korrupsjon rent generelt - anmelde fiskeriministeren og alle i fiskeriforvaltninga for korrupsjon, utroskap og grov uforstand i tjenesten.

Lensmannen forklarte at han ikke kunne innlede etterforskning på et slikt grunnlag. Privatpersonen var ikke fornøyd med lensmannens forklaring, og henvendte seg skriftlig til lensmannskontoret den 11. februar 1993.

Lensmannen gav skriftlig svar samme dag, hvor han gjentok at avisutklippet ikke kunne danne grunnlag for å innlede etterforskning, samtidig som han gjorde oppmerksom på at avgjørelsen kunne påklages til politimesteren på Sunnmøre. Politiet får ofte anmeldelser som ikke kan danne grunnlag for å innlede etterforskning, og denne saken kan være mønster for hvordan slike saker bør behandles. Her er det på en korrekt måte gitt både muntlig og skriftlig svar på hvorfor saken ikke vil bli etterforsket, og man har også opplyst om klageadgangen.

Marie Lovise Widnes: Eg takkar for svaret, som eg gjerne skulle hatt på førehand. Saka er at lensmannen visste at vedkomande hadde nokså stor dokumentasjon han meinte å leggje fram. Det har i lange tider vore uro rundt fiskeriforvaltningssaker langs kysten, ikkje minst oppe med oss. Mange påstandar har versert, og somme saker har vore melde til politiet. Svært mange saker har vorte bortlagde. Det gjeld saker som har store konsekvensar for den einskilde, det har hatt å gjere med tildeling av kvoter, med båtslakt, med tapping av

bankkonti, pensjonsordning, pantesaker, påstått svarthandel, flytting av oppdrettsanlegg og mykje anna. Som reaksjon har fiskarane nostaarta underskriftskampanje. Ein spør seg etter kvart om det er eit mønster i dette. Fiskarane ser ut til å ha vanskar med å nå fram med sine saker både i forvaltninga og ved politikontora. Det er difor påfallande når ein politimann skriftleg nekter å ta mot melding av ei sak og viser til at ein kan anke slikt til politimeisteren. Mitt tilleggsspørsmål vert då: Har folk rett til å verte tekne alvorleg og få møte lensmannen og få leggje fram dokumentasjon, og å kunne levere anmelding til politiet når dei meiner å ha oppdaga ulovleg åtfærd?

Statsråd Grete Faremo: bare en kort merknad til det representanten sa innledningsvis: Jeg har fått et spørsmål i spørretimen og har gitt et svar i spørretimen. Sånn sett skjønte jeg ikke den merknad som her kom fra talerstolen. I denne konkrete saken mener jeg at lensmannen har oppført seg på en helt korrekt måte ved å behandle saken som kom inn, først muntlig og så skriftlig, og også ved å angi den klageadgang som finnes.

Widnes: Eg takkar for svaret. Men lensmannen er jo namsmann og har eit sjølvstendig embete. Det er uheyrte at ein som melder ei sak skal måtte anke til politimeisteren og spørje om lov til å melde ulovleg åtfærd som han oppdagar. Det er også umogleg for fiskarane å gå til ein domstol, når det gjeld melding etter straffelova. Det er veldig dyrt for dei fiskarane som kanskje har misst både båten sin og yrket sitt og kanskje huset attpå, og fri rettshjelp så å seie er umogleg å få. Dersom dei heller ikkje kan gå til politiet, kvar er då rettstryggleiken for kystfolket? Når uroa spreier seg slik den no har gjort, bør ikkje departementet også gå inn og granske desse påstandane?

Statsråd Grete Faremo: Jeg synes det er riktig å gjenta at det ikke finns regler som fritar politiet for å etterforske på vanlig måte. Jeg synes likevel det var grunn til å redegjøre i detalj for denne konkrete saken. Den er etter min oppfatning behandlet på helt korrekt vis.”

Her var det tydeleg at departementet hadde hatt telefonisk kontakt med lensmannen i Herøy, og fått hans versjon av kva som føregjekk, og at dei hadde sett det som heilt overflødig å kontakte den ”einskildpersonen frå Moldtustranda”, som i svaret frå statsråden måtte kjenne at han vart uthengd som ein smårar type, som ville melde statsrådar og embetsfolk med eit avisutklipp som grunngeving. Dette var ikkje tilfeldig, når vi veit kva som har gått føre seg i gjennom åra. ”Einskildpersonen frå Moldtustranda” er godt kjend av departementsfolk og andre, og det kunne vere føremålstenleg å få stemple han som ein litt mindre tilrekneleg person, slik det har vore prøvt på gjennom rykte og andre måtar. Svaret elles er verre enn eventyret ”God dag mann-økseskaft”. Men det er ikkje noko særst, men heilt vanleg, når det gjeld spørjetimen i Stortinget.

Det er vel også merkbart at statsrådene ikkje set seg inn i dei sakene dei vert spurde om, men lit på ein sakshandsamar i departementet. Dersom det då kjem tilleggsspørsmål, veit dei lite å svare, og svara vert deretter.

Det er elles å leggje merke til, at dei som har fylgt litt med i desse sakene, veit at Kåre Torvholm gjekk til Ulstein og Hareid lensmannskontor med den kofferten dokument han hadde, og melde fiskeriforvaltninga. Sidan har både John Hjertø frå Herøy og Ole Kock frå Sørreisa levert inn melding på ei rad statsrådar og statssekretærar gjennom mange år, m.a. for den differensierte produktavgifta.

Det komiske i saka, er at når meldinga frå Herøy så vert oversendt politimeisteren ved Sunnmøre Politikammer i Ålesund, så sender dei den fluksens over til lensmannen i Herøy for

”vurdering”, lensmannen som ikkje kunne ta mot meldinga for di han meinte det ikkje fylgde med nok dokument. Truleg har han no fått dokument nok å lese. Om Ole Kock si melding også hamnar i skuffene hos lensmannen i Herøy er ikkje godt å vite, men det skulle ikkje forundre. Dette må då vere det ein kallar å kome inn i ein vond sirkel (!) ?

## EIT MARKERINGSBEHOV!

Ved oppseiinga av Arne Kremmervik i 1986, vart eit brev opplese på årsmøte i Sunnmøre Fiskarlag i Ålesund av Jakob Strand. Han las feil og stilte ”kabinettspørsmål” på det som var sanninga i brevet. I staden for det som stod i brevet, at administrasjonsavdelinga var kjend med rapporten, las han at avdelinga hadde motteke den. Dette brevet var underteikna av Finn Bergesen Jr. og Ivar Sagen. Det vart borte frå arkiva i Norges Fiskarlag. Men aktive folk fekk tak i det i 1987.

Nokre av avsnitta i brevet var skrive av Arne Kremmervik, men då brevet vart opplese, var det brått føya til avsnitt som Arne Kremmervik ikkje kjendest ved. Arne Kremmervik har peikt ut dei avsnitta som vart tilføya. Han hadde og underskrive brevet, men hans underskrift er borte, og dei to andre namna er komne i staden. Men oppe på brevet står Arne Kremmervik sine initialar og sekretæren sine: AK/ES og koden J.1252/85. Kven har rett?

Dette brevet, med dei avsnitta som Kremmervik (og andre) påstår er tilføya utan Kremmerviks vitande, var saman med intervju i Sunnmørsposten avgjerande for at kontorsjefen vart kasta, for di det vart teke som prov på at den omstridde DH-rapporten var kjendt i administrasjonen i Norges Fiskarlag på det tidspunktet landsstyremøtet vart halde.

Men kan forfalsking av dokument gå føre seg i samfunnet utan at det vert etterrøkjing og opprensing?

Burde det ikkje vere nok at det er slike påstandar, nok at dei folkevalde og andre instansar syter for at skikkeleg etterforsking vert gjort? Korleis kunne Norges Fiskarlag tru at ein kunne jamne ut og roe ned denne saka og berre halde fram som før? Saka om oppseiinga av Arne Kremmervik var ei brennheit historie. Mykje av fiskeri-Noreg var i opprør, for di dei visste kva arbeid han hadde lagt ned for fiskarane si sak, og fiskarane hadde tillit til han gjennom dei mange åra han arbeidde med dei sosiale ordningane. Han vart sett på som ein ærleg og påliteleg kar, som hadde hjelpt mange til å få retten sin. Det hagla med innlegg og oppslag i avisene. Men som vanleg tagna det meste, og avisene fekk munnkorg etterkvart. Og toppane i samfunnet tenkte vel i same banene som Gamaliel i si tid at det er betre at ein vert ofra enn at heile folket skal gå til grunne. I overført tyding: Det var greiare å ofre Kremmervik, enn å risikere opprør langsmed kysten. Kva kunne ikkje då ha kome for ein dag? Det folk ikkje veit, har dei ikkje vondt av.

Men den forventa roa kom ikkje, sjølv ikkje etter at lovendinga kom, og Stortinget hadde innrømt at dei vart feilinformerte. For ”opprørarane” på Søre Sunnmøre ville at saka skulle granskast. Dei ville vite kven som var skuld i at Kremmervik vart sparka og kvar den fatale lova hadde sitt utspring. Kåre Torvholm som hadde samla ein overveldande dokumentasjon i saka, sende i juni 1986 ein pakke på over to kilo dokument til Norges Fiskarlag. I denne pakken låg mapper med brev, notat, avisutklipp, referat m.m. sirleg ordna med saksnummer og titlar. Det var denne pakken formann Hepsø berre let liggje uopna i fjorten månader, og deretter sende tilbake til Torvholm, og som Torvholm returnerte til Norges Fiskarlag. Desse dokumenta fekk ei handsaming med harelabben.

Men pakken vart omsider opna under ”vitners nærvær.” Men dei vart aldri handsama på grundig vis, noko vi har omtala andre stader i dette skriftet. Men landsstyret i Norges

Fiskarlag hadde i 1987 gjort vedtak om å setje ned eit utval som skulle granske påstandane kring det som hende då lova om sjukeløn vart endra to gonger i løpet av eit par år.

Men kva slags gransking vart det? Korkje Indre Herøy Fiskarlag eller Arne Kremmervik vart kontakta, desse som hadde spelt den mest sentrale rolla i saka.

I Norges Fiskarlag hadde Jan Skjervø teke jobben etter Kremmervik, og det var etter seiande han som plukka ut dei dokumenta "utvalet" fekk å hjelpe seg med for granskinga. Det vart ikkje teke med eitt einaste av dei dokumenta Kåre Torvholm hadde sendt i den kjende pakken, og då Torvholm etterlyste andre brev og dokument hos Norges Fiskarlag, mellom anna det tidlegare siterte "endra" brevet som var underteikna av Finn Bergesen Jr., kunne ikkje kontrollnemnda finne dei.

Utvalet som skulle ta på seg granskinga, kokte ned til ein einskild person. Det var lagdomar Øyvind Smukkestad. Han uttrykte si oppfatning om kva han skulle granske, "etter samtale" med Jan Skjervø". Med dei utvalde dokumenta han fekk i hende, og einssidig informasjon frå berre den eine kanten, måtte vel konklusjonane verte som dei vart.

Øyvind Smukkestad fann ingen ting som var gale korkje i handsaming eller resultat. Han konkluderte nærast at alt var såre vel, både oppseiing og eksklusjonar. Tydelegvis ein snill mann som har tenkt heilt annleis enn Bjørnson i si tid gjorde, når han skreiv at "fred er ei det beste, men at man noget vil." I Smukkestad sine tankerekker var visst fred for ein kvar pris, det aller beste.

Troms Fiskarfylking sende den 20. november 1987 brev til Arne Kremmervik, med oppmoding om at han skulle gje ei utgreiining av saka som førte til vedtaket i landsstyret. Den 27. november sende Kremmervik svar, der han legg ved ei lang liste dokument som kan vere viktige for forståing av saka.

Han går så inn i ugrea om sjukeløna, diskusjonen på møte i Fosnavåg 29.03.85 om DH-rapporten: "etterfølgende replikkveksling mellom Furnes og meg om et intervju i Fylket, fikk meg til å undres på hva som egentlig lå bak, i det det åpenbart var maktpåliggende å skjule sakens fakta."

I dette brevet kjem Kremmervik også inn på eit vedtak i styret for Sunnmøre Fiskarlag, der det i vedtaks form står i protokollen at "styret ville uttrykke forbauselse over en slik fremstilling som fremsettes av kontorsjefen."

Forfattern vil også uttrykke "forbauselse" ved at det på eit styremøte vert vedteke å uttrykke forbauselse.

Kremmervik kjem så inn på det omskrivne brevet: "Fra og med "Vi vil bemerke" til og med avsnitt "Einar Hepsø orienterte.." samt siste avsnitt, forelå ikke i mitt konsept. Brevet ble endret og gitt tilføyelse uten mitt vitende, etter at jeg hadde kontrassegnert det og sendt det til underskrift hos generalsekretæren. Jeg kjendte heller ikkje til tilleggsopplysningane som ble gitt i brevet etter omskrivningen. Brevet er for øvrig kontrassegnert av Ivar Sagen, som ikke arbeidet innen dette saksfeltet."

Kremmervik nemner så årsmeldinga frå Sunnmøre Fiskarlag 12. november 1986, på møtet der så mange landsstyremedlemmer og folk frå ber 1986, på møtet der så mange landsstyremedlemmer og folk frå Norges Fiskarlag og andre var gjester, og der det vart sagt at Arne Kremmervik hadde utvist "illojalitet uten sidestykke." Etter å ha kome inn på mange sider i det som hadde gått føre seg, og filosofert litt over årsakene, konkluderer Kremmervik med å seie at berre ei uhilda gransking kan avklare saka: "Slik gransking er uomgjengeleg

nødvendig for å hindre at Norges Fiskarlag blir skadelidende. Saken har lenge vært kjendt av fiskere over store områder. Det er derfor ikkje mulig å dysse den ned, dersom noen fremdeles måtte ønske det." Lenger ut i brevet står det: "I en telefonsamtale straks etter uttalelsen var falt, bekreftet saksbehandleren i Rikstrygdeverket at "trygdesjef Warholm, Herøy og ordføreren i kommunen, kjendte saken til bunns." (Uttalen kom frå ein representant frå RTV som etter press frå AK opplyste at saka om innstramma i sjukeløna var klarert med framstående representantar for Fiskarlaget.)

"Senere har det vært lagt hindringer i vegen for å skaffe full oppklaring av saken. Informasjon om rapportens skjebne i Norges Fiskarlag har ikke vært tilgjengelig. Som en kuriositet kan nevnes at generalsekretæren nektet meg å reise til Oslo for å oppsøke RTV i 1986. Hensikten med turen var å søke ytterligere opplysninger for forståelse for det som passerte i saken... Dette er bakgrunnen for min formulering i intervjuet, hvor det heter: "Når det er snakk om å krevje gransking i organisasjonen, slik fleire fiskarlag på Sunnmøre har gjort, kan eg ikkje i min villaste fantasi tenkje meg å seie nei til dette. Organisasjonen har alt å vinne, anten ved å rydde opp i eventuelle feil eller å fjerne den tvilen som ligg føre."

Ein skulle tru at det for lenge sidan kunne ha vorte fullt opprør i fiskeri-Norge, men det vart ikkje det. Heller får ein kalle det ei og anna lokal stormbyga.

På ein måte kan ein forstå fiskarane sin passivitet. Både var dei einsidig informerte, og dei vart vel overtudde om at når saka var ordna, burde freden senke seg over laga. Det er så lett å tilgje, og dei som ikkje i desse åra hadde vorte sjuke, hadde heller ikkje kjendt noko på kroppen. Folk gløymer fort.

Dessutan hadde dei ikkje stelt med denne saka, og ikkje fylgt med i dei metodane som hadde vorte brukte mot opposisjonen. Og somme var vel samde med leiinga i Sunnmøre Fiskarlag og Norges Fiskarlag at der var brysame personar ein hadde med å gjere. Dermed framkalla nye framstøyt berre ein geisp.

## SAMBAND MELLOM FISKARAR OG ETTERRETNINGSTENESTA?

I dei spekulasjonane som har vore omkring bortkomne pengar frå dei sosiale ordningane for fiskarane, har det også vorte stilt spørsmål om kvar dei har teke vegen.

Somme har då knytt trådar mellom etterretningstenesta og fiskarane. Om dette hadde avisene våren og føresommaren 1993 ein del artiklar.

Slik det har vore sagt frå einkilde fiskarar forfattaren har snakka med, meiner ein at fiskarane etter krigen såg det som si klare plikt å vere vakne for utanlandske ubåtar som opererte ut frå basen på Kola. Dette meiner dei, var ei gratisteneste, som fiskarar som hadde opplevd krigstida gjerne gjorde for den norske stat. Slike tenester har vore hemmeleghaldne og måtte sjølv sagt vere det, og dei som eventuelt har vore involvert hadde teieplikt.

Spørsmålet er om det ikkje seinare har måtte vore gjort gjengjeld frå statens side, med økonomiske gevinstar, for dei ekstraoppgåver og den ekstra risiko det medførte, til dømes for trålarfloten, og om dei måtte kjøpast for å halde tett. Slike "gjenytingar" kunne vel heller ikkje løyvast på ein særskild post, om så var. Men det måtte då trass alt vere mogleg å løyve pengane over til dømes forsvarsbudsjettet, der dei i alle fall når det gjaldt overvaking av utanlandske makter, burde høyre heime.

Men teoretisk sett kunne vel også gjeldssanering og innvilging av lån verte ein del av "løna", dersom det verkeleg skulle vere slik at nettverket som Kremmervik omtalar, er vidareført til

våre dagar. Ellers kan underskrevne eigentleg ikkje forstå at det plent måtte vere noko slags svarte fonds for å betale etterretningstenesta. Alle veit då at eit land har slike tenester, og at ingen ting her i verda er gratis, så nær som luft. Og det norske folk har vel aldri protestert på at vi skulle ha ei slik teneste, sjølv om omfanget har vore diskutert? Men når det gjeld fiskarane sitt samband med slike tenester, har det vore fleire motstridande utsagn. Her skal gjengjevast nokre. Så får ein spørje seg, - er det fri fantasi eller sanning? Det kan berre ei etterrøking finne ut av.

Rykta fortel om fiskarar som etter avisartiklane om dette, kjenner på dårleg samvit for di dei ikkje visste at pengane kom frå deira egne og yrkessyskjen sine trygdeordningar. Ein av dei skal ha sagt at han tok mot pengar frå ein ukjend oppdragsgjevar, då han var mannskap på ein fiskebåt. På ein times varsel under fiske, på slutten av sekstitalet, fekk mannskapet beskjed om å kjøpe med tobakk for eit par veker. Det var visst ikkje uvanleg. Det uvanlege var at etter eit døgn skjøna dei at kursen ikkje stemde med den retninga fiskefelta låg i. Den leigde skipperen fekk kniven på strupen og innrømde at det einaste han visste var ordren om å gå med båten til ei framand hamn. Dit kom dei etter nokre døgn. To ukjende menn hoppa om bord med ei tom kasse. Etter nokre minutt kunne mannskapet konstatere at dei to hoppa i land, og då var kassa ikkje tom. I styrehuset vitna nokre avklipte stumpar leidning at eit avansert instrument var borte. Oppdraget var utført og båten vende tilbake til fiskefelta. Vel, dette er eit rykte, men slike historier finst i allefall. Kvalfangar Steinar Bastesen er derimot høgst verkeleg. Han sa, i fylgje avisa "Nordlys", at fiskarfloten har stått sentralt i etterretningsarbeidet i nordområdet, og at den jobben fiskarar og fangstfolk gjorde var viktig for nasjonen. "Den rollen vi spilte var betydelig, men lojaliteten har ikke blitt særlig verdsatt. Det har jo likevel bedret seg i det siste."

Arne Kremmervik burde vel som Arbeidarpartimann og med viktige verv i mange år ha godt innsyn i sakene. Til "Nordlys" sa Kremmervik den 7. juni 1993 at han sjølv var involvert i etterretningsarbeid i Finnmark tidleg i femtiåra, og han meiner at store summar forsvant frå fiskarane sine trygdeordningar. Dette vart han først klår over på åttitalet.

"Jeg var kontorsjef i Fiskarlaget og ledet arbeidet med å gå gjennom trygdeordningane i årene etter 1980. Jeg ble etter hvert klar over at det var store sprik mellom de summene som fiskerne betalte til sine egne trygdeordningar, og de beløpene som fremgikk av Rikstrygdeverkets regnskaper."

Han meiner og at store beløp av det som Stortinget har trudd dei har løyvd til desse trygdeordningane, i røynda vart henta ut or systemet og brukt til heilt andre ting.

"Det er viktig å være klar over det nære forholdet som har vært mellom Arbeiderpartiet og sentrale krefter i fiskerinæringa oppigjennom hele etterkrigstida...."

"Da man bygget opp etterretningstenesten etter krigen, stolte man ikkje på finnmarkingane og var skeptisk til folk fra Troms. På Møre fant man støttespillere som hadde sin bakgrunn i Shetlandstrafikken under krigen. Fartøyer ble utrustet med høyteknologisk utstyr som kunne brukes til å finne ubåter, fiskestimer og kval. Jeg går ut fra at en del av disse investeringane i den vestlandske flåten av trålere, ringnotfartøy og kvalfangere ble finansiert gjennom såkalte svarte fonds. Folk fra dette miljøet, og spesielt etterkrigsgenerasjonen, fikk sentrale verv og posisjoner i organisasjonsliv og forvaltning. Dette nettverket har beholdt sine kontakter til etterretningstjenesten", seier Kremmervik til "Nordlys" 07.06.93, sjølv påstår han å ha vore med på ting han har teielovnader om.

Og forfattaren må spørje: Var det slik maktapparatet bygde seg opp, at Arbeiderpartiet gav posisjonar som gjenyting? Det er då desse tankane som så lenge har lurt i bakhovudet hos folk, det har vore meir kjøp og salg, enn kvalifikasjonar og demokratiske spelereglar som har

verka i toppen av norsk politikk. Vil det så ikkje liggje nær å tenkje at dess meir makt desse personane fekk, dess meir kunne dei plassere seg sjølv og sine kumpanar i endå fleire maktposisjonar, for di dei rett og slett var for mektige og for fårlege dersom dei vart sette utanfor? Dersom det er slik, vart makta på den måten sentralisert gjennom ein liten gjeng som har gått att i sentrale stillingar og verv og framleis kan drage i dei trådar som finst.

I så fall har ein då gjennom mange år lagt grunnen til den kulturen at det er kammeraderi og kompismentalitet som råder, og at dei sterkaste politiske kreftene, dei partia som har hatt mest makt og posisjonar, ikkje berre har sett gjennom fingrane med det, men grovt nytta seg av det. Men i så fall er også desse sirklane svært sårbare, for di makta er avhengig av 100% lojalitet frå dei som er innafor "frimureriet." Den dagen det raknar, raknar makta.

Forskar Nils Petter Gleditsh meiner at skjulte overføringer til etterretningstenesta kunne gjerast fleire stader i statsbudsjettet, etter det "Nordlys" skreiv.

Men Norges Fiskarlag nekta på kniven at dei hadde kjennskap til at noko slikt skulle ha gått føre seg, og Bjarne Mørk Eidem var stort og høfleg forbausa i "Nordlys" av 7. juni 1993, og kjende ikkje i det heile til at fiskarane sine sosiale ordningar skulle vere missbrukt, og slett ikkje at dei skulle ha gått til etterretningstenesta.

No må ein vel ta somme gjetningar med ei lita klype salt, og når det gjeld Mørk Eidems uvitenhet, når han som han seier har sete i sentrale verv i 24 år, (og av dette tre og eit halvt år som fiskeriminister) må det då vere ein gedigen bløff, etter som påstandane i pressa og notat frå Indre Herøy Fiskarlag, Norges Kystfiskarlag, einskildpersonar og lokale fiskarlag elles, har aula.

Var Bjarne Mørk Eidem uvitande om oppseiinga av Arne Kremmervik og årsakene til den, og om eksklusjonane og spetakkelet som var både før og etterpå, må han ha levt i eit barneblått truskuldsland, som stortingsrepresentant og som fiskeriminister. For når påstandane var det, kvifor undersøkte han dei då ikkje? Var noverande fiskeriminister Jan Henry T. Olsen uvitande, han som sat i leiinga i Troms Fiskarfylking, på den tid Arne Kremmervik vart sparka ut?

At etterretningstenesta måtte ha pengar, skjønar sjølv forfattaren, som meiner det har vore både nok og for mykje etterretning og overvaking politisk radikale og av vanlege menneskje som vel ikkje har gjort ei fluge fortred. M.a. har også opposisjonelle innan fiskarmiljøa misstankar om at dei har vore avlytta. Stort sett har vel desse lyttarane berre fått vanleg pjatt å høyre på. Men for eit kontrollapparat det må ha vore! Og korleis skal ein få seg til å tru at det brått har teke slutt, og at dei impliserte partane har fått sin jomfrudom attende? Med dagens teknologi treng ein ikkje så mange leidningar for å lytte på dei ein vil registrere. Men om ein aldri så mykje meiner at vi har trengt og treng ei etterretningsteneste, kan det aldri forsvarast at ei einskild gruppe innanfor samfunnet skal tappast for pengar til dette. Og dei som skal granske det, om det då vert gransking, må ha plikt til å fortelje oss korleis dei finansierte denne gigantiske registreringsverksemda.

Forsvaret har innrømt at fiskarane har utført slike tenester, Fiskarlaget nekta. Det står opp til ein kvar å tru eller tvile. Men så lenge ikkje sakene vert granska, og det vert lagt på bordet tal som viser kva innbetalte pengar og renter er gått til, vil spekulasjonar og misstankar gro og skape forgiftning. Og avisoppslaga er så avgjort ikkje overtverdande tilbakeviste.



I desse ”opprullingstider”, er det mykje som kjem for ein dag som ein i sine villaste mareritt ikkje greidde å koke i hop. Dersom ein har i tankane spørsmålet som forfattaren stilte i spørjetimen, og som vart så lettferdig svara på av statsråd Faremo, skulle ein ikkje tru at det var noko problem med korkje svartsalg eller andre lovbrøt, og at korrupsjon berre er noko som finst på Secilia og i Colombia og under andre fjerne himmelstrok. Her har også rykta gått og påstandane vore sterke frå folk i fiskarmiljø, som seier dei ved sjølvsyn har sett og røynt og vore med på saker som ikkje toler dagsens lys. Og eitt og anna har vorte avslørt. Men her er det også fåre for at ein knip ein syndar for å statuere eit døme, og for å roe ned folket, og at ein hengjer dei små tjuvane medan dei store får leve.

## DANMARKSAKA

”Fiskaren kunne 05.11.93 fortelje oss om tre fiskarar frå Egersund som vart idømde betinga fengselsstraff og bøter etter å ha levert ti sildefangstar i Danmark i 1988 og 1989 utan å melde frå nokon stad. Desse fiskarane hadde fått nære 300 000,- kroner i oppgjær som likningsstyresmaktene ikkje skulle vite noko om.

Avisa fortel at på dette tidspunktet hadde Rogaland Fiskesalslag forbod mot levering av industrifisk i utlandet, og alle dømde var fullt klar over at dei trassa dette forbodet.

I formildande retning la retten vekt på at det var lang tid sidan brotsverka vart gjorde. Dei tre var blitt etterlikna for sin del av brutto lott, og ilagt stor tilleggsatt. Ja, ja.

Så langt avisa. Der var saka sjølv sagt grundig handsama. Det er likevel ikkje så interessant å lese om akkurat denne saka og den domen dei fekk. Det som er meir interessant er om styresmaktene visste om kva som har gått føre seg og om dei har late det hende utan å gripe inn, ja om dei kanskje har vore med og lagt lok på slike saker og bagatellisert dei.

Skriv vi har fått i hende viser at det i februar 1990 vart halde møte mellom Finansminister og Fiskeriminister, Skattedirektør, Tolldirektør, Riksadvokat m.fl., der ein sette ned ei arbeidsgruppe under leiing av Finansdepartementet. Denne gruppa avga alt våren 90 ein statusrapport, som ikkje var offentleg.

Arbeidsgruppa skulle i første omgang på grunnlag av kontrollmaterialet dei hadde, velje ut grovare tilfelle som burde meldast til styresmaktene. Dei så gjorde, men.... ”selv om kontrollmaterialet viser en rekke brudd på deklareringsplikten overfor Tollvesenet, gir materialet utfra en helhetlig juridisk vurdering ikke grunnlag for sentralt initiativ til anmeldelser. Selv om det kunne være ønskelig å statuere et eksempel, vil en slik anmeldelse neppe føre fram, under henvisning til et meget komplisert regelverk, m.a.o rettslig villfarelse.”

Å gje der var sukker i munnen på underskrivarane av dette brevet, og at det kunne takast slike omsyn også til pensjonisten og den einslege forsyrgjaren, som fekk nokre kroner for mykje, kanskje nettopp på grunn av eit ”komplisert regelverk.” Men ein skal vel ikkje forvente at ein trålskipper forstår like mykje som ein 80 årig pensjonist, en seie ei velskolert åleinemor på 20 år. Og det er kanskje viktigare å ransake bilaga og rekneskapa til nokre små idrettslag bortover, enn å ta dei store innanfor reiarstanden?

Dei tre småtrålarane vart nå i alle fall tekne. For akkurat desse var heilt medvitne om det dei gjorde, fann retten ut.

Men det som vidare er uttrykt, er at Finansdepartementet i ”løpet av uka” skulle sende ut ei pressemelding.... ”her vil det bli lagt vekt på at selv om resultatet ikke er så avslørende som en først hadde trodd, vil det bli arbeidet videre for å forenkle og samordne regelverksiden....

Dersom det dukker opp spørsmål fra pressen, bør en vise til pressemeldinga og at denne er sendt ut av Finansdepartementet. Tollvesnet bør i saken legge seg på en saklig og nøktern linje og særlig vidare diskusjon i media.... Bruk av formuleringa ”svart fiske” skal ikkje benyttes fra vår side. Det hele skal fremstilles som et helt ordinært kontrolltiltak. Det bør dessuten fokuseres på at vi nå skal se på en forenkling av regelverket.”

Dette brevet er altså fra Tolldirektøren til dei ymse tolldistrikt, og var gjengjeve i Verdens Gang. I sanning eit utruleg skriv. I skriv frå Fiskeridepartementet i 1989 gjekk det fram at av 374 kontrollerte fangstar mangla føreskriftsmessig deklarerering på 283, d.v.s. 75 % Desse fangstane utgjorde 9 270 000 kilo.

”Det fremgår at en rekke fartøyer har unnlatt å deklarerere fangster levert til utlandet. Fra noen tolldistrikter er det dertil anført at oppgjør i Danmark har funnet sted i form av penger ”under bordet” eller i form av drivstoff og at mannskaper på noen fartøyer er anmeldt for smuglingsforsøk.”

Er der underliggjande og alvorlegare saker som gjer at dei store må vernast?

Dette var i 1989. No er vi komne til 1993, og året går mot sin slutt. Kor mykje er det gjort for å ordne desse tilhøva? Desse statueringane av eit døme her og der, er då vel ikkje nok? Og er det slik at ein i staden for å rydje opp i heile sulamitten, arbeider for å ”forenkle regelverket”, som skrivet frå Fiskeridepartementet påstår skal kunne minske lovbrota?

I så fall tyder det på at dersom ei lov vert broten mange nok gonger, gjev det grunnlag for å lette på lovene. Dette har ein sett har vore gjort framlegg om frå departementsfolk i andre høve. Ein kan nemne regelen om 25 % nynorsk i offentleg målbruk. Denne lova såg ein så umogleg å halde, at det var på tale å fjerne den, til samanlikning.

Derimot har i alle fall slikt ikkje vorte nemnt i samband med reglane for å få uførepensjon og sjuketrygd. Der går ein andre vegen, og set i gong landsomfattande kontroll for å få has på potensielle trygdemissbrukarar. Der strammar ein inn reglane. Er det likskap for lova i dette landet? Og er det ikkje slik at det er interesser hos dei som sit med makta som avgjer om ein skal ta lova på alvor?

I skrivet frå Fiskeridepartementet står det på slutten: ”Riksrevisjonen foreslår: Til observasjon.”..... Kor lenge skal dei observere?

Til Stortinget skriv Riksrevisjonen v/Bjarne Mørk Eidem den 17. august 1990: ”Også i antegnelse til statsregneskapet 1989 tar Riksrevisjonen opp en rekke saker av prinsipiell karakter eller som dreier seg om kritikkverdige forhold, håndheving av bestemmelsesverk m.v.. Riksrevisjonen har også fulgt opp at departementet etterlever det som er fastsatt i desisjonene og i premissene for disse antegnelsene.”

Og vidare: ”Riksrevisjonen har i skriftveksel reist det prinsipielle spørsmål, hvordan personlig ansvar skal håndheves overfor embets og tjenestemenn som direkte begår feil eller som passivt bidrar med mangelfull oppfølging av de enkelte saker med store økonomiske konsekvenser. Det kan bli tale om at det for fremtiden gjøres mer anvendelse av bestemmelser i straffeloven, tjenestemannsloven, etatvise reglementer og instruksjer m.v., og å gjøre personlig økonomisk ansvar gjeldende.”

Dette ser verkeleg bra ut. Men kva så med saka om produktavgifta og faglagsavgifta, for å ta eit par døme? Her har då visseleg Stortinget ei soleklar plikt til å ta opp det som ikkje kan vere noko anna enn ei forsøming og ”passive bidrag med mangelfull oppfølging”, også frå Stortingsrepresentantar si side.

Men tre år er sjølvsagt ikkje noko lang periode i historia. Det kan jo vere at ein del saker vert forelda før dei vert granska at eventuell straff vert mild på grunn av at lovbrota er gjorde for så lenge sidan, slik Danmarksaka tyder på. Går det slik leiinga i Arbeidarpartiet og andre ynskjer, vil det drage lenge ut før ein får ei gransking av desse tilhøva, og får setje sakene i sin rette samanheng.

Det var å ynskje at heile ”folkets hus” vart grundig reingjort og desinfisert.

Sidan dette har Ronald Bye kome med bok saman med to journalistar, om avlytting i Folkets hus, med meir.

Ei bok som har laga torevet i media med lynnedslag og påfylgjande skybrot.

Arne Kremmervik skreiv brev til Det Norske Arbeiderparti v/Thorbjørn Jagland den 27.11.93 som vi gjengjev her:

”AVSLØRINGAR MHT AVLYTTING/IRREGULÆR FORVALTING AV MIDLER:

I radio 25.11.d.å. anmodet du, som partileder, om at alle kortene vedrørende avlyttings-saken kom på bordet.

Over en lengre periode har det i media vært lagt fram dokumentasjon om irregulær forvaltning av offentlige midler relatert til fiskernes sosiale ordningar. Saken har også vært tatt opp i Stortingets spørretime og i Stortingets Forbruker og administrasjonskomite i tilknytning til Ot.prp. nr. 24 (92-93) Pensjonstrygden for fiskere. I NRK dagsnytt og i media for øvrig har er fremkommet spekulasjoner om hvordan de irregulære midler har vært anvendt, -navnlig etterretning.

Sakene vedrørende irregulær forvaltning er politianmeldt av flere, til dels uavhengige personer, bl.a. gjennom Senja Politikammer, Sunnmøre Politikammer og nå oversendt Oslo Politikammer.

Saken kan være ytterst alvorlig for tidligere og nåværende fiskeristatsråder, muligens også for tidligere og nåværende statsråder i Sosialdepartementet, Justisdepartementet og Finans- og tolldepartementet. Bl.a. bør en være klar over at riksrevisor Bjarne Mørk Eidem er inhabil i saken.

Jeg vil derfor, under henvisning til foranstående, anmode om at partilederen inntar holdningar som skaper muligheter for en snarlig opprydding i sakskomplekset som bla.a. omfattes av politianmeldelsene. I tillegg bør partilederen og partiledelsen for øvrig innkalle informasjon i saken. Det er også betimelig at Riksadvokaten orienteres om det omfattende sakskomplekset som er under avdekking.

Med vennlig hilsen  
Arne Kremmervik.”

Det brevet trekkjer heile saka inn i ein vidare samanheng.

KÅRE TORVHOLM – EIN KVERULANT ELLER EIT UNIKUM?

Kåre Torvholm har vore ein hard negl å få has på for fragler og underjordiske av alle slag. Han må ha vore som katten, som etter seiande skal ha ni liv. Og alt det han har opplevd og kjempa med i dei liv han til no har levd, kunne visst vere emne for nokre skrifter.

Det som slær ein utanforståande, når ein les og høyrer om hans aktivitet, og ved sjølvoppleving røyner kva kapasitet og viten han sit inne med, er at det ikkje finst mange som kan byde likt. Om systemet var slik at han vart brukt på ein skikkeleg måte, kunne han ha vore ein verdfull ressurs i Norges Fiskarlag. Han har vore, og er, ein utrøyttelig forkjempar for rettferd og ærlegdom i dei saker han engasjerer seg i. Difor gjekk han til kamp mot fragleveldet. Ein kjem ikkje usåra frå ein slik strid. Gjennom sin eigen kamp for å få dei rettar han skulle ha krav på, fekk han eit godt kjennskap til trygdesystemet, men og til mykje han ikkje likte, når det gjaldt sakshandsaming innanfor offentleg forvaltning, ikkje minst innafor fiskeri. Han har ei oversikt betre enn dei fleste, og har den vanen at han samlar dokument, og veit å finne dei når han treng dei.

Torvholm har hatt mykje å kjempe med på den helsemessige sida. Slik eg har høyrte historia, av Torvholm sjølv og andre som kjenner tilhøva, er det ei lang liste. Alt i 1963 opplevde Torvholm eit hardt slag, der han såg på at den 16 års gamle broren vart kasta over bord frå lett båten og omkom, utan at han trass i alle freistnader, greidde å berge han. Under fiske om bord i "Nylon" same året, hende det eit uhell medan båten låg i Skudeneshavn. Kåre Torvholm og trålbasen skulle løfte ei salttunne over rekka. I det Torvholm tok i og vrei på seg, kjende han ei skarp smerte i ryggen, og ei kjensle av varme. Det viste seg seinare at fleire støtteband og muskelfeste i ryggen hadde gått av. Han var mykje plaga på resten av turen, og vart sjukmeld då han kom heim. Doktoren som undersøkte han, meinte at Torvholm ikkje var helsemenneskje til å drive sjøen. Men då dr. Bøen slutta same hausten og ny doktor kom, vart Kåre Torvholm friskmeld på flekken. Men sidan han var så dårleg i ryggen, kunne han ikkje vere med nokon andre på sjøen, for han tolde ikkje å vere ute lenge om gangen. Han fekk då låne litt pengar av far sin, og kjøpte seg ein båt. Denne sette han i stand og dreiv sjøen så godt han kunne.

Men i 1965, finn vi han på jobb om bord i "Ny- Eros". Grunnen var at han hadde røynsle med hekksnurpe. I denne toårsperioden hadde ikkje Torvholm eitt øre i stønad frå nokon offentleg instans. Korkje sjukepengar eller attføring kom på tale. Herøy trygdekontor var ikkje akkurat kjend for å vere raus i så måte. Det kan skribenten underskrive....

Som nemnt i eit anna kapittel, kom han ut for ei arbeidsulykke om bord på båt under fiske i 1974, og braut ryggen og fekk nokre skadar attåt. Dette var om bord i "Herøyværing" ved Svenskeøya aust for Spitsbergen. Då lett båten skulle hivast opp etter at dei hadde undersøkt ein stim, gjekk mantelen av og båten hadde eit fall på om lag 15 meter, etter legen sitt utsagn.

Johannes Pettersen og Kåre Torvholm var om bord. Båten fall fortare enn dei to, og det var ein hard støyt. Pettersen fekk ein hardt slag i eit kne, men hadde elles ingen alvorlege skadar. Kåre Torvholm, som stod og heldt seg i rattet fall bakover over batterikassa, så både batteria og kassa vart knust. Han fekk ein alvorleg smell og lege vart teken om bord frå oppsynsskipet "Nornen". Torvholm hadde pustevanskar og måtte sitje i ein stol, for ryggsmertene gjorde at han ikkje kunne liggje. Lungene var dekomprimerte. Skipslegen såg på den knuste batterikassa, tok pipa ut av munnen, peikte på Torvholm og sa: "Du skulle vore død." Det vart bestemt at ein skulle vente og sjå om tilstanden forverra seg, før ein eventuelt tok til på den lange turen til lands.

"Herøyværing" fekk seinare not i propellen, og medan "Nornen" sine dykkerar fjerna notrestane, kom lege om bord att. Kåre Torvholm hadde framleis sterke smerter i ryggen og store vanskar med å liggje. Men det er sjølvsagt grenser for kor lenge ein kan halde seg på

beina. Han vart tilrådd å kome seg på sjukehus for røntgenfotografering så snart han kom til lands.

Søndag kveld tok dei til å kaste. Torvholm tok då på seg det einaste han såg seg i stand til, nemleg å trakke flå i kraftblokka, etter at han var ferdig med basjobben i lett båten. Dei heldt på heilt til laurdag. Siste kastet gjorde dei ved Hopen, aust for sydspissen av Spitsbergen. Under dette kastet seig føtene saman under Kåre Torvholm. Grensa var nådd for hans yteevne. Kursen vart sett for Vadsø, ein tur på eit par døgn. Den tida som hadde gått sidan ulukka, hadde han ikkje sove eller greidd å ligge. No kjende han seg så pass bra at han kunne liggje ein times tid om gongen.

Torvholm reiste rett til sjukehuset i Vadsø og fekk teke bilete av ryggen. Det viste seg der at ein av ryggkvervlane var samantrykt mellom 8 og 9 mm i forkanten, og han hadde eit skrått brot på kvervelen. Doktor vart varskudd, og turnuskandidaten, som heitte Knut K. Johnsen trudde knapt sine egne augo. "Det er medisinsk umulig at du går rundt, du skulle vært lam," var hans reaksjon. Men det viste seg ved nærare undersøking at ryggen hadde lækt seg sjølv meir den veka han hadde vore i aktivitet enn eit tre vekers sjukehusopphald kunne ha gjort. Han fekk tilbod om innlegging, men ville ikkje. Han hadde ikkje særleg gode røynsler med det å vere sjuk i Herøy. K.K.Kohnsen såg poenget, men åtvara: "Hvis du faller i gjen, blir du lam." Men Torvholm gjekk om bord i "Herøyværing" og heldt fram med å fiske, sjølv om han etter eige utsagn "gjekk som ein krabbe" i ei veke etterpå.

Han vart pålagd å reise til etterkontroll, og 17 dagar etter ulukka reiste han med fly frå Tromsø til Ålesund og ringde til sjukehuset der for å få røntgen. Han fortalde at han var pålagd dette, for di han hadde brote ryggen. Ingen trudde på han, men forlangte rekvisisjon fra lege. Torvholm kontakta då lege i Herøy og sa at han hadde brote ryggen. Legen vart rasande av "slikt tøvprat" og jaga han ut. Torvholm ringde då Vadsø sjukehus og forklarte situasjonen. Ti minutt seinare ringde Åse sjukehus og alle portar stod opne for han.

Torvholm reiste så på sjøen igjen, og dreiv sjøen til i 1979, då han var ute for ei ny og alvorleg ulukke utanfor Sørøya i Finnmark i februar. Denne gongen vart han frakta til lands med helikopter med store og alvorlege hovudskadar, etter å ha fått ei snurpeblokk i hovudet. Ein slik lagnad skulle tilseie at det måtte vere ei oppgåve for samfunnet å vere til hjelp og støtte. I staden har han måtte kjempe for ikkje å drukne i problema som det same samfunnet har vore svært hjelpsame med å skape.

Han er trygda etter arbeidsulukka han var ute for i 1979, men heller ikkje det har vore heilt problemfritt..

Men no let vi Kåre Torvholm fortelje sjølv:

"Eg kom inn til Tromsø med helikopter den 26. februar i 1979, og var klår over at eg hadde fått ein nokså alvorleg skade. Det forstod eg på samtaler frå dei som stod rundt meg. For det var krangel mellom dei, kven som skulle ringe heim og fortelje kona mi om tilstanden etter ulukka, dei hadde lova å ringe når vi kom inn. Det vart då slik at eg fekk telefonen og fekk snakke sjølv.

Då var den eldste jenta vår nett fylt ti år. Sonen vår var ni, og den yngste jenta var ikkje fylt fem.

På sjukehuset hende det ein glepp. Eg vil ikkje laste sjukehuset for dette, men sjukehuset var utteke i legestreik, og i alt dette hende den gleppen at eg vart heimsendt etter berre tre døgn. Ein sjukepleiar sende meg heim. Kona mi tykte det var litt rart, men etter som eg fekk lov til å

gå sjølv til røntgen, slo ho seg til tols med at det var vel bra. Kona fylgde meg sjølvsgagt på flyet. Utan det måtte eg hatt sjukepleiar med. Den første reaksjonen på at dei kjende til haldninga til trygdekontoret i Herøy, fekk eg ved at då dei høyrde kva for eit trygdekontor eg sokna under, ville dei betale flybilletten mon.

Vi kom heim, og vi var glade for at vi i allefall fekk vere i lag, og at eg levde. Og eg forstod det på borna og, at det var det aller viktigaste, dette at eg overlevde. Då eg kom heim, kontakta eg doktor Ørstavik, og han forstod situasjonen, og sjølv om han ikkje sa så mykje, skjønte eg at han var forbausa over at eg var oppe. Han bad meg vere varsam, og ikkje gjere anna enn det eg kjende og var viss på at eg tolde.

Det vart ei stor belastning på familien. Det vart merkbart etterkvart. Eg hadde problem med å tole støy og lys, og dette merkast sjølvsgagt for dei andre, ikkje minst for borna. Det vart slik at dei gjekk på tærne, og vi prøvde å verne kvarandre. Eg prøvde å trøyte meg så langt eg kunne for deira skuld, og dei prøvde å ta omsyn til meg.

Utover våren var det lite å merke på trygdekontoret. Men i ettertid har eg sett at det var ei lukke at dei just hadde fått ein ny sakshandsamar, Svanhild Christensen, som tidlegare hadde arbeidd på Hareid før ho kom til Herøy. I 1979, om hausten, vart doktor Ørstavik sjuk. Då gjekk eg til distriktslegen, og eg merka etter kvart at det vart reaksjonar om at dei tykte sjukeperioden drog lenge ut. Dei sa ikkje så mykje, men eg kunne merke det.

Ut over hausten tok eg til å kome meg noko, og om vinteren tok eg til å drive sjøen så smått med eigen båt. Eg prøvde meg då med 50% sjukmelding. Sidan prøvde eg med 100 % friskmelding.

Eg fekk då eit tilbakefall, men ikkje verre enn at eg såg det slik at eg kunne berre roe meg ned, så ville det gå over.

Då fann distriktslegen ut at han ville ha meg inn på Åse sjukehus for undersøking. Eg var glad for det, for eg hadde ikkje vore undersøkt sidan eg var i Tromsø.

På den tida tok problema med trygdekontoret til. Det kom ikkje pengar frå trygdekontoret, det gjekk fleire månader, og sjukehuset tok affære. Etter press frå dei og etter mykje om og men, fekk kona mi til slutt utbetalt attføringspengar frå februar til mai.

Det eg ikkje var klår over, var at det ikkje var ei vanleg undersøking, men ein belastningstest, ein arbeidstest eg skulle gjennom på sjukehuset. Dei la meg på ein benk og sette vasstrykk på øyro. Då eg vakna, var eg like dårleg som eg var med det same eg hadde fått skaden.

Eg fekk misstanke om at noko var gale, og då eg kom på doktorkontoret heime, ville distriktslegen ha meg til Molde for å prøve hjernen med å setje lufttrykk på, blåse opp hjernen. Då slo eg i bordet og nekta. Eg la fram papira på ryggskaden min, og spurde om det var for å teste om eg var ei "slye", dei ville gjere det på ein slik måte.

Eg gjekk på trygdekontoret og forlangte at rådgevande lege skulle inn, for eg ville ha ei skikkeleg undersøking. Dei godtok då at eg kunne begynne å gå til doktor Ørstavik igjen.

Då Ørstavik fekk vite kva som hadde hendt såg han ut til å vere i sjokk. Seinare har både han og andrelegar sagt at eg kunne vere glad for at eg overlevde testen.

Han søkte då Trondheim, og der var eg på nevrologisk avdeling og fekk ei grundig undersøking. Det einaste dei ikkje undersøkte, var spinalvesketrykket., om det var derifrå det varierende trykket på hjernen kom. Dette fekk eg seinare undersøkt, og det kom ikkje derifrå. Kona mi var der, og når vi for der i frå, sa doktoren at det einaste rådet han kunne gje, var at vi kunne prøve den der handspåleggjaren opp i Snåsa.

Eg var då også klår over at kona og doktorane hadde snakka saman, og at konklusjonen var at vi måtte vere førebudde på at tilstanden ville forverre seg, slik at eg ville ende på ein heim ein eller annan staden, kanskje alt om eit år eller to. Det var berre eit tidsspørsmål. Det vart etter kvar problem på trygdekontoret. Søknadene mine vart borte, det gjaldt attføringspengar. Det

skorta på økonomien. Eg fortalde doktoren om ryggskaden min og vart oppfordra til å registrere ryggskaden, for di det kunne verte seinskader. Tett før jul 1980 tok eg til å merke ting som hende på trygdekontoret. Trygdesjefen vart så rar og tok til å snakke om at eg måtte kome i arbeid. Min doktor sa det kunne vere livsfarleg å kome i ein arbeidssituasjon, eg måtte vente og sjå. Og i Trondheim sa dei også at det kunne gå alt frå ein månad eller to til tre år, før dei kunne seie noko sikkert, slik situasjonen var.

Då eg kom på trygdekontoret i januar i 1981, sa brått trygdesjefen til meg at no var det på tide at eg fekk "akterenden opp av stolen" og kom meg i arbeid. Han hadde snakka med arbeidskontoret. Eg trudde det var ein spøk. Då fekk eg innkalling til samtale med arbeidskontoret. Eg møtte opp i Fosnavåg, og då eg la papira mine på bordet og fortalde om situasjonen, fekk eg vite at dei ikkje som vanleg hadde vore i kontakt med legen, men hadde fått ein oppmoding frå Trygdekontoret i Herøy, om å få meg i arbeid. Dei hadde bare hatt kontakt med trygdesjef Warholm. Seinare fekk eg vite at folk frå Trygdekontoret også hadde vore og forhøyr seg om jobb til meg på ein fiskevegfabrikk, med mykje støy. Då eg fortalde legen om dette, vart han rasande. Og sakshandsamar ved trygdekontoret, Svanhild Christensen, gav også uttrykk for at ho var sjokkert.

Det er heilt klårt frå dokumenta, at søknaden var sendt frå trygdekontoret i Herøy, utan doktor Ørstaviks vitande, og sjefen på arbeidskontoret, Hjertenes har skrivne i notat på søknaden etter samtalen i Fosnavåg at Kåre Torvholm er ikkje i stand til å ta arbeid, og at Torvholm sjølv vil ta kontakt med arbeidsformidlinga, når han vart bra nok til å ta arbeid. "Dette er vel også i samsvar med legeopplysningar." Den 2. januar 1982 skreiv han ned på same arket at han hadde vore på temamøte i Herøy, på trygdekontoret, og at han framleis meinte Torvholm ikkje kunne ta arbeid, og at det skulle søkjast om medisinsk vurdering hos Hellebust for avklåring, med tanke på søknad om yrkesskadeerstatning og uføretrygding. Vi hadde då ikkje fått pengar på månadsvis.

Vi var i ein så vanskeleg økonomisk situasjon at kona mi måtte prøve å få seg jobb. Det vart ei svært vanskeleg periode. Ungane sat faktisk vakt over meg, slik eg av og til hadde det då. Og det som kom i sær var vanskeleg, var at dei kreftene vi skulle brukt til å kome over vanskane, dei måtte vi bruke til å slåst mot systemet. Vi hadde ikkje overskot til å hjelpe ungene med lekser eller å støtte dei som vi kunne ha gjort. Heldigvis gjekk det bra. Hausten 1982 greidde eg å skaffe meg legeerklæring på ryggskaden min frå førstehandsbehandlande lege, med mykje arbeid. Eg gjekk då til trygdekontoret med dette. Då hadde eg på nytt ikkje fått eit øre på fleire månader. Då trygdesjefen fekk sjå desse papira, snudde han tvers, og eg fekk pengane omgåande.

Det som kan dokumenterast er at det alt då var sett eit "slyestempel" på meg. Ryggskadepapira viste noko anna, at eg hadde stått i arbeid trass i skaden, og ikkje teke mot sjukepengar i det heile. Også attest frå skipperen på båten, Per Sævik, låg med m.meir, og frå legar i Vadsø.

Men det som også gjekk opp for meg, var at det hadde forsvunne papir, mappa var omnummerert, og for kvar gong det var sendt søknader til Fylkesnemnda og Rikstrygdeverket, var papir borte frå mappa. Det var nettopp mine legeerklæringar som fortalde at eg ikkje hadde vore sjukmeld.

Desse forsvinningane oppdaga eg då trygdesjefen var borte frå kontoret nokre dagar.

Eg hadde fleire samtaler med trygdesjefen der eg oppfatta det som om han kom med tydelege truslar, når det gjaldt ting eg sette fingeren på, mellom anna om sjukelønsrettar for fiskarane. Eg fekk det igjennom for meg sjølv, og etterpå vart lova endra. Det var også eit utstrekt samarbeid mellom trygdesjefen og likningssjefen og Jan Skjervøy som då sat i garantikassa i samband med rettar for fiskar, når du var sjukmeld med utsikt til betring. Det eg ikkje var klår over var at det var innblanda tillitsfolk. Eg visste ikkje at det var ei liknande ordning for fiskarar som for sjøfolk. For sjøfolka var det ei landsnemnd som var heimla i lova. Eitt særskildt trygdekontor i riket skulle administrere sjuketrygda for sjøfolka. Her sat det då eit styre på fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Eit av medlemmene skulle representere reiarane og eitt sjøfolka. Dette vart ført vidare då folketrygda kom. Men for fiskarane var dette visst nok ei uoffisiell nemnd dei hadde funne for tenleg, og Herøy trygdekontor hadde vore rådgjevar for statsstyringa i mange år, sannsynlegvis sidan 1945. Det var altså ei nemnd der trygdesjefen, distriktslegen, ein sekretær, folk frå næringslivet og folk frå arbeidsgjevar og arbeidstakersida sat. For arbeidstakersida sat det ein framstående tillitsmann frå Herøy. Frå arbeidsgjevarane sat ein tillitsmann for fiskarane i Sogn og Fjordane.

Eg fekk klår budskap om at dersom eg ikkje innretta meg, ville det gå ut over rettane til familien, kona og borna. Rettane var nemleg betre ved yrkesskade enn ved vanleg sjukdom. Det var ein plan, - vi forstod ikkje så mykje av det, men det viste seg at det måtte vere planmessig. Mellom anna vart kona oppringd frå trygdekontoret. Mellom anna vart ho utspurd om kvifor ho ikkje var i løna jobb, om ho ikkje kunne eller om ho ikkje ville vere i arbeid. Det var for di dei skulle sleppe å betale ektefelletillegget. Då vart eg så opprørt at eg tok drosje til trygdekontoret og slo i bordet. Dagen etter kom det telefon frå trygdekontoret frå ein meir enn mjuk trygdesjef som bad om orsaking.

Det var eit psykisk og økonomisk press. Dette var det året yngstejenta byrja på skule.

Alt då var der fleire prinsipp saker som gjaldt fiskarar, som Norges Fiskarlag og Sunnmøre Fiskarlag bad meg om ikkje å sleppe, for di dei var viktige for fiskarane over heile landet.

Hausten 1983 hadde eg teke til å få litt oversikt over det heile, men eg trudde ikkje tillitsmennene var involvert. Men så glapp det ut av trygdesjefen ein dag, at no skulle fiskarane få redusert rettane sine. Det skulle ikkje lenger vere slik at fiskarane skulle gå og sjukmelde seg som dei sjølve ville, det skulle han syte for. Og eg hadde inntrykk av at dette hadde vore framme på eit møte på Stranda. Då tok eg kontakt som kom fram til Rikstrygdeverket. Og trygdefolk som var på vidareutdanning ved DH i Volda, fekk då oppgava som vart til rapporten "Fiskarar og sjukepengar."

Dei fekk ut arkivdata frå trygdekontoret i Herøy. På det tidspunktet gjekk det opp for meg at det var noko som ikkje stemde. Eg skjønnte at trygdekontoret og likningskontoret i Herøy var retningsgjevande for heile landet. Eg kjende det då som om det var eit stort bord med masser av høge herrer kring, og eg hadde trakka ettertrykkjeleg opp i salaten deira.

Eg torde ikkje fortelje heime kva eg oppdaga i dette, og heller ikkje samtalar og opplysningar eg fekk på trygdekontoret om kva metodar som vart brukte for å stoppe opposisjonelle. Du skulle lyde, du skulle gjere det som dei sa, eller så ....

Folk har spurt meg kvifor eg har stått slik på. Eg svara då at eg vart så redd at eg torde ikkje gjere noko anna. Og eg hugsar eg ein gong sa til Svanhild Christensen: "Desse folka skal stoppast, om eg så skal gå igjen."

Det er nesten så eg av og til kjenner på at det har vore slik og. Det er heilt uforståeleg for oss, heile familien, at det har gått levandes vel.



Trygdesjefen hadde vist tydeleg uvilje mot at eg skulle registrere ryggskaden min. Han argumenterte med at eg ville kome dårlegare ut, om eg det gjorde.

Den 3. juni 1984 avslo Rikstrygdeverket å registrere ryggskaden min. Eg hadde ikkje sett fram krav om yrkesskadetrygd eller yrkesskadeerstatning, ville berre ha den registrert om det skulle verte seinskader. Eg var då klår over at ikkje alle papira mine hadde kome Rikstrygdeverket i hende, så eg sende dei direkte, utan å gå om trygdekontoret. Eg spurde berre om kva for medisinske grunnar dei avslo å registrere skaden på. Den 26. februar 1986 kom det brev til meg gjennom trygdekontoret, der anken min, som dei kalla det, var teken til fylgje. Dei hadde sett den medisinske invaliditeten på inntil 24 %, og eg fekk yrkesskadeerstatning.

Dette kom som ei svært, svært, uventa glede. Eg veit ikkje om slik hender ofte, at ein får sin rett utan å stille krav om det. Det at eg ikkje stilte krav, hadde trygdesjefen tidlegare pressisert overfor Rikstrygdeverket.

I motsetning vart hovudskaden, som fylkeslegen hadde innstilt til 100 % invaliditet, registrert til 54 %

Det vart søkt om uføretrygd. Ei av sakene mine måtte eg gå til trygderetten med, og den 29. januar i 1987 fekk eg medhald der.

Dette var den våren vi kørde på med underskriftskampanjer og kjempa mot sjukelønsordninga. Det vart sagt til meg at ein trong folk som ikkje la bort sakene sine, men brukte dei i arbeidet for fiskarane sine retter, og slik at det vart avslørt kva metodar som vart brukte. For om maktapparatet fekk lov å utvikle seg og forsterke seg, vart det umogleg for alle.

I 1984/85, tok eg til å tenkje på om det fanst eit samband mellom dei negative kreftene i det miljøet eg hadde vore i då eg dreiv sjøen, når det gjaldt makta og innflytelsen mellom fiskeria og etterretningstenesta, slik den hadde vore og måtte vere i Norges Fiskarlag. Men eg fekk meg ikkje til å tru det. Men etterkvart såg ein at det tok til å byggje seg opp eit miljø i Austevoll mot ringnot, og trål og klippfiskmiljøet der vart flytta frå Kristiansund til Sunnmøre. Skiftet kom då i slutten av 70åra.

Det viste seg at de folkevalde kontrollorgana som låg i fiskeristyre og fiskarbank, trygdekasse og overlikningsnemnd og likningsnemnd med meir, vart regelrett overkøyrde av dobbeltspel frå tillitsfolk. Det var involvert både politi og juristar. Dei tok saker for folk, trenerte dei, tok betaling og sende folk på rundgang til nye advokatar. På den måten kom advokatane under press. Det synte seg også at når folk vart fårlege, vart det borte dokument alle stader.

I 1983 tok kona og eg i all stille kontakt med advokat Steinar Winther Christensen, for å sjå om det gjekk an å gå på sjukehusa når det gjaldt feilhandsaming. Kona og eg var til Tromsø. Det viste seg då at det ikkje var journalført noko som helst om ulukka etter helikopterturen til Tromsø.

Notata som legen hadde teke, som skulle vere lagra på Banak helikopterstasjon, var borte. Desse notata var leverte til Tromsø, sa dei. Men det einaste som låg i Tromsø var det som var i samsvar med det distriktslegen heime hadde skrive, at eg fekk ein tamp i hovudet, og etter tre dagar var eg kjekk. Men då hadde eg alt sikra meg dokumenta ut bakdøra, liksom eg gjorde det i 74 i Vadsø, og dei er meg i hende.

Rett etter at vi fekk ut rapporten frå distriktshøgskulen om Fiskarar og sjukepengar i juni 84, kom dei første indikasjonane på telefonavlytting. Telefonrekningane spratt opp og dobla seg. Det skulle ordnast opp, men brått vart det lagt lok på alt.

Då var den økonomiske krigen starta. Eg slapp å spørje banken etter kontoutskrifter. Etter dei opplysningar eg fekk hadde det vore diskutert, på ”styremøte”, kor mykje lån eg hadde, kva pengar vi hadde att og kor mykje vi hadde att i inntekt. Desse opplysningane måtte vere rette, for dei stemde, så der må ha kome opplysningar frå Sunnmørsbanken.

Sidan eg visste kor stor makt Sunnmøre Fiskarlag hadde, og kor tett samarbeid det var mellom Norges Fiskarlag og Arbeidarpartiet og etterretningstenesta under den kalde krigen, var eg klår over at dersom desse sakene hang i hop, var det fårleg for meg og for andre..

Difor sikra eg meg og fekk ein del dokument lagra i ein bankboks ein stad i Noreg, og sytte for at det vart kjendt. Eg tok også til å bruke andre telefonar enn min eigen, og gav opplysningar til folk her omkring, om avisartiklar som kom til å kome og andre ting. Slik fekk eg peiling på kven som var pålitelege. Dei som vart avslørte veit det sjølvsagt ikkje sjølv i dag. Eg fekk også ved eit høve ei liste frå ein journalist over journalistar som gjekk til Charles Remø og andre toppar i fiskerinæringa og fekk ”finpussa” artiklane. Om dette var sant, kan eg ikkje vite, men eg fekk lista, og hadde eg ikkje fått den ville ”krigen” truleg vore tapt. Seinare kom det opplysningar gjennom dei ymse kanalar, frå møte og konferansar, heilt til topps. Kvar dei kom frå, er eg avskoren frå å vite eller fortelje, men dei kom fram.

Våren 1986 hadde eg nok indikasjonar og bevis på at pengane i dei sosiale ordningane var missbrukte. Eg åtvara både Hepsø, Finn Bergesen Jr. og Anton leine, og sa at eg ville gå til politiet, om det ikkje vart opprydning. Hepsø ringde den dagen tidsfristen eg hadde gjeve dei, gjekk ut, og ville snakke det bort. Men då hadde eg alt vore til politiet. Men politiet la bort saka og sa dei ikkje fann straffbare tilhøve. Seinare vedgjekk dei at ho ikkje hadde vore undersøkt i det heile.

No må saka i sin heilskap kome til gransking og opprydning, etter dei avsløringar som har kome på mange felt, gjennom avisene og ikkje minst det som er avslørt om avlyttingsskandalen i Folkets hus, som berre er ein flik av det underjordiske kloakknett. For vår del har vi kjempa med problema i alle åra etterpå. Det har ikkje alltid vore lett. Familien min har stått saman med meg, borna vart opplærte til både å halde tett med det dei fekk overhøre, og å skjone kva som gjekk føre seg. Dei har klart det på ein utruleg bra måte. Det viktigaste for oss er at vi ikkje gjev etter for bitterhet eller hat, men ser på det heile som ein kamp for eit betre samfunn, der det ikkje er plass for slike arbeidsmåtar og metodar for å halde på makta og posisjonane. Lever vi i eit samfunn som har tapt alle moralske verdiar, skrevne og uskrevne, ja, då er adressa for ansvaret og domene heilt klinkande klar: Den generasjonen som sit med makta i organisasjonar og forvaltning i dag, og dei siste åra, er dei skuldige og dømde. Borna vore og foreldra vore er og må gå skuldfri. Ingen av dei kunne eller kan endre det samfunnet vi har i dag, sjølv om dei ville det av heile sitt hjarta. Ei livsløgn kan hjelpe oss fram til grava, men då er det slutt.”

## PERSONFORFYLGING?

Då Sunnmøre Fiskarlag suspenderte dei åtte fiskarane på søre Sunnmøre, vart sjølvsagt lokallaga skadelidande, for di dei åtte utgjorde styra for laga.

Dei prøvde som tidlegare nemnt å få fiskarlaget til å oppheve suspensjonane midlertidig. Dette gjekk dei til retts sak på, og tapte saka. Vi har før gått inn på desse stemningane som resulterte i at dei vart idømde 34 000 kroner i saksomkostningar.

Desse saksomkostningane skulle sjølvsagt fordelast på dei åtte, men Sunnmøre Fiskarlag hadde tenkt ut sin eigen måte, og den stod dei steilt på. Var det ein plan om å ramme den eine?

Kvifor var det så viktig at Kåre Torvholm skulle verte utpeikt som den ansvarlege for saka, og at kravet om saksutgifter skulle hefte ved hans namn? Var det hemnarane som var ute og gjekk? Sunnmøre Fiskarlag sende nemleg heile kravet til Kåre Torvholm, for di dei påstod at han hadde ført saka på vegne av dei andre. Kravet var utskreve den 20. mars 1990, og skulle betalast innan 10. april same år.

Men dei andre ekskluderte ville sjølv sagt ikkje at Kåre Torvholm skulle stå som den ansvarlege for det som dei alle hadde vore i lag om, og Torvholm ville ikkje verte kravd for heile summen. Ein av dei åtte skilde seg seinare ut frå dei og betalte sin del til Sunnmøre Fiskarlag.

Men dei åtte bad om å få krav til kvar einskild, og Torvholm skreiv eit brev der han protesterte mot av kravet til han skulle vere på 34 000,- med den grunngevinga fiskarlaget gav han for å krevje han for heile summen. Grunngevinga var altså at Torvholm skulle vere den som førte saka for dei andre. Dette brevet frå Torvholm skreiv han den 20. april. Han fekk ikkje svar på brevet, og det gjorde heller ikkje advokaten deira, som og skreiv og sa frå korleis rekninga skulle fordelast. Derimot kom lensmannen på døra med utleggsforretning i Torvholm sitt hus etter pålegg frå Nils Furnes som sekretær i Sunnmøre Fiskarlag, i skriv datert 4. mai.

Dette måtte vere ein høgst sjeldan måte å gå fram på. Til vanleg får vel den som skuldar pengar ein datofrist, og deretter purring. Sidan kjem det inkassokrav før utpanting eller utleggsforretning vert sett i verk. Men her var det ingen grid. Det ser ut som dette må ha vore ei avgjerd sekretæren og Jakob Strand som formann, hadde klekt ut, eventuelt saman med advokat Roald Engeness, (eller var det "advokat" Finn Bergesen Jr.) utan styret sitt vitande. For då styrevedtak vart etterlyst, fanst det ikkje. Men det vart laga eit styrevedtak den 3. oktober same året, altså fem månader etterpå.

I "Vestlandsnytt" 2. februar 1990 hadde formannen, Jakob Strand, ein uttale om at det ikkje var avgjort om, eller på kva måte midlane skulle inndrivast. Avisa skreiv at dei sju andre hadde skrive under ei fullmakt på at Kåre Torvholm skulle føre saka for dei andre. Men Rasmus Vorren gjekk ut i avisa og nekta for at det var slik.

Oddleiv Vorren skreiv brev til Sunnmøre Fiskarlag den 29. oktober 1990 og avsanna at dette var slik:

"Det må gjerast merksam på at Kåre Torvholm aldri har ført eller har fått fullmakt til å føre noko sak for dei som vart suspenderte frå Sunnmøre Fiskarlag, til det var advokat Johan Hagen frå Trondheim engasjert. Torvholm møtte i retten som vitne for dei andre.

Å unnskyldte seg med å ikkje vite korleis det skulle delast er berre sprøyt, då dette kom klårt fram i brev av 25/6 1990 frå vår advokat Johan Hagen. Så vidt eg veit er det ikkje nokon som har nekta å betale sin del av omkostningane, men ein må først få eit krav", skreiv Oddleiv Vorren.

Kåre Torvholm stadfeste utleggsforretninga den 31. oktober i brev til lensmannen i Herøy. Her går det fram at utleggsforretninga vart halden den 21. juni 1990 og bustaden til Kåre Torvholm vart teken i pant.

Mange fekk sjølv sagt sjokk då dei høyrde at Sunnmøre Fiskarlag hadde gått til så drastiske skritt som å ta utleggsforretning i bustaden til Kåre Torvholm. I brev til Sunnmøre Fiskarlag spør også kona til Torvholm etter styrevedtak. Brevet er skreve som stadfesting av ei telefonsamtale ho hadde hatt med sekretær Bjørdal, der han hadde lova å leite etter styrevedtaket. Dermed vart det sjølv sagt spørsmål etter om leiinga i Fiskarlaget verkeleg hadde lovleg heimel for å gjere det dei gjorde. Både lensmannen og formannen nekta då for at det var teke utleggsforretning, og ingen ville tru Kåre Torvholm då han fortalde det. "Styret måtte vel vere Nils Furnes, personleg?"

Den 23. oktober 1990 sende Sunnmøre Fiskarlag brev til Kåre Torvholm, underskreve Jakob Strand. Der står det slik skreve: "Nils Furnes har i denne saken bare fulgt de pålegg som han har fått fra styret. Han har ikkje handlet etter eget initiativ. Sunnmøre Fiskarlag har ikke krevd tvangsauksjon på Kåre Torvholms eiendom. Se vedlagte brev fra lensmannen i Herøy og sande. Men Sunnmøre Fiskarlag har sikret tilgodehavende fra de åtte domfelte med pant i Torvholms eiendom, grnr. 60- br.nr. 235 i Herøy kommune.

Gjennom domskjennelse har de åtte saksøkerne, en for alle og alle for en, blitt dømt til å betale 34 000,- til Sunnmøre Fiskarlag innen 14 dager etter at dom var forkynt.

Slik sett burde det ikkje være nødvendig for Sunnmøre Fiskarlag å sende spesielt krav. Men da beløpet ikkje automatisk har kommet inn til Sunnmøre Fiskarlag, har laget sett seg nøtt til å kreve de domfelte ved brev av 20/3-90 og krav av 4/10-90, samt å sikre tilgodehavende med pant i Kåre Torvholms eiendom. Men Sunnmøre Fiskarlag vil ikkje unnlate å vise til at alle 8 etter dommen har solidarisk ansvar overfor hverandre. Utfra dette har Sunnmøre Fiskarlag ikke funnet det riktig å blande seg inn i den interne fordeling mellom de åtte, da Sunnmøre Fiskarlag ikke har blitt kjendt med hvordan de har tenkt å fordele beløpet innbyrdes."

Her tek altså Strand på vegne av Sunnmøre Fiskarlag på seg ansvaret for utleggsforretninga, samstundes som han nektar for at dei i Sunnmøre Fiskarlag har fått noko å vite om fordelinga av sakskostnadene. Han nektar og for at Sunnmøre Fiskarlag har krevd tvangsauksjon, men seier dei har sikra seg pant i Torvholms eignedom, for heile summen. Brevet han viser til frå lensmannen, seier då også at tvangsauksjon kan krevjast etter 21/10-90. Dette går langt over forfattarens forstand, og eg vil tru eit stykkje inn i prestens, som ordtaket er inne på.

Oddleiv Vorren sette fram forslag på årsmøtet i 1990, om at vedtaket om å påleggje leinga å treffe dei tiltaka som "er nødvendig for å få inn midlene til laget, om nødvendig ved rettsleg inndriving." skulle kjennast dødt og makteslaust. Då dette ikkje fekk fleirtal, sa Oddleiv Vorren: "Der gjekk huset hans Torvholm". "Ja", svarte Furnes. "Men var det betre at huset hans Oddleiv gjekk?" "Høyrde du kva han sa", spurde Torvholm: Dei to konkluderte med at det var bestemt på førehand at eit hus skulle gå.

Men Jakob Strand gjekk på stolen og sa at Sunnmøre Fiskarlag hadde handsama saka rett og rettferdig.

Slik er so ga meg gjengjeven.

Det er sagt at styret heva utleggsforretninga. Det kunne dei gjerne, for Torvholm nekta å betale renter og avdrag til banken når det var kravt tvangsauksjon på huset. Dermed tok banken over. Tvangsauksjon fann svar. Huset vart selt til banken i mars 1993 ved andre gang tvangsauksjon.

## KVA HENDE I "SALMOSAKA"?

I 1986 kunne ein m.a. i "Sunnmørsposten lese om selskapet "Salmo A/S" frå Flåvær i Hærøy som søkte om konsesjon for oppdrett av laks. Dette var på den tida då konsesjonssøknader stod i kø, og det var hard rift om dei. Møre og Romsdal hadde fått 13 nye konsesjonar, og fiskeristyret gjorde seg etter måten greitt og fort ferdig med 12 av dei. Slikt er vel alltid noko avhengig av skjøn, men så vidt skribenten veit var det berre den trettande det vart strid om.

For det første vart det stilt kritiske spørsmål til om Herøy burde få denne konsesjonen, og tilrådinga kom i retur frå fiskeridirektøren med spørsmål etter grunngeving for valet av

Herøy. Så vidt ein har fått forståing av, hadde fiskerisjefen gjort framlegg om Midsund, og det var også andre kommunar inne i biletet, m.a. var Vanylven aktuell. Men dette vart ikkje den verste striden. For det var også eit selskap til i Herøy som søkte om konsesjon. Det heitte ”OK-fisk” og hadde hovudsete i Torvik.

Eit samla formannsskap i Herøy prioriterte Salmo på førsteplass, då dei handsama saka. Det var ei prioriteringsliste på tre, og OK-fisk var ikkje nemnt. I dei andre konsesjonstildelingane vart nettopp kommunane si tilråding lagt stor vekt på, og fylgd. Men her vart det altså gjort annleis. Styresmaktene hadde også klårt understreka at det ved konsesjonstildelingar skulle leggjast særleg vekt på at næringssvake område måtte tilgodesjåast. Og formannskapet i Herøy la i si avgjerd vekt på distriktspolitiske omsyn ved tilrådinga.

Men merkjeleg nok, hende det at på det første møtet i fiskeristyret vart ikkje prioriteringslista frå Herøy Formannsskap framlagd i det heile.

Ordføraren i Herøy, Charles Remø, hadde også vore med på vedtaket i formannskapet, men som formann i fiskeristyret gjekk han inn for OK-fisk. Til ”Sunnmørsposten” sa Remø seinare at han hadde varskudd på formannskapsmøte at han ikkje ville binde seg til formannskapsvedtaket. Det kom nye vurderingar inni biletet etter at saka var oppe i formannskapet, meinte han. Remø ville ikkje utdjupe kvifor han og resten av fiskeristyret hadde sett bort frå Salmo. ”Det er eit internt spørsmål og eg kan berre seia at alle søknadene er vurderte, og fiskeristyret kom fram til noko anna enn det formannskapet gjorde.”

Dei som stod bak Salmo vende seg ved fleire høve til fiskerisjefen for å peike på det dei såg som uregelmessige sider ved sakshandsaminga. Mellom anna meinte dei at avviket frå tilrådinga til formannskapet burde vere nemnt i vedtaket frå fiskeristyret. Fiskerisjefen på si side sa til avisa at alle kommunale tilrådingar vart sende ut til medlemene i fiskeristyret før handsaminga av søknadane. Men sidan han sjølv forslo Midsund, vart det for hans vedkomande ikkje aktuelt å gå grundig gjennom søknadene frå Herøy. Tenk det!

Men tilrådinga frå Herøy formannsskap vart ikkje referert på dette møtet i det heile, og fiskerisjefen innrømde overfor avisa at han ikkje hadde klårt for seg kva den gjekk ut på. ”eit benkeforslag fekk imidlertid støtte frå resten av medlemene, og det er deira vedtak som skal vidare til fiskeridirektøren som tilråding frå vårt fylke.”

Salmo fekk etter dette brev frå Fiskeridirektøren, v/Torben Foss, der det vart stadfesta at søknaden deira tilfredsstilte krava i oppdrettslova og tildelingsføresegnene. Og saka vart påklaga. Særleg vart det påpeikt at prioriteringslista frå Herøy kommune ikkje vart framlagd. På neste møte vart det i fylgje Jan Skrede stilt spørsmål frå han til Charles Remø, om søknaden frå OK-fisk hadde tilslutning frå Herøy. På dette svara Remø ja. Både Aud Inger Aure og Jan Skrede har skriftleg erklært at framstillinga i ”Sunnmørsposten” var korrekt, og at prioriteringslista frå Herøy Kommune ikkje var referert. Anke gjekk først til fiskeristyret utan resultat. Seinare gjekk anke til fiskeridirektoratet. Sakshandsamar der var Torben Foss, og han fann visst ikkje noko å utsetje på handsaminga. Trass i alle klager, og at fleire stortingsrepresentantar vart kontakta, greidde ein ikkje å få gjort om vedtaket, eller få gjennomslag for at sakshandsaminga var kritikkverdig.

Spørsmålet er: Har ikkje ein ordførar plikt til å leggje fram og fylgje eit samrøystes vedtak i formannskapet, når han skal vere kommunen sin talsmann i fiskeristyret, sjølv om han hadde skift meining i mellomtida? Og visste ikkje Charles Remø om vedtaket han sjølv hadde vore med og gjort, så han kunne etterlyse det når det ikkje vart referert?

Og kan det forsvarast at fiskerisjefen ikkje vurderer alle søknadene, sjølv om han har si eiga meining om kven som bør få konsesjon? Dersom vedtaket frå Herøy var framkome til fiskeristyret, kvifor etterlyste så ikkje fiskerisjefen det? Og dersom det ikkje var framkome, kven hadde i så fall skulda? Kven stod for benkeforslaget, og kva slags bøttekottforhandlingar hadde gått føre seg på førehand?

Kvifor forlangte ikkje dei andre medlemene å få saka oppatt, når dei fekk vite at det mangla dokument som ikkje var framlagde? Kva i all verda er dette for slags åtferd? Eit ørlite kurs i organisasjonspraksis måtte vere velbrukte pengar, dersom det står så dårleg til med kunnskapane mellom folkevalde. Men dersom det er moralen som sviktar, då har sjølv gudane tapt sin rett.

Denne saka har dei impliserte vel ikkje heilt gjeve på båten endå. Det er å merke seg at det er sakshandsaminga dei har klaga på. Kåre Torvholm skreiv til Fiskeridepartementet i høve fleire andre saker der det har lukta svidd, og han bad om å få tilgang til papira i saka. På dette svara departementet tvert og kort at han ikkje hadde krav på å få papira utleverte, sidan han ikkje var part i saka. Men det var nettopp det kåre Torvholm var. Han eigde 20 % av selskapet, og meinte seg såleis i høgste grad å ha rett til innsyn. Men dersom departementet verkeleg ikkje visste det, er det eit spørsmål kor grundig dei kan ha sett seg inn i heile saka eller om dei berre har strødd sand på det som fiskeristyret og direktoratet har gjort.

Fragleri, fraglera, eller som ordtaket seier: "Den eine ramnen hogg ikkje augo or den andre." Og fiskeridepartementet var ikkje viljug til å gjere om saka. For der sat Torben Foss og handsama den same anken som han tidlegare hadde avslått i Fiskeridirektoratet.---

Litt ryktemakeri får vi også ta med. Det treng ikkje plent vere ulovleg om folk styrer og manipulerer. Men det er ein fære for demokratiet, dersom for mange toppverv kjem på for få hender, eller kanskje på ei hand, for då får det så alt for mykje å seie kva personlege eigenskapar eller kva oppfatning den eine personen har. Og den som sit i mange verv har svært mange viktige trådar i si hand.

For å vise dette skal vi ta med ei slik soge.

Medan "Salmoska" var på beddinga, sat Charles Remø som ordførar i Herøy kommune. Samstundes sat han som styreformann i Feitsildfiskernes salslag, samstundes som han var styreformann i Norges Fiskarlag og medlem i fiskeristyret for Møre og Romsdal m.m.m.

I samband med årsmøte i Kredittkassen/Fiskernes Bank som då var samanslege, skulle det veljast styre. Mads Bjørnerem var frå før formann i styret, og var av Norges Fiskarlag innstilt for gjenvalg. Remø var Norges Fiskarlags representant på Sunnmøre og skulle vel representere fiskarlaget på årsmøtet. Norges Fiskarlag hadde i likskap med Råfisklaget og Feitsildfiskarlaget aksjer i banken, og såleis røysterett.

Men utan at mads Bjørnerem hadde høyrte om det, så vidt vi veit, stilte Charles Remø opp som kandidat til formannsvervet, og Bjørnerem vart sett utanfor.

Remø hadde fått endå eit verv som gav stor påverknadskraft. Men det vart sagt på folkemunne at han då vart for "mett", og seinare skreiv sin avskilssøknad for di andre og vart mette.

Det vart vel prata litt i krokane om diverse gjeldssaneringar som fann stad, utan om vi veit om det fanst noko hald i rykta. Men i "vestlandsnytt" kunne ein brått lese av rekneskapa at Herøy og Leikong Sparebank hadde fått ein innskotsauke på 50 millionar, ca 40 millionar meir enn det som var vanleg. Ryktet ville ha det til at dette var innskot frå Feitsildfiskernes Salslag. Ryktet vart visst også prova. Det var sagt frå styremedlemer i Sunnmørsbanken at denne

banken hadde lege i forhandlingar med Salslaget om innskotet på dei 40 millionane, men at salslaget forlangte så høg rente at det ikkje var lønsamt for Sunnmørsbanken.

Kva betingelsar Herøy og Leikongavdelinga av Sparebanken fekk, er sjølv sagt ikkje kjendt. Men folk var forundra over at denne banken som om lag ikkje hadde fått utlån til fiskeflåten, fekk desse pengane. Men somme ville ha det til at ordføraren hadde kontakter i banken, og ein som hadde vore styreformann i Herøy og Leikongavdelinga og som var involvert i OK-fisk-selskapet, skulle ha gjeve uttrykk for at her var det gjort eit kupp. Og etter dette kuppet skulle også Ok-fisk ha fått tilsagn om 5 millionar i lån. Når så ordføraren i Herøy stappa prioriteringslista frå formannsskapet i ein skuff, lista som sette Salmo på 1-plass, og fiskeristyret gjekk inn for konsesjon til OK-fisk, så er biletet kanskje nestan fullt, bortsett frå nokre få puslebitar.

Det skulle vore moro å vite kva som fekk fiskerisjefen til å sjå gjennom fingrane med at prioriteringslista ikkje var framlagd, og kva førehandsdrøftingar som hadde funne stad på sentralt hald, mellom t.d. ordføraren i Herøy eller landsstyremedlemmet i Norges Fiskarlag, eller styreformannen i Feitsildfiskernes salslag og Torben Foss og andre i Fiskeridirektoratet, som seinare av slo anken frå Salmo.

Men heile historia er då berre rykte, og det skal ein ikkje ta så alt for alvorleg. Vi veit då korleis det er med desse rykta om sjøormen. Dei vert aldri prova, men like besett overlever dei.

Sjøormen på Sunnmøre har ingen sett, men det er som kjendt mykje stygt i sjøen, som mannen sa, han såg kjerringa si bade.

Når så mykje av dette skriftet omhandlar folk frå Herøy og Sandsøy og frå Sunnmøre Fiskarlag, vil ikkje det seie at dei fleste av desse sakene berre gjeld folk frå dette distriktet. Tvert i mot kan ein vel seie. Det meste har hatt og har konsekvensar for folk langst med heile kysten, fiskarfolket og familiane deira og fritidsfiskarar over heile landet. Kystbuarar i det heile. Og om det er meir av dette fraglespelet i fiskerinæringa enn i annan næring, skal vere usagt. Vi trur ein kunne finne mykje rart, om ein tok til å leite, og det vil nok verte gjort med tida. Og om det er meir av dei ”underjordiske” som er her frå traktene skal også vere usagt. Men Møre og Romsdal, og Sunnmøre i sær, har spelt ei stor rolle innanfor fiskeria, og har vore kjende og skamrosa for tiltakslust og framtøk ferd. Dei har hatt leiande posisjonar innanfor fiskarorganisasjonane og fleire statssekretærar i fiskeri- og sosial-departementet har vore henta her i frå.

Det har vore kontroversar mellom fiskarar nordpå og sørpå. Som tidlegare sagt, og så langt skribenten har forstått, er ikkje dette usemje mellom kystfolk og kystfiskarar innbyrdes, men mellom kystfiskarar og kapitalsterke folk, fiskebåtreiarar og det som i vanleg tale vert kalla ”storkarar.” Det er såleis ein maktkamp mellom klasser. Dette kjem tydlegare fram, når ressursane vert knappare, samstundes med at effektiviteten og kostnadene på dei store havgåande båtane har gjort det umogleg for desse å skaffe seg fordeler på dei små sin kostnad, drive harddrift og til dels rovfiske.

I mange menneskje frå Nord-Noreg sitt medvit, står sunnmøringane som ein maktelite, for å bruke eit mildt uttrykk, ein elite som har profittert på ressursar frå den nordlegaste landsdelen, og brukt makt og knep for å skaffe seg fordeler. Sjølv sagt vil ein i slike høve generalisere og kjemme alt over ein kam, og sjølv sagt er ikkje kapitaleigarane i nord særleg betre enn dei sørfrå. Heller ikkje er det gale å ha tiltakslust og vilje til å stå på og satse. Sunnmøringen har i alle fall vore kjend for arbeidsihuge og iderikdom. Det kan hende det er sant, sjølv om det er

overdrive i dei pene festtaler, liksom grådigskapen er overdrive i vitsemakeriet. Sunnmøringen har alltid måtte slite for føda, karrig lende som han fekk frå Vår herre si hand.

Spørsmålet er likevel om dei som har sete med makt og posisjonar har brukt denne omsynslaut til å mjøle eiga kake, både når det gjeld konsesjonar, kvoter, regelverk og finansiering av båtar og verksemder, og brukt den så langt at det demokratiet som skulle råde, berre er blitt ein parodi. Og spørsmålet er kvifor politikarar frå fylket ikkje har gjort noko med det dei har fått kjennskap til, men i staden har slått seg til ro med tinga sin tilstand. Då tenkjer eg ikkje så mykje på dei som ukjende og urøynde har kome inn på Stortinget og kanskje berre har kome underver med eitt og anna i løpet av ein periode. Men dei som har sete der i ei årrekke, og har fått mengder av informasjon, og som har hatt leiande posisjonar innan sitt parti, dei burde ha informert sine partifeller og teke eit oppgjær med den kulturen som ser ut til å ha forverra seg frå dag til dag. Gjekk somme av dei på tynn is, for di dei har visst om saker og har vore innblanda i nokre av dei?

Kvar har Anders Tallerås og Kjell Magne Bondevik vore, og kvar har Rikard Olsvik sete, i dei periodar sei har representert fylket på Stortinget? I fleire av dei mest heite sakene, har i allefall både Bondevik og Tallerås som framstående tillitsfolk i sine respektive parti, fått mengdevis med informasjon og brev, av og til også bøneskriv med rop om hjelp. I ei bestemt sak, fekk også i tillegg til desse Arve Berg og Kjell Furnes, brev. Svara var så runde at dei gladeleg kunne trille som pannekaka i eventyret. Ein klapp på herda og ein spark i baken og ferdig med det.

#### SMEDVIKSAKA.

La oss t.d. sjå litt på Smedviksaka, ei sak som ikkje er knytt til fiskeri, men som gav gjenlyd over kysten, og der det ikkje berre lukta svidd, men brann til det berre var ruinane igjen. Dette var ei sak vi sjølvsagt ikkje skal gje oss ut for å ha innsides kjennskap til. Det var kanskje både ei usemje mellom eigarane og mykje anna utriveleg som låg i den. Men det har undra underskrevne og andre at det ikkje vart gjort noko meir for å berge denne verksemda og dei arbeidsplassane som låg her. Det var heile livsverket til Reidar Klungsøyr som vart rasert, og det på ein måte som historia nok vil kunne døme uhilda om, ein dag når ein ikkje lenger har så mange av aktørane i live. Men alt no må ein spørje seg om det låg planar utklekte av ein krins, bak det som i bygdepraten vert nemnt som eit kynisk slakt. Og fleire av dei aktive i denne saka, er kjende som aktørar i andre saker. Spørsmålet er om maktfolka som rid høgt på bylgjer av smartness og popularitet fortener å sitje der, på ruinane av andre si ulukke. Mange meiner at denne raseringa, eller ”slaktet”, var vel planlagt, og det vart sagt på folkemunne at kampen om supplybåtane var årsaka til den prosessen som enda som han gjorde. Det som vel er både sagt og skreve og prova, er at Smedvik vart slege konkurs i eitt av dei åra dei gjekk som best, der rekneskapa viste eit stort overskot, og ikkje det underskotet som vart framlagt både i diverse rekneskap og i revisjonsmeldinga. Dette overskotet vart stadfesta av statsautorisert revisor Vårdal.

Det som og er klart er at det heile tok fart då Reidar Klungsøyr gjekk av som styreformann. Svein Tømmerdal, vart innvald som styremedlem frå 30. april 1979. Reidar Klungsøyr hadde sagt opp stillinga si som disponent den 12. mars same året, og tre veker seinare sa han opp stillinga som styreformann i Smedvik. Han hadde så vidt vi veit alt då problem med helsa. Det vart no ommøblering i styret, som fram til 3. november 1979 hadde slik samansetning: Svein Tømmerdal, Edvard Gjerde, Knut J. Rafteseth, Reidar Klungsøyr, Erik Løfoll og Gunnar Rafteseth, dei to siste som representantar for dei tilsette.



Den 2. oktober 1979 skreiv revisor Solfrid Alme til formann i styret i Smedvik, Svein Tømmerdal: ”Jeg viser til uformell forespørsel om revisjon i Smedvik Mek. Verksted A/S og Eid verft: Jeg er litt betenkt til å ta på meg disse oppdrag, men har funnet å kunne si ja dersom følgende betingelser blir akseptert.” Her fylgjer punkt 9, der det mellom anna heiter i punkt 3: Direktør som ansettes må ikke være i noe avhengighetsforhold til aksjonærer eller deres familie.

Punkt 4: Reidar Klungsøyr må gå ut av styret og eller ikke ha noen bestemmende innflytelse i selskapene.

Punkt 5: Torstein Moltustøl må ikke arbeide ved den merkantile avdeling.

Vi kjenner også til brev, sendt frå dåverande banksjef Balsnes i Sunnmørsbanken til Svein Tømmerdal, der liknande krav var framsett.

I april vart den nye disponenten Bård Vikanes innvald i styret medan Knut J. Rafteset vart varamedlem. Den 3. november same året måtte både Reidar Klungsøyr og Edvard Gjerde gå ut av styret for Smedvikgruppa.

Det som har vore sagt, er at det tok til å gå rykte om at Smedvik hadde økonomiske problem, og at bankane dermed drog inn kredittane. Kvar kom desse rykta frå? For i og med rykta og bankane si haldning vart det sjølvsagt økonomiske problem om det aldri hadde vore det før. Kven var det som hadde farskapet til desse rykta? Er det vanleg at ein revisor stiller krav til samansetning av styret i ei verksemd, for å kunne revidere rekneskapa? Tømmerdal, som vart styreformann, sat sentralt i Sunnmørsbanken, der han vart sjef etter Balsnes, medan ordføraren i Herøy vel hadde makt og ansvar innanfor Kredittkassen og kanskje nokre trådar til Herøy og Leikong Sparebank. Utdrag frå rekneskap som Klungsøyr seinare fann att mange år etterpå, og etter at mykje hadde vorte borte, viser at både styreformann og revisor hadde svært god betaling for sitt arbeid.

Smedvikkonsernet omfatta: 1: Tandberg industriar, som Reidar Klungsøyr på ein skikkeleg måte saman med Johannes Bj. Eggesbø hadde overteke friviljug då denne var konkurs, og med ei stor gjeldsbør. For å berge aksjonærar og arbeidsplassar vart det oppretta ein avtale mellom nr 2: Verksemda Vestsink, eigd av Smedvik mek. verksted og Johannes Bjarne Eggesbø, om fast nedbetaling av gjelda til Tandberg. Dei siste sekshundre og nitti tusen vart det skreve gjeldsbrev på. Dei skulle vere rentefri og betalast i fire halvårlege ratar i 79 og 80. men etter konkursen i Smedvikgruppa, tapte aksjonærane likevel pengane, endå der var oppretta skriftleg avtale.

3: Eide verft på Nordfjordeid og 4: Ei verksemd i Ringebu, A/S Skibsutstyr, der Sverre Lima var disponent.

Det er deprimerande lesnad å gå gjennom ein del av dei skriva ein har fått i hende når det gjeld kva som hende ved Vestsink, Tandberg og Smedvik Mek. Verkssted. Det vil føre for langt å gå i detaljar her, men gjennom det som ser ut til å vere kameraderi og diverse lugubre metodar, vart Smedvik slege konkurs, reknskspapir vart borte, akkordavtalen fekk han først sjå fleire år seinare. Og det meste vart gjort medan han sjølv låg alvorleg sjuk medan han var rekonvalesent.

Verksemda var tappa for alle verdiar, oppkjøpt av andre, som om rotter hadde forsynt seg grådig av maten, medan husverten var borte.

Ved dette høvet vart både Kjell Magne Bondevik, Anders Tallerås og Kjell Furnes kontakta av Reidar Klungsøyr. Også ordføraren i Herøy, Charles Remø, vart kontakta av Reidar Klungsøyr og oversende alle dokument vedrørende saka.

Klungsøyr trudde vel han skulle få hjelp av ordføraren. Men det er uvisst korleis desse dokumenta vart brukte. Klungsøyr fekk dei langt om lenge att, utan at det hadde vore noko hjelp å få. Heller ikkje stortingsrepresentantane hadde hjelp å gje. Saka var så komplisert at dei ikkje såg seg syn med å gå inn i den. Men dei trøysta så godt dei kunne, ja det var svært til omsorg som vart uttrykt. Per Sævik der i mot, reagerte med å stille nokre krasse spørsmål til adm. dir. i Sunnmørsbanken, Svein Tømmerdal, om reknskapa og revisjonsmerkna. Han bad om møte saman med varaordføraren, Svein Gjelseth, frå Arbeidarpartiet. Vi har ikkje sett noko referat frå møtet. Der i mot har vi sett spørsmåla og gjengjev dei her, slik dei står i brev av 26. januar 1988 til Svein Tømmerdal frå Per Sævik:

”1. Hvorfor stille Klungsøyr helt utenfor når det gjaldt undertegning av akkordforslaget, som dannet grunnlaget for gjennomføringa av akkordene ved Søre Sunnmøre Sorenskriverembete?

2. Hvorfor står det i akkordforslagets siste side, side 15: I imidlertid har vi byggelån i Sunnmørsbanken til ferdiggjørelse av bnr 69 ved SMV og bnr 71 på Eid, når verftet hadde datofestede terminbetalningar? (Konfr. Klungsøyrs brev av 1 mai 1984 til Balsnes og Sandvik øverst på side 2.)

3. Hvorfor reduserer frk. Alme 1979-regneskapene med 22.980000,- for SMV ,og kr. 9.810000,- for EV. For konsernet til sammen kr.32.790000,- hvilket hun skriver om i revisjonsberetningene datert 12 mai 1980 stilet til generalforsamlingane for verftene, uten å presentere så vel rekneskapene for Klungsøyr for undertegning, og heller ikke få se revisjonsberetningene? (konfr. Klungsøyrs brev til Idar Ulstein av 10 febr.1986 på side 3.)

5. Hvorfor føre opp i rekneskapene netto finanskostnader med til sammen 11.383.627.40,- når disse i virkeligheten var max kr.3.326.069,29 ?. Konfr. Klungsøyrs brev til Idar Ulstein av 10 febr.1986 side 4.

Eg kan tenkje meg eit møte med dei impliserte partar for å diskutere saka.  
Med venleg helsing.....”

Møtet vart vel halde, men sidan den dagen vart det heilt stilt frå Per Sævik, og. Kvifor vart det musestilt? Hadde han også ein båt?

I brev frå Reidar Klungsøyr til Idar Ulstein datert 15. mai 1986, skriv han m.a: ”Det var ikke med liten forbauselse at jeg skulle få mitt aksjebrev i retur fra Dem, som jeg sendte Tømmerdal høsten 1979 for nedskrivning i forbindelse med, for meg, helt uforståelige akkorder på SMV og EV, som blev gjennomført sommeren og høsten 1979, og som blev ratifisert og dividenden blev utbetalt til kreditorene 16 nov,1979.

I Tømmerdal sitt brev til Dem av 2 mars 1981 sier han at aksjebrevene til Reidar Klungsøyr beror inntil videre hos meg. Han har såleis etter denne dato oversendt mine aksjebrev til dem og De har lagt dem i Deres depo. Dersom jeg ikke hadde gått så hardt inn for å få dem i retur som jeg gjorde, (konfr. Mitt brev til Tømmerdal av 13 nov. 1984, mitt brev til Tømmerdal av 28. febr. D.å., mitt brev til Dem av 10 febr. Og mitt brev til Dem av 17 mars d.å.) hva tid hadde jeg fått dem i retur?

De vitale regnskapsdeler, riskontroll-bladene for så vel kunder som leverandører for begge verftene som stod i kartoteket, og som jeg og min bokholderisjef Odd Lervik oppdaget var borte kvelden 6 nov 1984, som jeg bad ham om å få besørget på plass i gjen og deretter gi meg underretning om hva tid blir gjort, er ennå ikke kommet på plass i gjen.

I Deres brev av 8 f.m. sier De at jeg beskylder dem for at disse er borte. Det har jeg ikke gjort, men jeg har meddelt Dem at regnskapene er borte og dem kommer ikke bort av seg selv. Den som har foretatt denne ulovlige handling vet det i alle fall selv.”

Lenger ute i samme brev les vi: ”Før de overtok SMV. Fikk De ettergitt de langsiktige lånene med kr.10.500000,- som ble opptatt på SMV og EV høsten 1979. Opprinnelig var disse på til sammen kr.11.000000,00 og blev nedbetalt med kr. 500000,00.

Patentslippen som ble bygget ferdig i 1962 blev istykkerbrent og stjålet solgt til brom. Utløpet for slippen har blitt igjenfyldt med sten. Våre store varelager som låg på ca. 5mill. De siste årene er så å si borte. Flere verktøymaskiner (dreiebenker, fresemaskiner etc) er solgt bort til spottpriis og til brom. Alle tegnemaskiner på den store nye tegnesalen er borte. Jeg hadde aldri trodd jeg skulle gjennomgå så mye ufattelig ondt, både før og etter jeg sa opp som leder av Smedvikgruppen 12 mars 1979 og sluttet den 19 mars. Ca 3 uker senere sa jeg også opp som styrets formann, og Tømmerdal holdt sitt første styremøte 30 april. Da lå jeg på sykehuset p.g.a. hjerteonde. Det hele blev foretatt bak min rygg, og først i mai 1984 begynte jeg å avsløre hva som virkelig hadde foregått bak min rygg, og ikke bare blev jeg holdt uvitende om hva som blev foretatt i det skjulte. Mine ledere på den merkantile avdeling i SMV var ikke engang med på avslutninga av 1979-regnskapene, noe som dem har gitt skriftlig erklæring på. Først høsten 1980 kom De inn i bildet. Jeg visste ikke om at SMV skulle overføres til Dem før jeg fikk vite det fredag kvelden 28 nov. Da hadde det blitt kunngjort flere ganger over lokalradioen.

Jeg anser meg nu ferdig med avsløringa av det hele, og mitt inderligste ønske er nu å komme seg herfra. Det er så vel fysisk som psykisk nedbrytende å gå her lenger nu, å vite hva som blev gjort bak min rygg og av hvem, samtidig å ha utsikt til den bedriften som var min arbeidsplass i mange, mange år, og som jeg sammen med alle mine trufaste og dyktige arbeidere arbeidet opp til en god og trygg arbeidsplass for nærmere 500 ansatte med verdensry i småskibsbygging av høy standard.”

Med løyve frå Klungesøyr og Torvholm, gjengjev eg også eit brev til Kåre Torvholm, skrive den 10. september 1990.

”Kåre Torvholm  
6076 Moldtustranda.

Kjære Kåre.

Som jeg nevnte med deg i vår samtale i forrige uke i forbindelse med ovenfor nevnte sak, så var min store skuffelse at jeg ikke fikk den aller minste hjelp, der hvor jeg regnet med hjelp og som jeg trodde ville hjelpe meg, i forbindelse med at: sannhet og rett måtte komme i høysete igjen i landet vårt.

Etter at jeg våren og sommeren 1984 hadde avslørt hva som blev gjort mot meg og min avdøde søster Kaisa i 1979, i Smedvik-gruppens aller beste driftsår, var det helt innlysende at

jeg gjorde dette kjent både til de lokale myndigheter så vel som de centrale myndigheter, og regnet selvsagt med å få hjelp..

1. Når det gjaldt de lokale myndigheter, så henvendte jeg meg til Herøy kommune, att. Daværende ordfører Charles Remøy både muntlig og skriftlig til ingen nytte. Våren 1987 blev jeg kjent med at Remøy ikke ville stille til valg i det nye kommunestyre-valget til høsten. Jeg ville selvsagt ikke at alt materiellet jeg hadde sendt til kommunen skulle bli liggende igjen på Rådhuset. Derfor ringte jeg til Remøy en dag i mai 1987, og bad om en liten konferanse. Dette blev også en kort konferanse. Jeg bad kort og godt om å få tilbake alt materiellet jeg puttet i posen. Materiellet lå i de konvolutter som eg hadde sendt det i, riktig nok åpnet, og jeg tror det var 17 i tallet. I denne korte samtalen innrømmet Remøy at han hadde ikke lagt materiellet fram så vel for formannskapet som kommunestyre. Der i mot hadde han lest det selv. På mitt spørsmål hva syntes han selv om det han hadde lest, kan hans svar utestå i dette brevet.

For å gjøre saken kjent for de centrale myndigheter og håpe på deres bistand, henvendte jeg meg til de 4 for meg kjendte stortingsrepresentantene: Kjell Magne Bodevik, Kjell Furnes, Inger Koppernæs og Arve Berg. Disse også fikk en masse materiell angående saken. Heller ikke fra dem fikk jeg noen reaksjon. Den 25 juli skrev jeg ett brev til Bondevik og Furnes, og bad om å få materiellet i retur. Jeg fikk et fint brev både fra Furnes og Bondevik, datert henholdsvis 31 juli og 18 august 1987. Det var det hele.

Med vennlig hilsen...”

Kanskje er det på sin plass å sitere nokre linjer av svaret frå Kjell Furnes, og. Brevet er skreve på ark stempla Kristeleg Folkeparti si gruppe, og er såleis ikkje noko privatbrev.

”Så noen ord om din skuffelse over at du ikke fikk reaksjon eller hjelp på de brev og dokumenter som m.a. blev oversendt til meg. Jeg las alle dokumentene med interesse. Jeg tenkte også i flere dager på om jeg kunne medvirke til noe positivt i saken. Jeg hadde også kontakt med Arve Berg og Inger Koppernæs om hva de synes om situasjonen og eventuelt om vi kunne gjøre noe for Reidar Klungsøyr. Begge to fant det svært vanskelig å gripe inn i en så innfløkt og vanskelig sak.

Personlig kom jeg også til samme resultat. Jeg tror du forstår meg når jeg sier at dersom vi som stortingsrepresentanter aktivt skulle gå ut og engasjere oss i de mange kompliserte og kontroversielle saker vi blir informert om her på Stortinget, ville det sprengte alle arbeidsrammer her på Stortinget. I tillegg så jeg Smedviksaken som veldig komplisert både teknisk, økonomisk og juridisk. Det var i tilfelle veldig lett å gjøre feil og dermed påføre mennesker urett, dersom dette kom skjævt ut. Jeg er mer og mer kommet til at stortingsrepresentanter i slike saker må opptre som døråpnere og kontaktpersoner for å hjelpe til med å koble de rette personer og på den måten løse sakene. Jeg viser her til at jeg sammen med Aslaug Fredriksen var med å arrangere et møte for dem i handelsdepartementet.”

Det vart i tillegg til alt anna reist straffesak mot Reidar Klungsøyr og Sverre Lima. Om dette skreiv ”Fiskeribladet” 26.07.89: ”Forklaringa på at det i 1979 framkom et fatalt underskudd i stedet for et overskudd, var i følge revisjonsberetningene at regnskapene fra tidligere år hadde vist et for godt resultat. Etter akkord og konkursaffæren ble det reist straffesak mot disponent Reidar Klungsøyr og driftsleder Sverre Lima. I juni i år har riksadvokaten trukket tiltalebeslutningen, og Klungsøyr uttalte da at han nå vil kreve full oppreisning, blandt annet ved at han får sin tidligere stilling tilbake. Klungsøyr framholder at det ble foretatt ting bak

hans rygg mens han var syk. Blandt annet ble han som styremedlem ikke forelagt akkordforslaget. Det fikk han først se fem år senere.

Klungøy kjende seg reinvaska, det går fram av eit takkeskriv han sende til Riksadvokaten. Men fraglene hadde vunne prinsessa og heile kongeriket. Og snipp snapp snute, der lever dei lukkeleg på sine pidestallar, og har vel fortrent det meste. Samvitet lesser kanskje ikkje så mykje i slike krinsar? Eller kanskje det er som Reidar Klungøy skal ha sagt ein gong. ”Samvit. Jau.- Det er ingen som har så mykje samvit som desse. For dei har ikkje brukt det støv....”

## SKIVEBOM(TRÅL)SAKA.

Vi skal så vidt også nemne ei sak som verdens gang våren 1993 offentleggjorde i ein serie om fiskefuske i Noreg og kalla ”Søkelys på fiskeri-Norge.” Det er saka om bomtrålkonsesjonane, ei skandalesak som slett ikkje er avslutta. I den saka står Birger Larsen, tidlegare statssekretær under Eivind Bolle, arbeidartimenn og fiskerisjef for Skagerakkysten, sentralt. Han er ein mektig mann som nyleg av fiskeridepartementet er ”anbefalt” å få forlenga si periode som fiskeriråd ved ambassaden i Washington, medan etterforskning på hans høgst sagt merkjelege gjerningar i bomtrålsaka vert granska. (om dei då vert det.)

Verdens gang fortel ei ”røvarhistorie” om ein nederlandsk flatbrødarbeidar, busett i Hedmark, som på underleg vis fekk konsesjon på prøvofiske med bomtrål etter flyndrefiske i norske farvatn, i konkurranse med folk i Fiskeri Norge som hadde tretti års røynsle. Og om korleis arbeidartimann og tidlegare stortingsrepresentant Oddvar Majala også fekk konsesjon, med søknad, utfylt av Birger Larsens medarbeidarar på Sørlandet, endå han sokna under fiskerisjefen i Finnmark. Avisa fortel om Larsen som engasjerte seg i konsesjonssakene for desse to, Roukema og Majala, og berga skipsverftet Maaskant Ship-yards i Nederland frå økonomisk fall, verftet der Rokemas far var ein av toppsjefane.

Dette vart gjort med utruleg mange krumspring. Det viktigaste var at då den nederlandske banken ikkje ville skaffe verftet dei pengane dei måtte ha for å byggje desse trålarane, utan at dei vart garantert at desse to fekk konsesjonane utover dei to åra prøveperioden, skreiv Birger Larsen brev til banken og forsikra om at dei ikkje kom til å misse konsesjonane. Banken betalte då ut pengane til verftet i Nederland, og båtane vart bygde der. Nokre dagar før dette brevet vart skreve, var Birger Larsen invitert på gratistur til Polen av det same skipsverftet.

Det er også, gjennom brev og skrevne lappar, tydeleg at her har gått føre seg eit spel bak kulissane. Jan Markussen, som også søkte konsesjon, fekk gode råd frå Birger Larsen om å gløyme det verftet han hadde kontakt med, og halde seg til Maaskant ship-yards. Markussen fekk ikkje konsesjon, og Larsens medarbeidarar på Sørlandet skal ha uttala at Birger Larsen på eit tidleg tidspunkt hadde bestemt seg for at Markussen ikkje skulle få konsesjonen. Og det er elles underleg at den same dagen Birger Larsen fekk seg oversendt frå Fiskeridirektoratet, frå Torben Foss, brev frå ein konsulent i Fiskeridirektoratet i Nederland, om at det var rikeleg med brukte bomtrålarar å få i Nederland, skriv han sjølv i brev til direktorat og departement at ”etter de informasjonar vi har, er det ikkje lenger mulig å få kjøpt egnede, brukte nederlandske bomtrålfartøyer.” Og vidare i brevet skreiv han at han vil ”i denne sammenheng anse det av stor betydning at Wopke Roukema blir en av dem som gis tillatelse.”

Avisa fortel også korleis Larsen overtalte Markussen til å gå frå tanken på nybygg og satse på nytt, og korleis han avslørte alt den 2. mars at Roukema hadde inngått avtale med Maaskant

om bygging av bomtrålfarty. Den 2. april vart så søknad om konsesjon innlagt, der nybygg var føresetnaden. Men VG påstår dei har dokumentasjon på at søknaden er datert den 21. april. No veit vi ikkje i skrivande stund, om det var berre gratisturane, for det var to, som utløyste den svære aktiviteten for å berge Maaskant, eller om andre "gjenytingar" stod på kartet, men det er underleg å lese at Birger Larsen og hans medarbeidarar hadde kopiert ein privatvideo om bomtrålfiske for seinare fiskeriminister Svein Munkejord, fiskerisjef i Rogaland, og forlangar gjenytingar som dei vil kome tilbake til når det gjeld form og storleik, på eit seinare tidspunkt. Her er det ikkje snakk om lov og rett, men om handel og vandel, for ikkje å seie, svindel.

Larsen arbeidde altså i lang tid for å skaffe desse to venene sine konsesjonar, og verftet i Nederland pengar til bygging av bomtrålarane. Og det vert spekulert på kven i Fiskeridepartementet som var involvert i saka, og hadde makt nok til å gje garantien i form av konsesjon, som Larsen arbeidde for. Eller om Larsen tok seg til rette på eiga hand.

"verdens Gang" fylgde 21.11.93 opp saka, og etterlyste den granskinga som Fiskeriminister Jan Henry T. Olsen lova med brask og bram, eit halvt år før, men som ser ut til å ha gått seg bort i korridorane i departementet.

Men saka er temmeleg heit. For konsesjonane er dregne attende frå nyår 1994. Det var eit fiaskoprojekt. Og Jan Markussen melde Larsen for sakshandsaminga og svik i tenesta. Medan banken i Nederland kan kome til å krevje store summar av den norske stat, dersom konsesjonane ikkje vert forlenga.

Men Birger Larsen sit i ei prestisjestilling i Washington, og har fått "anbefaling" om forlenga periode, endå han er under gransking. Og det forstår vi godt. Birger Larsen er ein mektig mann, for di han veit mykje, og har vore med på så mangt. Kven torer å røre ved han, dersom han har rive med seg andre i fallet?

Birger Larsen er interessant i fleire samanhengar, t.d. når det gjeld saka om den differensierte produktavgifta, for di han sat som statssekretær under Fiskeriminister Eivind Bolle frå 16.10.73 til den 13.01.78. Han visste såleis om denne saka, og Birger Larsen måtte ha vore fadder for å rekne ut pensjonsgjevande inntekt for fiskarane. Før det var han kontorsjef i Norges Fiskarlag, og forflytte seg der i frå til Fiskeridepartementet akkurat på den tida Hombutvalet vart nedsett, og nett i den tida minusmilliarden dukka opp i rekneskapa som tilskot til fiskarane sine sosiale ordningar. I 1974 vart denne milliarden borte frå dei opne dokumenta og stod oppatt som fugl Fønix som ein minuspost på inntektsida i Rikstrygdeverket sine rekneskap under produktavgifta.

Utan dette "underskotet" i rekneskapane, ville departementet ikkje hatt argument for karensdagane. Så alt har sin samheng. Det var også Birger Larsen som, så vidt vi veit, rykte ut og forsvarte Jan Skjervø, då det vart påstått at han hadde "sortert" dokumentet i einmannsutvalet Smukkestad skulle granske i sjukelønssaka.

Men bomtrålsaka kom seinare. Og kanskje burde statssekretær Birger Larsen gjort som kollega Per Alf Andersen, gått over i privatbusiness og handla russetorsk til dumpingprisar, i staden for å lage konkursprosjekt etter flyndrefisk.

Var eg Fiskeriminister, ville eg kanskje sytt for at Birger Larsen vart halden i ærefullt eksil for resten av si tid.

Etter alle disse sogene, kan det kanskje høve å sjå litt på sjølve systemet, eller fragleverda som vi har kalla det. Vi tek først med eit par utdrag, slik det er skildra i ein artikkel, ført i pennen av Gudmund Vevang, under titelen "Vår tids fiskerikrim", trykt i Klassekampen 19. februar 1991.

"Fiskeressursene som nordmenn beskatter, tilveiebringer 7-10 milliarder kroner årlig, sånn grovt regnet. I tillegg kommer fiskeolje etc og oppdrett. Tenk om du og eg og noen vi trygt kunne samarbeide med, fikk hånd om disse ressursene, retten til å beskatte dem og verdien av alt dette.. Ville ikke dette gi deg og meg og våre venner og arvingene litt å leve av i fremtiden? Slår du følge og står last og brast, da er din fremtid trygget. Men nåde deg om du svikter - eller røper oss - hva vi gjør eller hvordan vi gjør det. Da skal vi vite å bruke metoder og midler til å ta "rotta på deg" - i så fall. Du har godtatt betingelsene? Godt, da starter vi jobben, og husk: vi får ikke belønningen i morgen. Det er langsiktig investering som gjør susen.

Vi tenger kontroll over: Fiskernes fagorganisasjon, salgslagene, forvaltning/politikerne, ressurser og andre konkurrenter til disse, banker og finansiering, medarbeidere i media..... Hvordan går vi frem? Jeg skal ikke repetere hele fremgangsmåten, men bare kort beskrive taktikken med noen eksempler, og fortelle hva du skal gjøre. Har du noen du tror på, kan du selvsagt rekruttere. Men vi må hele tiden ha full kontroll og ikke miste oversikten. Delta aktivt i flest mulig av fiskernes organisasjoner, benytt argumentene du etter hvert lærer. Vis deg trygg og dynamisk, og uttrykk sterk vilje til å ivareta interessene til alle fiskere. Ta i mot valg når du blir foreslått, og sørg for å foreslå våre til verv når vi kan ha nytte av det. Påvirk politikerne, støtt dem eller de vi er blitt enige om, uansett om de hører hjemme i ditt parti eller ikke. Gjenta argumentene vi er blitt enige om. Skjer det noe som kan true vår posisjon, så aksjoner og varsle oss andre. Hold kontakt med meg så ofte som mulig. Plei kontakt med "dine" mediafolk.. Hva med en eller annen påskjønnelse for godt utført arbeid, om ikke annet en god middag el.lign. Dette fører du bare på fellesutgiftene, og er du blitt formann, så dekker laget regningen. Du skjønner mønsteret?..... Hvorfor er du nå blitt redd av deg? At noen utenforstående har gjennomskuet taktikken vår? Ikke bli så urolig da. Med god hjelp fra våre venner i politikk, i forvaltning, i organisasjonene og i mediene, skal vi nok "kneppe igjen kjeften" på krypene.... Nei stå på kar, vi er snart ved målet. Målet er maksimalt 5000 fiskere.. Det er snart innen rekkevidde. Det er litt over 7000 igjen nå. Nei, vi regner ikke med de som står på blad A. De skal vi jo regulere bort. Leser du ikkje avisene, mann, at det ene lokallag etter det andre, krever at de på blad A må finne seg i å få halvert kvota. Det de ikke forstår er at når de svakeste hele tiden blir skviset ut, så ender de sjølv som de svakeste, før eller siden..... Det går flott så lenge fiskerorganisasjonene sover, og hvem skal vekke dem, - det er jo dine og mine utvalgte karer som styrer der.

Med hilsen din gode venn King Fish."

Dette er berre korte utdrag, men kanskje verd å tenkje over?

KVAR ENDAR VI TIL SLUTT?

Din tanke er fri, står det i ein song. I Noreg har vi hatt ein stor porsjon, tenke, tale og ytringsfridom. Det er viktig at vi i alle ledd av samfunnet verner om ein slik fridom. Det er også særst viktig at denne fridomen ikkje vert missbrukt til å skaffe seg personlege fordelar som går ut over andre.

Det må vere full rett for alle å arbeide for det dei meiner er rett, og det er ikkje, og må ikkje vere forbode å vere korkje ”venstrevriden” eller ”høgreviden”, så lengje ein fylgjer demokratiske spelereglar. Det er vel ikkje til å unngå at nokon av og til ”snakkar saman”, og legg opp strategiar for å få sine meiningar realiserte gjennom vedtak.

Det som er fårleg, er når metodane tek til å liggje på grensa mellom det ein kallar korrupsjon, eller tenesteforsøming.

Dei som sit i framstående posisjonar, i organisasjonar og embetsverk, som tillitsvalde eller tilsette, har både eit særleg ansvar, og dei har eit særleg godt høve til å skaffe fram opplysningar som støttar deira syn på ei sak. Og dei har tilsvarande godt høve til å skjule dei opplysningar og argument som kan tale i motsett retning.

Det kan vere freistande for nokon kvar å nytte seg av einseitig informasjon, når ein brenn for ei sak, og vi har kanskje ei reim av den huda, dei fleste av oss.

Men den vanlege mann og kvinne har ikkje mykje høve til å skjule opplysningar eller å skaffe seg nettverk som kan hente fram den allsidige informasjonen dei treng for å ivareta sine interesser. Og om dei prøver seg på noko fanteri, som t.d. å skaffe seg ei ekstra sjukemelding, når dei strengt teke kunne ha hangla seg gjennom ein arbeidsdag, eller hjelpe grannen for ei lita godgjerdsløse som kan haldast unna skattesetelen, er det berre blåbær i den store samanhengen.

Men endå veit vi at rein trygdehets og argusauga til skattevesenet ofte slær ned på slikt, og at det er ”feller” på alle kantar, som dei skuldige kan gå seg faste i. Og ein skral økonomi, slik mange trygda har det, toler ikkje store smellet før det vert katastrofe.

Når det gjeld dei store fiskane, dei som verkeleg rår over kapital, og som har makt til å påverke mest i dei lover som vert laga, har desse alltid greidd å skaffe seg fordelar. Dei har all verdens høve til å finne smothol i skattelovene, og lage regelverk som hjelper dei til å auke sitt gods.

Og folk flest har ikkje innsyn eller oversikt. Dei fleste forstår ikkje ein gong kva som går føre seg, korkje når det gjeld aksjespekulasjon eller store forretningsføretak.

Det er når det er slik, utglidinga så lett kan kome.

For når dei som sit med makta, vil styre i ei viss lei, og helst vil halde det hemmeleg, for ikkje å få reaksjonar frå folkemassen, kan dei som vi sa, styre den informasjonen som skal kome ut. Det kan då hende dei har brukbare hensikter og, for det dei gjer, og rekner med at hensikten helligar middelet....

Går dei eit steg lenger, er det mogleg å skaffe seg dei kontakter dei treng om innan media. I dag er om lag heile pressa, d.v.s. dei store avisene, eigde av mektige forretningskonsern, utanom dei som er reine partiaviser og berre fremjar interessene til det partiet dei tilhøyrer. Ja sjølv på lokalt plan, er avisene avhengige av at forretnings og næringslivet brukar annonsepengar og sponsar dei. Dette gjev desse interessene så stor makt til å dirigere kva og kven som skal arbeide i aviser, og kor mykje dei skal ha lov til å meine på bladsidene, at det ligg snublande nær å drive meiningsdiktatur. Tilsynelatande er ikkje dette noko problem. Dei fleste lesarinnlegg kjem på trykk, i alle fall etter ei tid. Det ville elles verke for påfallande. Ser ein derimot på korleis ei avis vert redigert, merkar ein fort at det sjeldant vert brukt kritisk journalistikk som går dei mektige i mot. I så fall er det ofte einskildpersonar som vert uthengde, og helst når dei har blamert seg så mykje at dei er blitt ei bør for organisasjonen eller partiet.



Informasjon, både i valkampar og elles får lett slagside.

Går vi til radio og TV, er det endå meir synleg. Dei styrande og regjerande partia får alltid kome til orde, og oftest med ei positiv vinkling. Dei som skal "slaktast" får gjerne inkvisitoriske spørsmål, eller dei vert køyrde i senk, og framstår som stressa og nervøse. Og i eit tredjegrads forhøyr, slik mange utspørjingar minner om, er det vel nettopp taktikken å øydeleggje sjølvtiliten, trøytt ut offeret og bryte det ned, til dess det kan tilstå kva det skal vere.

Dette kan også verte brukt mot opposisjonelle i organisasjonar, i kommunestyre, i institusjonar.

Det er ikkje sikkert alle reporterar og journalistar veit kva dei gjer i slike høve. Det er like gjerne jaktinstinkt som tek overhand. Men flinke born får ros av læraren, og det er også noko som heiter nyttige idiotar.

Det finst så mange hersketeknikkar. I kvinnekampen har dette vorte omtala og demonstrert ofte, for å vise kvinner kva slags makt som vert brukt for å gjere folk usynlege og ubetydelege, så dei kan oversjåast og overhøyrast. Men det er ikkje berre kvinner som vert undertrykte på den måten. Det er dei små mellom oss av alle sortar. Dei som går på tvers av det godteknne, og som vågar å stikke hovudet opp over mengda og seie si mening, eller desse som trur dei har rettar som likeverdige borgarar i eit samfunn, men som ikkje har forstått at "stægan", stigen til Prøysen, gjeld i samfunnet i dag og. Det er den stigen, der makt og pengar og status og innverknad, tel mykje meir enn kunnskap og evner og menneskjeverd.

Tenkjer ein seg så at desse hersketeknikkane får utvikle seg vidare, til at det ikkje er nok å snakke saman, og å søkje kontaktar, men at det også kan gjevast løn til dei som vil vere lojale mot makthavarane, er vi eit langt steg på veg mot det korruperte samfunn. For då kan det løne seg å vere medlemmer i ein organisasjon eller eit parti. Då kan du verte hjelpt til posisjonar, du kan få løna i betaling under bordet, eller det kan fiksast billege lån eller gjeldsavskrivning. Du kan få ei god stilling som betaling for din innsats, ein konkurs kan verte avverga. Ja, det er sjølv sagt ikkje anna enn fantasien som kan setje grenser for dei muligheter som finst. Vi kjenner alle til korleis pengefolk greidde å få ungane sine fremst på kyrkjegolv, og greidde å få dei konfirmerte, trass i at dei ikkje fyllte krava som kyrkja sette, den gongen evna til å pugge var den viktigaste for å kome inn i himmelen, og dette var kyrkjepolitikken. Litt pengar eller ein kjøtskrott til presten, så var bibelkunnskapen ikkje så viktig, lenger. Slik sett er korrupsjonen og avlatet velkjend, og det i dei krinsane som frommast skulle vere.

Men opposisjonen er ikkje alltid så lett å få til å tagne. Difor må det sjølv sagt brukast ris og ikkje berre gulerøter. Og dessverre er vi ikkje lenger komne enn at dei nettverka vi har omtala i dette skriftet har utvikla seg og fungert, der ein "tek" einskildpersonar, gjennom økonomiske straffetiltak, svertingskampanjer og låttegjerung. Det som då er endå verre, er at dette nettverket kan forsterke seg, så vi berre får eit skinndemokrati. Og dess hardare eit konkurransesamfunn vert, dess lettare er det å gripe til metodar for å danke ut konkurrentane, som kanskje ikkje toler dagsens lys, alltid.

Det er greitt at vanlege menneskje har klagerett og ankerett. På mange område ser det så fint og demokratisk ut at dei som ser det på overflata, må meine at vi har eit idealsamfunn. Og vi trur mykje av dette samfunnet er oppbygd i den beste mening, og har fungert til beste for folk, så langt det har rokke.

Men få slike klageinstansar er heilt uavhengige, når det kjem til stykket. Helsedirektoratet som Forbrukarrådet, Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen, Fiskerisjefar, Rikstrygdeverk og kva det er, -dei er avhengige av løyvingar frå Statskassa, og dei er underlagde departementa.

Dei er ofte meir sandpåstrøingsorgan, enn dei er frittstående organisasjonar. I det siste har vi sett ein tendens til å skjerpe inn lojaliteten. Trygdefolk skal ikkje gå ut med kritikk av systemet, eller tale mot sin eigen statsråd. Dette fekk ein omhyggjeleg understreka på det siste landsmøtet til Trygdekontorenes Landsforening av sjefen, Eva Birkeland. Riksrevisoren vil ha meir hemmelegstempling, Mørk Eidem foreslo dette no nyleg. Fiskeridepartementet vil setje munnkorg på fiskerisjefane. Fiskerisjefen i Troms og Fiskerisjefen i Rogaland reagerte kraftig på dette utspelet. Forbrukarrådet torer omtrent ikkje opponere, sjølv om forsikringsselskapet snyter folk på forsikringspengar både på orkansnader og anna, for di løyvingane kan gå drastisk ned. Og det vert fleire og fleire ”syksjenborn på Gjøvik”, som skal inn i departement og i leiande stillingar i politiske og andre verv.

Familiodynamstiet i regjeringa har vore omtala. Men det er også slik at dei store partia og i sær Arbeidarpartiet, har plassert sine folk over alt, og at det er eit samanfiltra nett av trufaste medlemmer med partibøker av eldre eller yngre årgang, i Fiskarlaget, i Samvirke Forsikring, og i alt som finst av viktige embete. Det er ein fåre for at demokratiet smuldrar bort mellom hendene på oss, dersom ein kan kjøpe seg makt og trygt utkome, ved å selje sjel og kropp. Motstykket er openhet på alle område, innsynsrett og lover som sikrar rettstryggleiken. Men då må heller ikkje økonomien og lovene forhindre folk frå å få prøvd sine saker. I dag er tersklane for å få fri rettshjelp så høge at det ikkje er nokon utveg. Og vi skulle ynskje at ankeretten og klageretten var så reell, og lovene slik laga, at det ikkje var rettsvesenet og advokatane som alltid skal tene på småfolks ulukke. For juristar og advokatar har også sine interesser og sine kontakter. Ikkje minst er dei avhengige av å verte brukte av næringslivet og dei store kapitaleigarane. For det er dei som kan betale dei store honorar og salær.

I dei seinare år har det vorte meir og meir lagt vekt på folks såkalla personlege ansvar. Dette er høgkreftene sitt trumfkort, når det gjeld å ta kverken på velferdsordningar av fleire slag, og når det gjeld den langsiktige utviklinga. Når det vert stramma inn på rettane til vanlege folk, når det skrantar i helsevesenet, i rettstryggleiken for den jamne mann og kvinne, er det om å gjere å leggje ansvaret over på den einskilde. Filosofien er at ein kvar skal vere sin eigen lukkesmed. Kven har ikkje høyrte den vakre floskelen, om at no må folk ta meir ansvar for sin eigen situasjon? Og kven har ikkje høyrte det eldgamle evangeliet om å ta ansvar for kvarandre, og ikkje lite på at det offentlege skal løyse problema? Og det har titt vorte hevda at familien må ta til å vise meir omsorg for sine næraste, når det ikkje finst nok sjukeheimsplassar eller nok heimhjelp og heimesjukepleie.

Og saktens har vi fått rundskriv og pressemeldingar nok, som oppfordrar til auka innsats på det friviljuge område. Vi har fått friviljugsentralar og mange slags team som skal syte for at så mange som råd gjer gratisarbeid, for å spare vår hardt pressa offentlege budsjett. Tendensen har gått i retning av større privatisering på alle frontar, i takt med høgredreinga i norsk politikk.

No er det så vidt eg veit, ingen som meiner at folk ikkje skal ta ansvar for kvarandre, og for seg sjølv, så langt dei maktar. Og no som før er det familiemedlemmer som gjer den største innsatsen for sine næraste. Og det friviljuge arbeidet som både privatpersonar og organisasjonar gjer, er av stor nytte, ja sjølv sagt uunnverleg. Det er når oppgåvene vert så tyngjande at dei går ut over det folk kan makte, og når det ikkje finst folk som kan eller vil ta på seg omsorga for dei som treng hjelp, det ikkje må verte slik at nokon lid overlast. Og denne satsinga på det private, må ikkje brukast til orsaking for at ein ikkje ser seg råd til å ha eit offentleg system som sikrar folk eit leveleg utkome, rettstryggleik og vern mot overgrep.

Så mange grenser er sprengde i denne privatiseringsprosessen. Ikkje minst har personvernet vorte svekt på fleire område. Det har både sin styrkje og sine veikskapar.

Og vi har oppheva mange uskrevne og skrevne reglar når det gjeld å stille dei skuldige til ansvar, når det gjeld å "ta" dei som måtte ha forsett seg eller gjort noko som enda med fadese, anten det gjeld bankar, forsikringsselskap eller for den saks skuld politiske parti.

Media er ikkje lenger nådige mot einskildmenneskje. Ikkje når dei vert gjort til sydebukkar for noko som kanskje systemet er skuld i, og ikkje når dei vert tekne for å ha brote lova. Går det dårleg med eit parti, ropar dei på den skuldige, og halshøgg så gjerne leiaren på flygande flekken.

Og det vert verkeleg statuert dømme i den norske rettsstaten,- ein Treholt som vart dømd for spionasje til skrekk og åtvaring, medan hans brotsverk vart gjort til noko så skræmmande og så vederstyggelig at det måtte haldast hemmeleg. Og det sjølv sagt på trass av at det nok har vore drive spionasje andre vegen, kanskje i større målestokk. Men den vegen er det sjølv sagt heroisk og rett. Difor har ingen laga rabalder for at vi har hatt etterretning og overvaking. Vi forsvarar ikkje spionasje, langt i frå. Men vi fekk liksom aldri heilt tak på omfanget av det som skaffa Arne Treholt så mange år innanfor murane. Og vi er framleis ikkje heilt overtydde om at det berre var han som var syndaren. Og vi undrar framleis på om det ikkje var noko slags planlegging med i spelet, for å finne eit sonoffer. Det finst fragler.

På Sunnmøre hadde vi Rødsetsaka, der ein dømde den unge guten frå Herøy til straff, for å ha misshandla eit lite barn, hans eige, til døde. Alle som såg dette barnet, meinte at det var eit sjukt barn.

Uviljen hos dei styrande til å ta oppatt denne saka, alt som hende både før og etter det triste dødsfallet, tyder på at rettsvesen og helsevesen har spelt på lag, og har gått i vranglås av prestisjehensyn eller av andre grunnar. Det var just i dei åra ein tok til å fokusere så svært på barnemisshandling. Og i slike tilfelle gløymer ein lett at all tvil skal kome tiltalte til gode. Skulle det no vise seg, at fleire av borna til Rødsetfamilien har blødartendensar, vil vel dei allvitande finne ei forklaring då, og. For det er nokon som vernar nokon, her i vårt menneskjevenlege og demokratiske samfunn. Av og til kan det sjå ut som ein vel seg ut eit offer som ein fører til slaktebenken, for å skape den fornødne ro og tru på at vi ikkje toler overgrep mot små og veike.

Vi hadde ei UNI/ Storebrand sak. Der og var det einskildpersonar som kom i fokus, og vart gjorde ansvaleg for ulovlege transaksjonar. Vi har ein Kraby og ein Langangen og mange fleire, dømde og udømde, for framferd vi ikkje skal godta.

Ja så menn har vi statsrådar som greidde å få sin dom for noko småtteri dei måtte ha gjort, drosjerekningar og litt frimerke, og for brotsverk som ektemaken var skuld i.

Inge skal meine at den norske staten og lova sin lange arm tek lett og med silkehanskar på den dei får fingrane i.

Men så alt for ofte har ein den kjensla at det er dei små som vert tekne, medan bakfolka går klar. Og eit sonoffer her og der, roar nok folk, eller opprører ei tid, til det kjem nye saker på dagsorden. Men det systemet som gjer at dette nettverket vi har omtala, kan vekse og tvinne sterkare og sterkare trådar, der det er ein sterk maktkonsentrasjon av folk som kjenner kvarandre og tuktar dei dei vil tukte, vert lite omdiskutert. Dei som får mest makt, kan ikkje takast. For dei veit etterkvart så mykje, og det ville kome så mykje for ein dag, at mange av

dei som sit omkring i systemet ville falle som overmoden frukt, og systemet ville rakne fullstendig.

Nyleg gjekk advokat Fleicher ut og omtala inhabilitet når det gjaldt folk som samtidig med at dei hadde store jordeigedomar og gardsbruk, sit i nemnder og embete som skal avgjere kva lover og stønadsordningar som skal gjelde i landbruk. Men det vert ikkje så mykje omtala korleis nettverket har vore innanfor fiskeri, og i samanhengane mellom fiskeri, bankvesen og industri. Berre det at det kan sitje folk i utallige verv, der dei har løner og posisjonar, som gjer dei til halvgudar innanfor mykje av det som har med fordeling av kvotar, av midlar, av konsesjonar og oppbygging av regelverk og lover som bestemmer strukturen og utviklinga av politikken å gjere, burde få klokker til å ringje for folk.

Professor dr.jurist Carl August Fleischer har lenge vore oppteken av korrupsjon i samfunnet, og han har retta sterke angrep mot norsk unnlatingssynd når det gjeld slikt. Han seier at vi har historiske tradisjonar med å finne oss i at "øvrigheta" tek seg til rette. Han skreiv også ein artikkel i Farmand i 1972, der han gjekk sterkt i rette medisin eigen stand. Artikkelen hadde titelen: "Rettsapparatet-korrupsjonens beskytter." Regelen er, seier Fleischer, at den som kjem med skuldingane, må prove dei. Så lenge den som kjem med skuldingane, ikkje har prov, "kan både bestikkere og bestukkede le seg i kjel." Dette sa Fleischer for ca 20 år sidan.

Dette ikkje berre gjeld i dag. Det er verre enn som så, - For om det finst prov og dokumentasjon i haugevis, nyttar det ikkje dersom du ikkje har dei rette folk på di side, er svært godt situert og/eller har ein posisjon i samfunnet som gjer at du kan verte fårleg for dei mektige.

Skandalesaka med bomtrålarane er eit døme på kor vanskeleg det er å få gransking og opprydjing i slike saker, når dei som er involverte er folk som har hatt så mange trådar i si hand, at nettet kunne rakne, om dei kom i klemme. Og når dei kanskje dreg med seg både statsrådar og statssekretærar og mange andre.

Folk har ein tendens til å tru at det er somme som skal styre med alt, for dei har "best greie" på det. Det burde vere klare avgrensingar, og reglar for kor mange verv eit menneskje skulle kunne ha på ein gong, og kva slags verv som ikkje burde kome på den andre handa. Men det viktigaste er eit medvite folk, som ikkje finn seg i at det vert skapt eit maktapparat som styrer ved hjelp av underjordiske leidningsnett. For med open kritikk og med solidaritet mellom dei jamne menneskje vil nettverka vise seg å vere det dei er, makkverk, som ikkje toler lyset. Det ligg ei æveleg sanning i eventyra om trolla som sprakk når sola skein på dei.

Men no er tida overmogen for ei storsatsing på opprydjing i søppelfyllinga.

Kystfolket må stå saman, for å verne sine rettar, og for å berge det som er att av heiderleg og real åtferd, i eit samfunnssystem som vert meir og meir uoversikteleg, meir og meir hardt og nådelaut mot dei som minst har krefter til å vere "sin eigen lukkesmed." men dei som trur dei er så trygge at ulukka berre rammar andre, og som lever etter regelen: "Vil du i verden frem, min sønn, så bukk!" skal få med ei helsing på vegen, frå den kjende nazimotstandaren, pastor Niemøller. Les det og sov godt!

Først kom de for å ta jødene,  
og jeg forsvarte dem ikke,  
for jeg var ikke jøde.

Så kom de for å ta kommunistene,  
og jeg forsvarte dem ikke,  
for jeg var ikke kommunist.

Så kom de for å ta fagforeningsmedlemmene,  
og jeg forsvarte dem ikke,  
for jeg var ikke fagforeningsmedlem.

Så kom de for å ta meg,  
og det var ingen igjen  
til å forsvare meg.